

Karen J Skaale Havnen

Mellom psykisk helse og barnevern

Ein studie av psykiske vanskar hos barn plasserte
utanfor heimen; førekomst, variasjon og utvikling

Avhandling for graden philosophiae doctor

Trondheim, mai 2013

Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet
Fakultet for samfunnsvitenskap og teknologiledelse
Institutt for sosialt arbeid og helsevitenskap



NTNU

Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet

Doktoravhandling for graden philosophiae doctor

Fakultet for samfunnsvitenskap og teknologiledelse
Institutt for sosialt arbeid og helsevitenskap

© Karen J Skaale Havnen

ISBN 978-82-471-4384-1 (trykt utg.)
ISBN 978-82-471-4385-8 (elektr. utg.)
ISSN 1503-8181

Doktoravhandlingar ved NTNU, 2013:140

Trykket av NTNU-trykk

Forord

Utgangspunktet for denne avhandlinga går heilt tilbake til slutten av 1990-talet, då eg som forskar ved tidlegare Barnevernets utviklingsenter på Vestlandet (BUS-V) var med i oppstartinga av eit nasjonalt, longitudinelt prosjekt om norske barn plasserte utanfor heimen av barnevernet. Eg hadde ikkje den gang planar om å gjennomføra noko doktorgradsarbeid, men etter kvart som arbeidet med forskingsprosjektet skreid fram, vaks det fram eit sterkt ønske om at kunnskapen frå prosjektet måtte behandlast og formidlast på ein måte som kunne setja plasserte barns psykiske helse og utvikling på dagsorden.

Arbeidet med sjølve avhandlinga starta opp parallelt med at siste datainnsamling i hovudprosjektet vart avslutta, og eg vart teken opp som doktorgradsstudent ved Institutt for sosialt arbeid og helsevitenskap, NTNU vinteren 2007 med førsteamanuensis Inger Marii Tronvoll som rettleiar. Inger Marii har vore ein fagleg og personleg støttespelar gjennom heile doktorgradsløpet, med særleg stor innsats i avsluttingsfasen. Takk Inger Marii, for di gode evne til å formidla tru på egne krefter! Vidare vil eg i kronologisk rekkefølge takka sjefen min gjennom fleire 10-år ved BUS-V, prosjektleiar Toril Havik, for å ha oppmuntra og stilt til rådvelde det empiriske datamaterialet for forskning og forskingsleiar Elisabeth Backe-Hansen ved Norsk senter for oppvekst, velferd og aldring (NOVA) som påtok seg å vera medrettleiar i den første fasen av prosjektet. Eg takkar forskingsleiar Kjell Morten Stormark som også var medrettleiar i den første perioden, og dåverande leiar Magne Mæhle, for at forskingsarbeidet kunne gjennomførast ved Regionsenter for barn og unges psykiske helse, Vest (RBUP Vest). I siste halvdel av prosjektperioden overtok tidlegare kollega og noverande leiar ved Regionalt kunnskapsenter for barn og unge, Vest (RKBU Vest), Reidar Jakobsen som medrettleiar. Som både rettleiar og medforfattar i alle artiklane er vel han ein av dei som best kjenner prosjektet mitt og mange av utfordringane eg har møtt undervegs. Takk skal du ha Reidar, for at vi begge heldt ut! Den andre som kjenner prosjektet svært godt er noverande kollega, forskar Kyrre Breivik ved RKBU Vest, som har vore medforfattar i dei 2 siste artiklane. Utan hans engasjement og kompetanse i forskingsmetode er det høgst usikkert om eg hadde greidd å behandla

delar av det empiriske materialet på ein tilfredsstillande måte. Takk skal du ha Kyrre, for ditt pågangsmot og evige optimisme!

Mine gode kollegaer og venner både ved tidlegare BUS-V, ved tidlegare RBUP Vest og ved Uni Helse har betydd mykje for meg; Bente Moldestad, Øivin Christiansen og Dag Skilbred, takk for all interesse. Siv Skotheim og Hedvig Fosse, takk for engasjerte stipendiatsamtalar om underfundige statistiske fenomen og mange andre ting i tida på RBUP Vest. Karin Barth og Bente Groth, takk for uvurderleg støtte i viktige fasar. Og Aud Hodnekvam, mi gode veninne og «nynorskkonsulent», takk for at du ville lesa og for hyggelege treff med deg og Bente.

Til slutt vil eg takka min flotte familie som har følgd arbeidet mitt heile vegen! Per Harald, Knut og Tore – den seinare tida også Kristin – ingen ting har gitt meir inspirasjon og krefter enn gode samtalar og stunder med dåke. Mi «evigunge» mor i Rosendal; takk for eit altomfattande følgje på vegen. Alfon, mannen min; den aller beste takk til deg som har vore der heile tida☺ og for kyndig teknisk assistanse undervegs.

Bergen 29. oktober 2012

Karen Havnen

Samandrag

Temaet for avhandlinga ligg i skjeringsfeltet mellom psykisk helse og barnevern, og dreiar seg om psykiske vanskar hos norske barn plasserte utanfor heimen av barnevernet. Det overordna siktemålet er å bidra til auka kunnskap om plasserte barns psykiske helse; herunder å utforska førekomst, variasjon, og utvikling av psykiske vanskar. Som teoretisk utgangspunkt for avhandlinga er valt utviklingspsykopatologi og resiliensteori, som begge byggjer på ei transaksjonell forståing av menneskeleg utvikling og fungering. Gjennom tre delstudiar siktar avhandlinga mot å undersøkje tydinga av risiko- og beskyttande faktorar på ulike nivå; som kjenneteikn ved barnet, familie/nettverk, sosioøkonomiske forhold, omfang av stressande livshendingar og kontakten med barnevernet. Dei tre delstudiane kan sjåast både som sjølvstendige forskingsarbeid og som arbeid som byggjer på kvarandre. Dei to første delstudiane dreiar seg om førekomst og variasjon i barna sine psykiske vanskar kort tid etter at dei som 6-12 åringar blei plasserte utanfor heimen av barnevernet (n=109), medan den siste delstudien gjeld stabilitet og endring i barna sine psykiske vanskar frå plasseringstidspunktet og 7-8 år fram i tid (n=70), då barna var i alderen 13-20 år. Barna sine psykiske vanskar og prososiale åtferd har blitt kartlagt ved hjelp av eit standardisert kartleggingsinstrument (The Revised Rutter Scales). Informantar i delstudiane har vore barna sine saksbehandlarar i barneverntenesta, barna sine foreldre/omsorgspersonar og barna sine lærarar.

Hovudfunn frå den første delstudien (artikkel 1) var at minst 70 % av dei plasserte barna hadde symptom på psykiske vanskar, og gutar oftare enn jenter. Dersom plasseringa i hovudsak skjedde pga. problem knytt til foreldra, hadde barna lågare psykiske vanskar enn dersom plasseringa skuldast samhandlingsproblem mellom foreldre og barn. Desse funna vart følgde opp og utforska vidare i den andre delstudien (artikkel 2), der det blei stilt spørsmål ved *om*, og i tilfelle *kvifor*, barn som blei plasserte utanfor heimen pga. foreldres rusproblem hadde lågare psykiske vanskar enn barn plasserte av andre grunnar. Fleire gruppeskilnader vart funne mellom barn plasserte pga. foreldres rusproblem og barn plasserte av andre årsaker. Den viktigaste forklaringsvariabelen for skilnaden i psykiske vanskar var barna si prososiale åtferd, som var langt meir framståande hos barn plasserte pga. foreldres rusproblem enn hos

dei andre barna. Det å bli plassert pga. egne åtferdsvanskar var også ein viktig forklaringsvariabel, medan variablar som kjønn, disiplinproblem eller sosioøkonomiske forhold ikkje hadde nokon effekt. Ein konklusjon i studien var at prososial åtferd kan sjåast som ein viktig beskyttande faktor mot psykiske vanskar, noko som er eit argument for sterkare satsing på tiltak som fremjar prososial utvikling.

I den siste delstudien (artikkel 3) vart funn frå dei to første studiane følgde opp, med føremål å studera stabilitet og endring i barna sine psykiske vanskar frå plasseringstidspunktet og 7-8 år framover i tid. Eitt hovudfunn for barna som gruppe, var ifølgje lærarane sine rapportar at dei hadde langt lågare psykiske vanskar på oppfølgingstidspunktet enn på plasseringstidspunktet, noko som kunne tyda på at barna hadde hatt «nytte» av plasseringa utanfor heimen. Ifølgje omsorgspersonane sine rapportar derimot, var det inga endring i omfanget av psykiske vanskar. Vidare analysar basert på individuelle endringsskårar, viste derimot at mellom halvparten og fire femdelar av barna faktisk hadde lågare psykiske vanskar på oppfølgingstidspunktet. Fordi mange av endringane ikkje var store nok til at barna kryssa den kliniske grensa mellom høgskårarar og lågskårarar, vart ikkje den positive utviklinga fanga opp av gruppeanalysane. Barn med høgare initiale vanskar hadde ei meir positiv utvikling ifølgje begge informantgrupper, medan barn med lågare initiale vanskar hadde ei meir negativ utvikling, særleg ifølgje omsorgspersonane. Fleire forhold knytt til barna sin bakgrunn og forhold ved plasseringa (jfr. artikkel 1 og 2) hadde samanheng med endringane i barna sine psykiske vanskar over tid, men alle desse forholda mista effekten og vart forklarte av barna sine vanskar på plasseringstidspunktet. Ein hovudkonklusjon frå den tredje delstudien, var at barna si utvikling var prega av individuell variasjon meir enn av felles utviklingstrekk. Å behandla plasserte barn som ei homogen gruppe vil derfor kunna vera misvisande, fordi ein står i fare for å oversjå individuelle endringar som er viktige for det enkelte barn og dei vaksne kring barnet.

I artikkane er drøftingstema nært knytt til dei empiriske funna, og samanlikna med anna forskning. I «kappa» er utvalde hovudfunn drøfta på eit meir overordna teoretisk nivå og relatert til sentrale barnevernfaglege tema. Dei overordna drøftingstema er: korleis kan vi forstå den mangedobla førekomsten av psykiske vanskar hos plasserte barn; tydinga av direkte versus indirekte risikofaktorar for utvikling av psykiske vanskar; korleis har offentlege omsorgsarrangement ivareteke

barnas psykiske helse; og tydinga av kunnskap om individuelle variasjonar i utvikling. I avslutningskapitlet blir det reflektert omkring implikasjonar av funna for forskning og praksis i lys av gjennomgangstemaet for avhandlinga, som ligg i skjæringsfeltet mellom psykisk helse og barnevern.

English summary

The theme of the thesis is situated in the intersection between mental health and child welfare, focusing on mental health problems among Norwegian children in out-of-home care. The overall aim of the thesis is to contribute to the knowledge base of placed children's mental health conditions, by exploring the prevalence, the variation and the development of mental health problems. The theoretical basis of the thesis is developmental psychopathology and resilience theory, which are both founded in a transactional understanding of human development and functioning. Through three studies/articles the thesis has examined the impact of risk and protective factors on different levels, like characteristics of the children and the families, social networks, socioeconomic conditions, stressful life events and contact with the child welfare services. The three studies are designed both as independent research studies covering specific issues, and as studies building on each other in a successive way. The two first studies examined the prevalence and variation in the children's mental health problems shortly after the time of out-of-home placement when the children were aged 6-12 years (n=109), while the third study examined stability and change in the children's mental health problems from the time of placement and 7-8 years onwards when the children were aged 13-20 years (n=70). The children's mental health problems and prosocial behavior were assessed by a standardized instrument (The Revised Rutter Scales). The information in the studies was reported by the children's child welfare workers, their parents/caregivers and their teachers.

A main finding from the first study (paper 1) was that 70 % or more of the placed children had symptoms of mental health problems, the boys more often than the girls. Furthermore the study reported that children placed out-of-home mainly due to parental problems had lower mental health problems than children placed due to interactional problems or child neglect and abuse. The findings from the first study were

followed up in the second study (paper 2), focusing on *if* and *why* children placed because of parental substance abuse had lower mental health problems than children placed for other reasons. Besides documenting several group differences between children placed because of parental substance abuse and children placed for other reasons, the study found that the most important variable explaining the group difference in all subtypes of mental health problems was the level of prosocial behaviour in the children. Being placed for behavioural problems also explained a significant part of total difficulties and conduct problems, while variables like gender, discipline problems and socioeconomic conditions did not have a significant effect. The conclusion of the study was that prosocial behaviour might be regarded as an important protective factor against mental health problems, which is an argument for increased efforts in programs aimed at enhancing prosocial development.

The third study (paper 3) followed up important findings from the two first studies, aiming at exploring stability and change in the children's mental health problems from the time of placement to the follow-up time 7-8 years later. One main finding was that according to the teachers, the children as a group had far lower mental health problems at the follow-up time, indicating that the children might have benefited from the out-of-home placement. According to the caregivers however, there was no change in the level of mental health problems. Further analyses based on individual change scores, showed that between one half and four fifths of the children actually had lower difficulty scores at the follow-up time according to both informant groups. But in spite of a positive development, many of the children did not cross the cut-off line between high scorers and low scorers, for which their positive development did not show in the group analyses. Interestingly, children with higher initial problems had a positive development according to both informant groups, while children with lower initial problems had a more negative development according to the caregivers. Several pre-placement and placement variables were associated with the change in the children's mental health problems from the time of placement to the follow-up time according to both informants. However, all the predictors were accounted for by the strong effect of the children's problem scores when entering care. The findings from the third study indicate that there was a large variability in the children's development over time. Thus treating children in out-of-home care as one homogeneous group, which has

often been done in previous research, can give the false impression that placed children are more or less following the same developmental path over time.

The discussions in the three papers are closely related to the empirical findings and compared with previous research findings. In the overall discussion in the thesis, a selection of the main findings is discussed on a more theoretical level and related to central child welfare issues. The central issues are: How can we understand the high prevalence of mental health problems in placed children; the impact of direct versus indirect risk factors on children's mental health problems; how are the placed children's mental health conditions taken care of by public out-of-home arrangements; and the importance of knowledge about individual differences in development. The final chapter reflects upon implications of the findings for practice and research, in the intersection between mental health and child welfare.

Publikasjonsliste

- 1) Havnen, K.S., Jakobsen, R. & Stormark, K.M. (2009): Mental health problems in Norwegian school children placed out-of-home - the importance of family risk factors. *Child Care in Practice*, **15**, 235-250.
- 2) Havnen, K.S., Breivik, K., Stormark, K.M. & Jakobsen, R. (2011): Why do children placed out-of-home because of parental substance abuse have less mental health problems than children placed for other reasons? *Children and Youth Services Review*, **33**, 2010-2017.
- 3) Havnen, K.S., Breivik, K. & Jakobsen, R. (2012): Stability and change – A 7-8 year follow up study of mental health problems in Norwegian children in long term out-of-home care. *Child and Family Social Work*, accepted for publication 19. juli. Article first published online: 17 Sep 2012 | DOI: 10.1111/cfs.12001.

Innholdsliste

Forord.....	3
Samandrag	5
English summary	7
Publikasjonsliste.....	10
Innholdsliste	11
1. Introduksjon	13
1.1 Barnevernet sitt ansvar for plassering av barn	14
1.2 Barnevernstatistikk om plasserte barn	15
1.3 Utviklingstrekk og prinsipielle spørsmål om plassering av barn	16
1.4 Psykisk helsevern for barn og unge – endring og vekst	19
1.5 Kva forstår vi med psykisk helse og psykiske vanskar?	20
1.6 Føremålet med avhandlinga - problemstillingar	22
2. Teoretiske perspektiv og kunnskapsgrunnlag.....	24
2.1 Ei transaksjonell forståing av utvikling.....	24
2.2 Det utviklingspsykopatologiske kunnskapsfeltet	25
2.2.1 Teoretiske føresetnader og prinsipp	26
2.3 Framveksten av resiliensforskninga	29
2.3.1 Risikofaktorar og beskyttande faktorar.....	30
2.3.2 Direkte og indirekte risiko	32
2.3.3 Frå faktorar til prosessar	33
2.3.4 Resiliens som «ordinary magic».....	36
2.4 Mot ei integrert forståing av resiliens og utvikling?	38
3. Relevant forskning om psykisk helse.....	40
3.1 Førekomst og variasjon av psykiske vanskar.....	40
3.2 Tydinga av risikofaktorar for plasserte barns og andre barns psykiske helse.....	43
3.3 Rusproblem hos foreldre.....	46
3.4 Omsorgssvikt og mishandling.....	48
3.5 Åtferdsvanskar og samhandlingsproblematikk.....	52
3.6 Longitudinelle studiar av psykiske vanskar	54
3.6.1 Studiar som har rapportert reduserte psykiske vanskar.....	54
3.6.2 Studiar som har rapportert stabile eller auka psykiske vanskar	60

3.7	Barns egne vurderingar av psykisk helse og trivsel.....	64
3.8	Vurderande oppsummering	65
4.	Metode.....	67
4.1	Om hovudprosjektet	67
4.2	Det empiriske materialet i avhandlinga	69
4.3	Utval – representativitet	69
4.4	Kartleggingsinstrument for psykisk helse - The Revised Rutter Scales	70
4.5	Andre studievariablar	72
4.5.1	Demografiske kjenneteikn ved barna	72
4.5.2	Sosioøkonomiske kjenneteikn ved foreldra	72
4.5.3	Informasjon om barnevernssaka.....	73
4.5.4	Stressande livshendingar.....	74
4.5.5	Støttande relasjonar.....	75
4.6	Statistiske analysemetodar	75
4.7	Handtering av manglande data.....	76
4.8	Forskingsetiske vurderingar	79
5.	Resultat frå delstudiane	81
5.1	Artikkel 1:	81
5.2	Artikkel 2:	83
5.3	Artikkel 3:	85
6.	Drøfting av hovudfunn	91
6.1	Ein mangedobla førekomst av psykiske vanskar hos plasserte barn	91
6.2	Tydinga av direkte versus indirekte risikofaktorar	94
6.3	Korleis har offentlege omsorgsarrangement ivareteke barnas psykiske helse?.....	98
6.4	Individuelle variasjonar i utvikling.....	102
6.5	Sterke og svake sider.....	104
7.	Mellom psykisk helse og barnevern – avsluttande refleksjonar	107
	Referansar	111

Artikkel 1-3 er lagt inn i fulltekst etter resultat frå delstudiane i kapittel 5

Vedlegg 1: Spørjeskjema til saksbehandlarar på T1
Vedlegg 2: The Revised Rutter Scale foreldreversjon
Vedlegg 3: The Revised Rutter Scale lærarversjon

1. Introduksjon

Temaet for avhandlinga ligg i skjeringsfeltet mellom psykisk helse og barnevern, og dreiar seg om psykiske vanskar hos norske barn plasserte utanfor heimen av barnevernet. Det er kjent frå forskning at barn som blir plasserte utanfor heimen av barnevernet har ein mangedobla førekomst av psykiske vanskar samanlikna med barn flest (sjå t.d Burge, 2007; Dimigen et al., 1999; Egelund et al., 2008; Fernandez, 2008; Ford, Vostanis, Meltzer, & Goodman, 2007; Garland et al., 2001; Holtan, Ronning, Handegard, & Sourander, 2005; Kjelsberg & Nygren, 2004; Pecora et al., 2010; Stein, Evans, Mazumdar, & Rae-Grant, 1996). Faktorar som kan påverka barnas psykiske helse anten indirekte eller direkte er m.a. sosioøkonomisk status, familiestruktur, foreldres psykiske lidningar og rusproblem, konflikhtar og vald i heimen, stressande livshendingar, manglande sosial støtte, samhandlingsproblem mellom foreldre og barn og/eller at barnet sjølv har vanskar eller sjukdomar som gjer at det krev særleg omsorg (Robins & Rutter, 1990; Rolf, Masten, Cicchetti, Nuecterlein, & Weintraub, 1990; Rutter, 1985; Rutter & Quinton, 1984; Rutter & Taylor, 2002; Werner & Smith, 1992).

Sjølve flyttinga vil også for mange bli opplevd som ei tilleggsbelastning, både fordi dette kan skje brått og utan at barna forstår kvifor det er nødvendig, og/eller at foreldra ikkje har samtykt i plasseringsvedtaket (Christiansen & Havnen, 2003). På lengre sikt kan ei plassering utanfor heimen innebera usikre planar for framtida, flyttingar mellom ulike plasseringsstader (Christiansen, Havik, & Anderssen, 2010), og at barna sine kjensler og lojalitet blir dregne mellom offentlege omsorgspersonar og egne foreldre (Christiansen, Havnen, Havik, & Andersen, 2011). Også som vaksne skil barn som har vore plasserte utanfor heimen seg ut med lågare utdanningsnivå og ulike sosiale- og helsemessige problem (Clausen & Kristofersen, 2008; Kristofersen, 2005; Vinnerljung, Franzen, Hjern, & Lindblad, 2010; Vinnerljung & Sällnas, 2008).

Det overordna siktemålet med avhandlinga er å bidra til auka kunnskap om plasserte barns psykiske helse; herunder å utforska førekomst, variasjon, og utvikling av psykiske vanskar. Avhandlinga består av 3 delstudiar, som omfattar førekomst og variasjon i psykiske vanskar, samanhangen mellom årsaker til plassering og barna sine psykiske vanskar, psykiske vanskar hos barn som er plasserte pga. foreldres rusproblem versus barn plasserte av andre årsaker, samt ein oppfølgingsstudie av barna sine

psykiske vanskar 7-8 år etter plassering utanfor heimen. Analysane er baserte på informasjon frå foreldre, offentlege omsorgspersonar, saksbehandlarar og lærarar. Datamaterialet er henta frå det longitudinelle forskingsprosjektet «Barn som blir plassert utenfor hjemmet – utvikling og risiko» (Andenæs et al., 2001).

Vidare i dette kapitlet vil det bli gitt ein kort presentasjon av barnevernet sitt ansvar for plassering av barn og unge, barnevernstatistikk om plasserte barn, utviklingstrekk og prinsipielle spørsmål om plassering av barn, psykiske helseverntenester for barn og unge med vekt på sentrale innsatsområde og utfordringar, samt avklaring av ulike definisjonar og bruk av omgrepa psykisk helse og psykiske vanskar. Sist i kapitlet blir det gitt ein nærare presentasjon av føremålet og problemstillingane i avhandlinga. Kapittel 2 omhandlar teoretiske perspektiv for avhandlinga; utviklingspsykopatologi og resiliens-teori, som begge byggjer på ei transaksjonell forståing av menneskeleg utvikling. Kapittel 3 presenterer relevant forskning om barn og unges psykiske helse, med eit særleg fokus på studiar som omhandlar plasserte barn, og psykiske vanskar målt ved standardiserte kartleggingsinstrument. Kapittel 4 gjer greie for metodiske rammer og spørsmål i samband med dei ulike delstudiane, medan kapittel 5 gir ei oppsummering av funn og konklusjonar frå dei empiriske undersøkingane, som er publiserte gjennom tre vitenskaplege artiklar. Fordi artiklane med fordel kan lesast før den overordna drøftinga, er dei lagde inn i fulltekst etter oppsummering av funna. Kapittel 6 drøftar utvalde hovudfunn frå delstudiane med utgangspunkt i teoretiske perspektiv og barnevernfaglege spørsmål. Sterke og svake sider ved avhandlinga er oppsummert sist i kapitlet. Som avslutting, blir det i kapittel 7 reflektert omkring implikasjonar av funna for forskning og praksis, i lys av gjennomgangstemaet for avhandlinga; mellom psykisk helse og barnevern.

1.1 Barnevernet sitt ansvar for plassering av barn

Barnevernet sitt ansvarsområde er heimla i Lov om barneverntjenester av 17. juli 1992 (Bvl.). Det overordna siktemålet med lova (Bvl. §1-1) er å sikra at barn og unge som lever under forhold som kan vera skadeleg for helse og utvikling får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid, og å bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår. Plassering av barn utanfor heimen er det mest inngripande tiltaket overfor barn og foreldre som barnevernet rår over, og skal berre nyttast dersom tiltak i heimen ikkje er tilstrekkeleg.

Omgrepet «plassering» blir brukt både om den faktiske flyttinga av barnet frå foreldreheimen til eit heildøgns tiltak i regi av barnevernet, og om sjølv tiltaket som barnet blir flytta til (Holtan, 2002)¹.

I barnevernstatistikken blir det skilt mellom «plasseringstiltak» heimla som hjelpetiltak (Bvl. §4-4.5) og som omsorgstiltak (Bvl. §4-12)². Hjelpetiltaksplasseringar blir gjort i samråd med foreldra etter vedtak av den lokale barneverntenesta, medan omsorgsplasseringar krev vedtak i Fylkesnemnda for sosiale saker.

Hjelpetiltaksplasseringar er grunnleggjande med at barnet har særlege behov som ikkje blir godt nok ivaretekne pga. forholda i heimen eller andre grunnar, medan omsorgsplasseringar er grunnleggjande med omsorgssvikt, mishandling, manglande oppfølging av barnets særlege behov for opplæring og behandling, og sannsynleggjort fare for at barnets helse og utvikling kan ta skade. Barnevernet kan fatta midlertidig vedtak om plassering utanfor heimen som akuttvedtak, med eller utan samtykke frå foreldra (Bvl. §4-6). Barna som er studerte i denne avhandlingen var plasserte utanfor heimen etter ein av dei nemnde lovheimlane.

1.2 Barnevernstatistikk om plasserte barn

I løpet av 2011 mottok 3,6 % (52 100) av alle norske barn i alderen 0-22 år (1 445 556) tiltak frå barnevernet (SSB, 2012a). Ved utgangen av året var talet på barn med barneverntiltak 38 000. Av desse var 13 200 barn registrert med plasseringstiltak utanfor heimen, anten som omsorgstiltak (55 %) eller som hjelpetiltak (45 %). Som for tidlegare år var 7 av 10 plasserte barn i fosterheimar, medan dei resterande var plasserte i institusjonar, bustader med oppfølging, eller beredskapsheimar. Delen norske barn med plasseringstiltak (0,9 %) er på nivå med Sverige, USA og Tyskland, langt lågare enn Danmark og høgare enn England (Thoburn, 2010). Samstundes er det relativt færre plasseringar pr. år av norske barn, noko som blir forklart ved at norske barn

¹ Som problematisert av Andenæs (Andenæs & Skollerud, 2003) er «plassering» av barn eit teknisk omgrep som lett kan ta fokus bort frå den faktiske situasjonen at det er barn som flyttar eller blir flytta.

² Medan vedtak om omsorgsovertaking etter barnevernlova blir oppheva frå det tidspunktet barnet fyller 18 år, kan vedtak om hjelpetiltak fortsetja til barnet er 23 år.

gjennomgåande er plasserte over lengre tid enn barn i dei fleste andre land. Eit nordisk særtrekk er at barna er eldre ved plassering utanfor heimen (Thoburn, 2010). T.d. er om lag halvparten av dei norske barna over 13 år ved plassering (SSB, 2012a).

Barnevernstatistikken viser ikkje eksplisitt kva forhold som har ført til vedtak om plassering utanfor heimen, men ei undersøking av plasserte 6-12-åringar i 1999 (Clausen, 2000) viste at hovudgrunnen til plassering utanfor heimen var omsorgssvikt (54 %). Dei neste grunnane var forholda i heimen (20 %), barnet sine åtferdsvanskar (14 %) og mishandling (11 %). For alle *nye* barn med anten hjelpetiltak eller omsorgstiltak frå barnevernet viser den seinaste statistikken (SSB, 2012a) at grunnlaget for vedtaket i heile 39 % av sakene var forholda i heimen/særlege behov, medan dei neste grunnane var psykiske lidningar hos foreldre (9 %), barnet sine åtferdsvanskar (8 %), manglande omsorgsevne (6 %) og foreldres rusmisbruk (6 %). Ulike typar omsorgssvikt/mishandling var registrert i ca. 5 % av sakene.

1.3 Utviklingstrekk og prinsipielle spørsmål om plassering av barn

Bortsetjing av barn har skjedd til alle tider, med slekta som dei næraste til å overta ansvaret dersom foreldra ikkje var i stand til å ta hand om barnet. Som verdas første land fekk Noreg i 1896 ei eiga barnevernlov (Verjerådslova), som dersom alvorleg påtale eller formaningar til barn og/eller foreldre ikkje nytta, ga heimel til å plassera barn til oppseding i ein «heiderleg» familie, i barneheim, skoleheim eller tvangsskole (NOU 2000:12). Men plassering av barn blei også gjort av fattigvesenet, pga. av økonomisk naud, sjukdom og bortfall av foreldre. Verjerådslova var på si tid ei føregangslov for vanskelegstilte barn, men historia viser likevel at kvaliteten på offentleg omsorg, i store institusjonar med dårleg bemanning og fosterheimar utan tilsyn, i mange tilfelle påførte barna like mykje lidningar som omsorg (St. meld. 40, 2001-2002). Den neste store barnevernreforma kom med Lov om barnevern av 1953, som vektla førebyggjande tiltak i heimen framføre plassering i institusjon eller fosterheim. Denne lova prøvde å ta grep om manglar ved den offentlege barneomsorga, bl. a. ved innføring av eit system med tilsyn med institusjonar og private heimar. Som medlem i granskingskommisjon for tidlegare barneverninstitusjonar i Bergen kommune (Drægebø, Havnen, Hove, Skjerve, & Oma, 2003), fekk eg nær kjennskap til at overgrep og omsorgssvikt framleis skjedde i perioden 1953 til 1980, og at tilsynet

fungerte dårleg. Trass i at mange barn også fekk ein relativt god oppvekst i barnevernets omsorgstiltak, førte dei mange redselshistoriene om offentleg omsorgsvikt til at barnevernet i store delar av sitt første hundreår har hatt ein låg legitimitet i befolkninga, noko som først begynte å snu omkring tusenårsskiftet (Havnen, 2003). Med den siste og noverande barneverntenestelova av 1992 vart barnevernet gitt eit utvida mandat, basert på prinsipp om «tidleg innsats» og «rett hjelp til rett tid» (Smith, 1992). Tiltak frå barnevernet skulle ikkje lenger berre vera knytt til mogeleg omsorgssvikt, men barns særlege behov og forholda i heimen kunne også utløysa tiltak. Av særleg relevans for plassering av barn, var at dette også kunne skje som eit hjelpetiltak, i samråd med foreldra. Til skilnad frå tidlegare barnevernlover, har den noverande lova blitt følgt opp med store ressuroverføringar og kompetansekrav til stat og kommune. Dette gjer at barnevernet i dag framstår som ein stadig viktigare samfunnsinstans, med eit kunnskapsbasert fokus i arbeidet for vanskelegstilte barn og familiane deira. Frå 1990-talet og framover har det vore ein stor ekspansjon i barnevernets tiltak, både når det gjeld tiltak i heimen og plasseringar utanfor heimen (<http://www.ssb.no/emner/03/03/barneverng/arkiv/tab-2009-07-06-02.html>).

Som det går fram av barnevernstatistikken er ulike typar fosterheimar det føretrekte plasseringstiltaket, medan institusjonar er mindre brukt. Særleg ved langvarige plasseringar er det ei målsetjing at dette skal skje i familieliknande tiltak, som kan gi barna ein mest mogeleg «vanleg» oppvekst (St. meld. 40, 2001-2002). Ei stor utfordring ved langvarige plasseringar utanfor heimen er å leggja til rettes for kontinuitet og stabilitet i omsorgstiltaka. Av ulike årsaker skjer det relativt ofte at barn må flytta mellom omsorgstiltak (Berridge & Cleaver, 1987; Egelund & Vitus, 2009; Oosterman, Schuengel, Wim Slot, Bullens, & Doreleijers, 2007; Triseliotis, 2002; Vinnerljung, Sallnäs, & Westermark, 2001), og at det er uklare og skiftande målsetjingar for kor barnet skal bu gjennom oppveksten (Christiansen, et al., 2010). Ustabile plasseringsforløp og forskning som viser at plasserte barn kjem dårlegare ut på mange område enn andre barn, både som barn og som vaksne, har i fleire land ført til ein diskusjon om effekten av offentlege omsorgstiltak, og ei dreining mot at barn som treng ein «ny» heim for livet bør frigivast for adopsjon. Denne såkalla «permanency» politikken står særleg sterkt i USA, der om lag 25 % av plasserte barn blir adopterte (Barth & Lloyd, 2010), men også i England der tilsvarande tal er 8 % (Forrester,

Goodman, Cocker, Binnie, & Jensch, 2009). I Noreg har «permanency» politikken i liten grad resultert i adopsjon av plasserte barn, sjølv om talet ifølgje barnevernstatistikken er aukande (23 barn i 2006, 40 barn i 2011). Barnevernlova uttrykkjer likevel at det skal fastsetjast ein varig plan for barnets framtidige omsorgssituasjon innan to år etter plassering (Bvl. §4-15). Det er også nyleg gjennomført lovendringar som skal bidra til å redusera foreldres rett til å reisa gjentakande saker om tilbakeføring av barnet, og at adopsjon som alternativ til plassering blir vurdert oftare.

Med referanse til spørsmåla ovanfor har det blitt hevda at internasjonal sosialpolitikk om offentlege plasseringstiltak dei siste 10-åra har vore (for) konsentrert om tema som tryggleik, stabilitet og «permanency», og at dette til ein viss grad har gått på kostnad av eit fokus på barns velvære og fungering (Fernandez & Barth, 2010b). Ifølgje Fernandez og Barth er dette fokuset no i ferd med å endra seg, noko som både blir sett i samanheng med ei sterkare vektlegging av FN's barnekonvensjon og barns rettar, og med nyare utviklingspsykologiske forståingsmåtar og forskingsmetodar. Ei ny offentlig utgreiing (NOU 2012: 5) vektlegg også barnets utviklingsbehov som eit styrande prinsipp for «barnets beste». Andre eksempel på den nye bølga er framveksten av longitudinelle studiar av plasserte barns psykiske helse og utvikling, som ofte er relatert både til utviklingspsykologisk kunnskap og til debatten om effekten av plassering utanfor heimen (sjå kap 3.6). Funn frå slike studiar nyanserer biletet av effekten av plasseringar for barns utvikling, noko som truleg også vil føra til ei nyansering i synet på plassering utanfor heimen som «the last resort». Eit nærare samband mellom utviklingspsykologisk forskning og barnevernforsking blir vurdert å vera av stor tyding i søking etter meir nyanserte svar på korleis ein skal styrka plasserte barns psykiske helse og utvikling (Whittaker, 2010).

1.4 Psykisk helsevern for barn og unge – endring og vekst

Medan barnevernet har eit overordna ansvar for plasserte barn og unge sin omsorgssituasjon, helse og utvikling, er ansvaret for psykisk helsevern lagt til spesialisthelsetenesta (Psykisk helsevernloven)³. Oppgåvene til spesialisthelsetenesta omfattar undersøkingar og behandling av menneske i forhold til psykiske lidingar, samt den pleie og omsorg dette krev. I forhold til barn og unge blir tenestene først og fremst utførte ved poliklinikkar for barn og unges psykiske helse (BUP), men det er også avdelingar knytt til større sjukehus og behandlingstilsetningar for barn og unge med psykiske lidingar.

Frå slutten av 1990 talet har psykisk helsevern gjennomgått forholdsvis store endringar og forbetringar. Frå tidlegare tider då psykisk helse og psykiske vanskar i stor grad var ei privat sak, til dagens samfunn med vektlegging av større openheit omkring psykiske vanskar og ei målsetjing om god psykisk helse for alle (St. meld. 25, 1996-97), har også det psykiske helsevernet fått ei meir aktiv rolle overfor barn og unge. Samfunnets innsats har vore kanalisert gjennom ein storstila opptrappingsplan for psykisk helsevern i perioden 1999-2006/08 (St. prp. nr. 63, 1997-98), med tilhøyrande strategiplanar, delplanar, forsøksverksemd, retningslinjer etc. (sjå t.d. Helsedepartementet, 2003; Helsedirektoratet, 2008; NOU 2009: 22; Sosial- og helsedirektoratet, 2007). Ifølgje evaluering av opptrappingsplanen eitt år etter avslutting, har ein pr. i dag nådd målsetjinga om ein dekkingsgrad på 5 % psykiske helseverntenester til barn og unge, og tilbodet har blitt jamnare i ulike delar av landet (Helsedirektoratet, 2010).

Trass i lovreguleringar og retningslinjer har ansvaret for behandling av psykiske vanskar hos barn og unge i barnevernet vore ein kime til konflikt mellom barnevernet og psykisk helsevern langt tilbake i tid (Aamodt, 2012; Lurie & Tjelflaat, 2009:14; NOU 2009: 22). For barnevernet har det vore vanskeleg å gi tilfredsstillande omsorg og

³ Omgrepet psykisk helsevern erstattar i dag det tidlegare omgrepet psykiatri, om ulike delar av behandlingsapparatet for psykiske lidingar. Omgrepet psykiatri er likevel framleis i bruk ved enkelte behandlingstilsetningar – psykiatriske avdelingar – og i samanheng med uttrykket «psykiatriske» diagnosar. Dette har vore retningsgivande for bruken av omgrepet «psykiatri» i avhandlinga. Psykiatri er også ein spesialitet innan området medisin.

hjelp til barn med store psykiske vanskar, medan for det psykiske helsevernet har det vore vanskeleg å inngå behandlingsansvar for barn med alvorleg og gjerne uavklara omsorgssviktproblematikk. I nyare retningsliner for psykisk helsevern er det presisert at vurdering av foreldres omsorgsevne ikkje er grunn for å avvise hjelp; tvert imot er det understreka at barn i ein vanskeleg omsorgssituasjon har særleg behov for hjelp og støtte (Helsedirektoratet, 2008). Andre utfordringar i samarbeidet mellom psykisk helsevern og barnevernet har vore/er knytt til ulike lovverk, administrative nivå, finansieringsordningar, arbeidsmåtar, profesjonar etc., som i neste omgang kan ha gått utover barn som treng psykisk helsehjelp (NOU 2009: 22).

I kjølvatnet av opptrappingsplanen har det blitt sett i gang fleire samarbeidsprosjekt mellom poliklinikkar for psykisk helsevern og barnevernet (og andre kommunale instansar), for å betra tilbodet til vanskelegstilte barn og unge (sjå t.d. Aamodt & Keeping, 2011). Barnevernet synest også å innta ei meir aktiv haldning til barnas psykiske helse enn tidlegare, bl.a. gjennom utprøving av ulike kartleggingsskjema som kan gi ein peikepinn på barnas evt. behov for bistand frå det psykiske helsevernet (Aasheim, 2012; Backe-Hansen, 2009). For barn og unge som både treng omsorg utanfor heimen og behandling for alvorlege psykiske lidningar har det blitt føreslege å oppretta behandlingstiltak, som eit samarbeidsprosjekt mellom psykisk helsevern og barnevernet (Barnevernpanelets rapport, 2011; NOU 2009: 22). I dette forslaget kan ein skimta ei revitalisering av tanken om eit «psykisk barnevern», som vart lansert (men ikkje vedteke) allereie på 1950-talet, for å sikra eit meir heilskapleg tilbod til dei mest vanskelegstilte barnevernsbarna (NOU 2000:12; St. meld. 40, 2001-2002).

1.5 Kva forstår vi med psykisk helse og psykiske vanskar?

Verdas helseorganisasjon (WHO) konstaterer i sitt grunnlagsdokument⁴ at «psykisk helse» er ein integrert og essensiell komponent av helse, som igjen er ein tilstand av fullstendig fysisk, mentalt og sosialt velvære, og ikkje berre fråvær av sjukdom og

⁴Signert 22. juli 1946 av representantar frå 61 statar, iverksett 7. april 1948.

funksjonsnedsetjing. På dette grunnlaget blir psykisk helse definert slik: *Mental health is a state of well-being in which an individual realizes his or her own abilities, can cope with the normal stresses of life, can work productively and is able to make a contribution to his or her community. In this positive sense, mental health is the foundation for individual well-being and the effective functioning of a community*⁵.

Nytteverdien av WHO sitt ideelle syn på helse har gjennom tidene vore gjenstand for kontroversar, både fordi det verkar uopnåeleg, og fordi målsetjingane er generelle og dermed uforpliktande (Sosial- og helsedepartementet, 2000). I seinare dokument har WHO sine målsetjingar blitt konkretisert (Ottawa charteret 1986, Jakarta deklarasjonen 1997), og god helse har blitt knytt opp mot fred, bustad, utdanning, sosial tryggleik, sosialt fellesskap, mat, inntekt, styrking av kvinners stilling, eit stabilt økosystem, berekraftig bruk av ressursar, sosial rettferd, respekt for menneskerettar, likskap og likeverd. Det synest å vera allmenn semje om at den aller største helsetrusselen er fattigdom.

Når det gjeld psykiske vanskar blir det i faglitteraturen skilt mellom ulike omgrep (Bang Nes & Clench-Aas, 2011; Sosial- og helsedepartementet, 2000). *Psykiske helseplager* blir brukt om milde former for psykiske vanskar som vanlegvis ikkje krev behandling av det psykiske helsevernet, medan *psykiske lidingar* er knytt til meir alvorlege vanskar som går vesentleg ut over det daglege funksjonsnivået og som ofte krev behandling. For å skilja psykiske lidingar frå psykiske helseplager, og for å utgreia kva type lidingar det er tale om, gjer ein seg bruk av såkalla diagnosemanualar. I Noreg (og dei fleste andre europeiske land) brukar ein offisielt WHO sitt diagnosesystem «International Classification of Diseases and Related Health Problems» (ICD10), medan det amerikanske «Diagnostic and Statistical Manual of Mental Disorders» (DSM-IV) blir brukt som eit supplement og gjerne i forskningssamanheng. For å inneha ein diagnose må ei rekke kriteria vera oppfylte, tilstanden må ha hatt ein viss varigheit og funksjonsnivået må vera vesentleg påverka.

⁵ WHO Faktaark nr 220, september 2010, <http://www.who.int/mediacentre/factsheets/fs220/en/>

Innan forskning om psykisk helse nyttar ein seg ofte av «standardiserte måleinstrument» for å kartleggja omfang og type vanskar og sosial kompetanse. Dette er spørsmålsbatteri som ofte tar utgangspunkt i diagnosekriteria, og som både er utprøvde på større befolkningsgrupper og på mindre «kliniske» utval. Fordi forskning vanlegvis ikkje omfattar kliniske vurderingar utført av fagpersonar, er det viktig å vera merksam på at denne typen kartlegging ikkje stiller diagnosar, men at den gir informasjon om omfang og symptom på vanskar som kan vera eit grunnlag for vidare utgreiing og behandling. Psykisk helse og psykiske vanskar slik det er brukt i delstudiane i avhandlinga er basert på eit standardisert måleinstrument (The Revised Rutter Scales) (Elander & Rutter, 1996a; Hogg, Rutter, & Richman, 1997), der ein både kan skilja mellom høge og låge vanskar, mellom ulike typar vanskar og mellom grader av prososial åtferd (sjå nærare i metodekapitlet).

1.6 Føremålet med avhandlinga - problemstillingar

Det overordna føremålet med avhandlinga er å bidra til auka kunnskap om psykisk helse hos plasserte barn; herunder å utforska førekomst, variasjon og utvikling av psykiske vanskar. Dei konkrete problemstillingane er utleia av det overordna føremålet, samstundes som dei byggjer på suksessive funn frå dei tre delstudiane. Problemstillingane er formulerte som siktemål, slik det har blitt gjort i dei enkelte delstudiane.

Problemstillingar

- 1) Å undersøkje *førekomst* av psykiske vanskar hos dei plasserte barna kort tid etter plassering utanfor heimen (delstudie 1)
- 2) Å undersøkje *variasjon* i psykiske vanskar og prososial åtferd relatert til kjønn og alder (delstudie 1)
- 3) Å undersøkje *samanhengen* mellom familierelaterte årsaker til plasseringa og variasjonen i barna sine psykiske vanskar (delstudie 1)
- 4) Å undersøkje *kjenneteikn* ved barn plasserte pga. foreldres rusmisbruk samanlikna med barn plasserte av andre årsaker (delstudie 2)

- 5) Å undersøkje moglege *forklaringar* til skilnader i psykiske vanskar mellom barn plasserte utanfor heimen pga. foreldres rusmisbruk og barn plasserte av andre årsaker (delstudie 2)
- 6) Å undersøkje *stabilitet og endring* i barna sine psykiske vanskar over tid (delstudie 3)
- 7) Å utforska *langtidseffekten* av faktorar som var relatert til barna sine psykiske vanskar på plasseringstidspunktet (delstudie 3)

2. Teoretiske perspektiv og kunnskapsgrunnlag

For å forstå psykisk helse og utvikling hos barn og unge plassert av barnevernet er det openbart at forklaringsmodellar og forståingsmåtar på ulike nivå og med ulike fokus kan vera både nødvendige og nyttige, samstundes som det kan vera eit dilemma at framheving av eit perspektiv gjer at andre perspektiv kjem i bakgrunnen. Det er sjølvsagt også slik at eit enkelt forskingsprosjekt verken kan innlemma alle potensielt viktige forhold eller alle relevante forståingsmåtar. Styrt av dei konkrete problemstillingane i avhandlinga som dreiar seg om førekomst, variasjon og utvikling av psykiske vanskar hos barn plasserte av barnevernet, har eg valt å ta utgangspunkt i det utviklingspsykopatologiske kunnskapsfeltet, med eit særleg fokus på resiliensforskninga. Som bakanforliggjande perspektiv på menneskeleg utvikling ligg ei transaksjonell forståing av forholdet mellom menneske og miljø, som vil bli gjort greie for nedanfor.

2.1 Ei transaksjonell forståing av utvikling

Ei transaksjonell forståing av menneskeleg utvikling vart presentert for fleire 10-år sidan av Sameroff og Chandler (1975). Seinare har denne forståingsmåten blitt vidareutvikla (Sameroff, 2010), og den er no vanleg som overordna forståing av psykologisk utvikling. Kjernepunktet i forståingsmåten er at all utvikling kan sjåast som resultat av dynamiske interaksjonar (transaksjonar) mellom menneske og miljø, og at biologiske, sosiale og psykologiske prosessar inngår i den gjensidige utvekslinga/påverknaden over tid innanfor rammene av ein økologisk kontekst (Sameroff, 2010)⁶. Med den sterke vektlegginga av transaksjonar som føresetnad for utvikling tek Sameroff eit «oppgjær» med tidlegare forklaringsmodellar, som vekselvis har vore mest opptekne av anten arv eller miljø, eller dei har behandla individ og miljø som uavhengige (og determinerte) einingar som samhandlar utan at det nødvendigvis føregår endring eller utvikling. Ein føresetnad i den transaksjonelle forståingsmåten er

⁶ Sameroff har nyleg lansert ein såkalla biopsykososial utviklingsmodell, som tek mål av seg å foreina tidlegare teoriar om utvikling til ein heilskapleg modell, basert på ei transaksjonell forståing (Sameroff, 2010).

at alt (og alle) står i ein relasjon til noko anna, frå det mest komplekse samfunnet til den mest elementære partikkelen. Og ikkje minst, det er i relasjon til noko(n) anna(n) at ein organisme/menneske utviklar seg og noko nytt oppstår. For å eksemplifisera viser Sameroff til at alle celler i ein organisme inneheld eit identisk arvematerialet, men dei er likevel ulike pga. ulik påverknad og samspel med andre biologiske prosessar over tid. Ei celledeling er såleis ikkje førehandsdeterminert, men har eit mangfald av utviklingsmogelegheiter. I forhold til psykiske vanskar hos barn vil ein utifrå ei transaksjonell forståing av utvikling aldri kunna forklara vanskane utelukkande utifrå kjenneteikn ved barnet eller omgjevnadene, men som eit resultat av eit pågåande samspel med gjensidig påverknad over tid.

Den transaksjonelle forståingsmåten har til no hatt sin styrke som teoretisk analysemodell for å forstå utvikling, medan det har vore vanskeleg å overføra dei komplekse, teoretiske prinsippa til forskning. Sameroff sjølv erkjenner denne utfordringa, men hevdar at nyvinningar på det statistiske området som t.d. vekstkurveanalyser, opnar nye mogelegheiter for å predikera utfall, sjølv med utgangspunkt i innfløkte interaksjonsprosessar mellom menneske og miljø som endrar seg over tid (Sameroff, 2010).

2.2 Det utviklingspsykopatologiske kunnskapsfeltet

Det utviklingspsykopatologiske kunnskapsfeltet har blitt omtalt som eit makroparadigme⁷ (Achenbach, 1990), med liner til ei lang rekke mikroparadigme, som igjen har greiner til ulike teoriar om meir spesifikke samanhengar (jfr. skjematisk oversikt Achenbach, 1990 s 32). T.d. blir tunge og ulike fagområde som biomedisin, behaviorisme, sosiologi og systemisk familieteori rekna som mikroparadigme under det utviklingspsykopatologiske paradigmet, medan t.d. genetikk, læringsteori, klasseteori og «barnet som symptomberar» er døme på teoriar på lågare nivå. Sambandslinene

⁷ Eit paradigme kan forståast som eit *vitskapleg fellesskap* basert på ein eller fleire oppnådde vitskaplege prestasjonar, og som anerkjenner grunnlaget for vidare forskning ved å definera for (nye) forskarar kva problem og metodar som i ein viss periode er legitime innan forskingsfeltet (Kuhn, 1996).

mellom dei ulike teoriane og det overordna paradigmet er at dei alle er nødvendige og relevante for å forstå menneskeleg utvikling og åtferd i ein heilskapleg kontekst.

Det utviklingspsykopatologiske paradigmet har som namnet gjenspeglar sine røter både frå både utviklingspsykologi og klinisk psykologi, men er likevel noko meir enn ein «sum» eller kombinasjon av dei to fagområda (Cummings, Davies, & Campbell, 2000). Ifølgje Sroufe og Rutter (1984) var utviklingspsykologien frå først av oppteken av å studera aldersrelaterte gruppegjennomsnitt blant barn flest, med føremål å forstå universelle utviklingsprosessar. I nokon grad har dette føremålet gått på kostnad av studiet av individuelle ulikskapar i utvikling og fungering, særleg når det gjeld avvikande åtferd og mistilpassing. På same vis har klinisk barnepsykologi tradisjonelt sett vektlagt sjukdomslære (nosologi) og behandling, samt forholdet mellom risikofaktorar og diagnosar (Cicchetti, 1984). Dette har igjen ført til at ein har oversett dei spesifikke prosessane som gjer at risikofaktorar kan føra til psykiske lidingar, tydinga av beskyttande faktorar, utviklingsprosessar over tid og verdien av å samanlikna normal og unormal fungering. I forhold til utviklingspsykologi og klinisk barnepsykologi siktar utviklingspsykopatologien mot å forstå variasjonar i fungering både på gruppenivå og individnivå, og prosessar som ligg bak så vel normal som unormal utvikling⁸.

2.2.1 Teoretiske føresetnader og prinsipp

Utviklingspsykopatologien byggjer på ei transaksjonell forståing av menneskeleg utvikling (Sameroff, 2010; Sameroff & Chandler, 1975), som igjen har referanse til dynamisk systemteori (Minuchin, 1974) innanfor rammene av eit økologisk verdsbilete (Bronfenbrenner, 1980, 1986). Utvikling blir sett som eit pågåande samspel mellom ein aktiv organisme i endring, innanfor ein dynamisk kontekst (handling-i-konktekst) (Cummings, et al., 2000). *Aktivitet* og *endring* er grunnelementa i utvikling, som kan forståast som seriar av samanvovne heilskapar eller nettverk av aktivitetar knytt til intrapersonlege system (t.d. samspel mellom biologi, tankeprosessar og kjenslemessige

⁸ Både utviklingspsykologien og klinisk barnepsykologi har i dag teke opp i seg mange av prinsippa frå utviklingspsykopatologien når det gjeld synet på avvik og normalitet, og samspelet mellom risiko og beskyttande faktorar.

prosessar), interpersonlege system (t.d. kvalitet av relasjonar) og økologiske eller sosiokulturelle system (t.d. verdiar, haldningar, lokalsamfunn). Ut frå prinsippet om «handling i kontekst» har ei kvar handling eit *føremål* som står i forhold til ein aktuell kontekst. Dersom konteksten endrar seg vil ikkje den same handlinga lenger vera like føremålstenleg. T.d. kan ein strategi om å skjerma seg frå nære relasjonar fungera bra for barnet på kort sikt i forholdet til foreldre som ikkje bryr seg, medan det å ha utvikla ein generell mistillit til nære relasjonar kan få uheldige følgjer på lengre sikt, t.d. ved etablering av parforhold (jfr. prinsippa om ulike tilknytingsmønster), (Ainsworth, Blehar, Waters, & Wall, 1978; Crittenden & Ainsworth, 1989/2010). Basert på eksemplet ovanfor kan ein utleia at mistilpassing i parforholdet er eit produkt av transaksjonar mellom personen sine intraorganiske kjenneteikn, tidlegare tilpassingsstrategiar og den aktuelle konteksten (Sroufe, 1997). At mistilpassing blir sett som eit resultat av utviklingsprosessar har også relevans for synet på psykopatologi. Medan ein ut frå ein tradisjonell medisinsk modell vil kunna forstå patologiske trekk som ein individuell sjukdomstilstand som kan plasserast i ein bestemt diagnostisk kategori, vil ein ut frå ei utviklingspsykopatologisk forståing vurdere patologiske trekk som resultat av utviklingsprosessar, og som grader av patologi på ein skala der sunn utvikling utgjer det motsette endepunktet (Sroufe, 1997). Det er derimot viktig å skilja mellom nytten av å bruka kategoriar for å synleggjera kvalitativt avvikande tilstandar i klinisk arbeid eller i forskning, og det å forstå kvifor patologiske utviklingsprosessar har blitt etablert.

Basert på kunnskap om at kvart barn gjer seg opp sine egne forklaringsmåtar for åtfærd og hendingar (attribusjon) samt at dei har ulike tilpassingshistoriar og erfaringar knytt til fortid og notid, kan ein også hevda at eit kvart barns utvikling til ein viss grad er unik. Følgjeleg er det ikkje slik at ei hending eller årsak berre kan ha eit utfall, men tvert imot kan utfallet variera frå barn til barn. Dette blir i utviklingspsykopatologien kalla «*multifinalitet*», og motsett kan ulike årsaker eller hendingar føra til det same utfallet på eit gitt tidspunkt, kalla «*ekvifinalitet*» (Cicchetti & Rogosch, 1996). I praksis kan dette visa seg ved at søsken som veks opp med omsorgssvikt i same familie kan utvikla seg både likt og ulikt avhengig av dei spesifikke transaksjonane mellom barnet og omgjevningane.

Føresetnaden om at kvart barns utvikling er unik er relatert til oppfatninga av enkeltindividet som ein aktiv handlande organisme i samspel med omgjevnadene i tid og rom. Denne forståinga byggjer på ein *konstruktivistisk* tankegang, som inneber at individet sine oppfatningar ikkje berre er eit spegelbilete av aktuelle hendingar, men eit resultat av korleis det oppfattar samanhengen mellom eigne handlingar og hendingar, tidlegare forståingsmåtar/trussystem og kva meining eller tyding hendingane har for deira eige velvære (Cummings & Davies, 1995). Slik sett gjer individet eigne val, anten bevisst eller ubevisst, som igjen har innverknad på t.d. kven ein omgåast og korleis. Det kan følgjeleg hevdast at samanhengen mellom tilpassingsvanskar og stressande livshendingar ikkje berre kan forståast som eit resultat av livshendingane åleine, men heller som eit resultat av samhandlinga mellom eit aktivt handlande individ og livshendingane.

Sjølv om barns utvikling er prega av endring og variasjon i tid og rom, er det likevel slik at grunnleggjande utviklingsprosessar er generelle og knytt til alder og modning. Dette inneber at utvikling er *retningsbestemt*, samstundes som den består av *kontinuitet* og *endring*. Med referanse til det ortogenetiske prinsipp (jfr. Werner, 1948 ref. i Cummings, et al., 2000), blir utvikling forstått som ein organisert prosess som startar med ein tilstand av relativ globalitet og manglande differensiering til ein tilstand av aukande differensiering, artikulasjon og hierarkisk integrasjon. I motsetnad til tidlegare utviklingspsykologiske teoriar som knytte utvikling til meistring av adekvate oppgåver i påfølgjande, aldersbestemte fasar fram mot vaksenaldar (jfr. t.d. Freud, Piaget, Eriksson), ser ein i dag føre seg livslange utviklingsliner der meistring av dei aldersadekvate oppgåvene inneber stor grad av individuell variasjon, og der verknadene av meistring på eit alderstrinn ikkje nødvendigvis er avgjerande for den vidare utvikling. Formulert på ein annan måte er ikkje utviklingspotensialet til ein person førehandsdeterminert, men det inneheld ei rekke moglegheiter avhengig av dei pågåande transaksjonane mellom menneske og miljø.

På den andre sida er det ikkje all samhandling som fører til endring og utvikling. Samhandling kan også vera repeterte reaksjonsmønster som ikkje skapar noko nytt. Ifølgje Sameroff (2010) skjer dette ofte hos vaksne, som over tid har utvikla reaksjonsmønster for dei fleste daglegdagse situasjonar. Hos barn som har fleire og tettare utviklingsoppgåver å forholde seg til, kan det skje ein stagnasjon i utvikling i den

grad møtet med omgjevnadene ikkje fører til endring og læring. Dette kan også vera tilfelle når psykiske vanskar varer over tid, og «impulsar» utanfrå eller innanfrå ikkje er sterke nok til å skapa endring.

2.3 Framveksten av resiliensforskinga⁹

Medan utviklingspsykopatologien har som overordna siktemål å forstå både normal og patologisk utvikling hos så vel risikogrupper som hos barn flest, har resiliensforskinga eit spesifikt fokus på utvikling hos barn som har vore utsett for traumatiske hendingar eller utviklingstrugande situasjonar over tid (Borge, 2010/2003; Rutter, 1985). Slik sett er denne forskingstradisjonen særleg relevant for barna denne avhandlinga dreiar seg om, som både kan ha levd i omsorgssviktande miljø over tid, og som ofte har opplevd traumatiske episodar i heim eller nærmiljø. Det teoretiske grunnlaget i resiliensforskinga byggjer på dei generelle prinsippa frå utviklingspsykopatologien, men i det faktum at det er vakse fram ei særleg forskingsretning med fokus på barn som har opplevd ekstreme hendingar og situasjonar, reiser det seg eit underliggjande spørsmål om desse barna si utvikling kan ha andre kjenneteikn enn utvikling hos barn flest.

Framveksten av resiliensforskinga har sitt utspring i studiar av psykiske vanskar hos barn i ulike risikosituasjonar. Gjennom oppfølgingsstudiar av barn som vaks opp i fattige omgjevnader eller hadde foreldre med psykiske lidningar eller hadde opplevd krig o.l. (Garmezy, Masten, & Tellegen, 1984; Robins & Rutter, 1990; Rutter, 1989; Werner & Smith, 1992) gjorde ein det noko uventa funnet at ein stor del av barna, ofte meir enn halvparten, ikkje viste særlege teikn på psykisk avvikande reaksjonar, og/eller at mange av barna tilpassa seg nye livssituasjonar tilsynelatande utan langvarige mein (sjå omtale av fleire kjente studiar i Cederblad, 2004). Med utspring i denne forskinga på den varierende tydinga av risikofaktorar for utvikling av psykopatologi skjedde det i løpet

⁹ Omgrepet «resiliens» stammar frå fysikken der det blir brukt om eit materiale eller eit objekt si evne til å koma tilbake til utgangsposisjonen etter å ha vore utsett for sterkt press eller tøyning. Ingeniørar brukar omgrepet som uttrykk for «spenst» t.d. i betong, innan biologien blir det brukt om eit tre eller ein plante si evne til å reisa seg opp att etter å ha blitt utsett for hardt ver og vind. Andre uttrykk for resiliens er elastisitet, «seighet», motstandskraft, styrke, «robusthet», tåleevne, tilpassingsevne, medan det motsette av resiliens kan vera porøs, skjør, stiv, svak, utsett, sårbar, mottakeleg (Wikipedia).

av 1980-90-åra ei dreining i interessefelt frå patologi mot resiliens og sunn utvikling, med særleg vekt på å kartleggja faktorar og prosessar som kunne førebyggja eller dempa effekten av risikoforhold (Borge, 2010/2003).

2.3.1 Risikofaktorar og beskyttande faktorar

Kjerneelementa både innan utviklingspsykopatologi og resiliensforskning er risikofaktorar og beskyttande faktorar, og ikkje minst det dynamiske forholdet dei imellom (Rolf, et al., 1990). Ein risikofaktor kan definerast som alle forhold eller situasjonar, akutte eller kroniske, som aukar risikoen for utvikling av psykopatologi, medan ein beskyttande faktor kan definerast som forhold eller situasjonar som reduserer verknaden av ein risikofaktor, og aukar sjansen for ei sunn utvikling. Ein beskyttande faktor verkar dermed som ei «støytputte» eller «buffer» som gjer seg gjeldande i ein risikosituasjon, og i den grad bufferen er sterkare enn risikofaktoren, aukar sjansane for eit resilient utfall.

Som pionerar i arbeidet med å forstå samanhengen mellom risikofaktorar og beskyttande faktorar er det særleg relevant å trekkja fram den britiske barnepsykiateren og forskaren Michael Rutter og dei amerikanske forskarane Emmy Smith og Ruth Werner. I samband med dei kjente longitudinelle studiane av barn i det engelske øysamfunnet Isle of Wight¹⁰ og studiar av barn i indre London, framsette Rutter ein såkalla risikoindex (Rutter, 1979) over viktige faktorar som auka risikoen for patologisk utvikling hos barn, samstundes som han formulerte det etter kvart klassiske prinsippet om *kumulativ risiko*. Dei 6 risikofaktorane var alvorleg ekteskapleg konflikt, låg sosioøkonomisk status, dårlege buforhold, kriminalitet hos fedrar, psykiske vanskar hos mødrer og kontakt med barnevernet/fosterheimsomsorga. Det var ingen skilnad i risiko for psykiske vanskar hos barn i familiar kjenneteikna av 0 eller 1 risikofaktor, men ved 2-3 risikofaktorar var det konstatert ein 4-dobbel risiko for psykiske vanskar og ved 4 eller fleire risikofaktorar var risikoen igjen multiplisert med talet på risikofaktorar. Altså risikoen for utvikling av vanskar auka eksponensielt med talet på risikofaktorar. Frå dei

¹⁰ For nærare omtale av dei klassiske Rutter-studiane viser eg til Rutter, 1989 og Borge, 2010/2003.

same studiane (Quinton, Rutter, & Liddle, 1984; Rutter & Quinton, 1984) og støtta av anna forskning trekkjer Rutter (1990) også fram ei rekke beskyttande faktorar som kjønn (i tydinga jente før pubertet), det å ha eit lett» temperament, ein god foreldre-barn relasjon, ein støttande ektefelle, evne til planlegging, positive skoleerfaringar, positiv sjølvoppfatning (Harter, 1999), tru på eigen kompetanse (Bandura, 1976), nøytralisierende hendingar og vendepunkt i livet.

Werner og Smith (1992), personane bak den verdskjente 40-års longitudinelle undersøkinga av eit årskull barn fødd i 1955 i det fattige øysamfunnet Kauai på Hawaii¹¹, presenterte ei liknande liste over risikofaktorar og beskyttande faktorar. Risikofaktorane omfatta perinatalt stress, kronisk fattigdom, foreldre med låg utdanning, disorganisert familiemiljø, liten stabilitet i familien, alkoholiserde foreldre, vald, tenåringsmor og omsorgssvikt. For at barna skulle definerast som «risikobarn» måtte minst 4 av risikofaktorane vera til stades. Beskyttande faktorar var at barnet hadde normal intelligens, var sjarmerande og tiltrekte seg positiv merksemd frå familie og andre, dei hadde kjenslemessige band til søsken og besteforeldre i tillegg til foreldre, og dei hadde tilgang til eit ytre støtteapparat som verdsette kompetansen deira (t.d. skole, trussamfunn, vennegruppe).

Desse tidlegaste listene over risikofaktorar og beskyttande faktorar har blitt utvida i takt med nye forskingsresultat, og dei har blitt systematisert etter kva nivå dei representerer; individnivå, familienivå og samfunnsnivå (Kvelling, 2007). Som eg skal koma inn på seinare er det likevel ikkje alltid lett å skilja risikofaktorar frå beskyttande faktorar, og det er heller ingen uttømande eller autoriserte lister som omfattar alle mogelege påverknadsfaktorar. Samanhengen mellom graden av risikofaktorar og beskyttande faktorar og variasjonar i psykisk helse kan enkelt forklarast slik: Høg grad av risiko knytt til individ, familie eller miljø kombinert med låg grad av beskyttelse gir ein forholdsvis høg risiko for utvikling av vanskar, medan låg grad av risiko kombinert med høg grad av beskyttelse aukar sjansane for ei sunn utvikling. Andre mindre

¹¹ Nærare omtale av Kauai-studien er å finna i Cederstrøm, 2003 og Borge, 2003/2010, forutan originalkjelder (Werner & Smith, 1992, Werner, 1993)

ekstreme kombinasjonar av risiko og beskyttelse gir mindre ekstreme utfall i den eine eller andre retninga. Som allereie nemnt tenkjer ein seg at risikoen for utvikling av vanskar aukar med talet eller omfanget av risikofaktorar, men det er også av tyding om risikoen har samanheng med ein akutt situasjon eller om den varer ved over tid, sameleis som enkelte risikofaktorar kan ha ein sterkare alvorsgrad enn andre. Med referanse til forskning om tydinga av enkeltfaktorar versus opphoping av risikofaktorar uttalar Sameroff (2010) at effekten av enkeltfaktorar nokre gonger først kjem til syne i kombinasjon med andre faktorar (interaksjonseffektar), noko som framhevar tydinga av kompliserte modellar også for å forstå enkeltsamanhengar. I avhandlinga er både tal og type risikofaktorar gjort til gjenstand for utforsking og drøfting (artikkel 1).

2.3.2 Direkte og indirekte risiko

Ein annan nyanse i forståinga av resiliensprosessar er at både beskyttande faktorar og risikofaktorar kan vera enten *direkte* eller *indirekte* i sin verknad på barnet (Baldwin, Baldwin, & Cole, 1990). Faktorar som har ein direkte påverknad av barnet kan vera organiske forhold (t.d. fødselsskadar, nevrologisk skade, manglande ernæring, genar), intrapersonlege forhold (t.d. intelligens, sjølvoppfatning, oppfatning av andre, meistringsstrategiar) eller interpersonlege forhold (t.d. samspel mellom barnet og andre viktige personar i og utanfor familien, foreldrestil, omsorgskvalitetar). I det empiriske materialet i avhandlinga er det ingen spesifikke variablar som gjeld organiske forhold hos barnet, men informasjon om barnet si åtferd, både i form av åtferdsvanskar og prososial åtferd, kan sei noko om barnet sine meistringsstrategiar i ein vanskeleg livssituasjon. Når det gjeld interpersonlege forhold som har ein direkte innverknad på barnet er det særleg informasjon om årsaker til plassering som er relevant, t.d. omsorgssvikt/overgrep, grensesetjingsproblem/disiplinproblem og samhandlingsproblem. Avhandlinga har også informasjon om «støttande relasjonar» i barnet sitt nettverk, t.d. støtte i eldre søsken, familie/slekt og venner/naboar, som vil kunna ha ein direkte innverknad på barnets psykiske helse og fungering. Også ulike livshendingar som flytting, skolebytte, endringar i familiesituasjonen, dødsfall etc. er eksempel på forhold som verkar direkte inn på barnet.

Faktorar som indirekte kan ramma eller beskytta barnet er relatert til meir objektive kjenneteikn ved foreldre/familie og/eller oppvekstmiljø/storsamfunnet. T.d.

kan familiestruktur, foreldres utdanning, helse, økonomi, livsstil etc. ha positive eller negative verknader på barnet avhengig av korleis slike forhold verkar inn på foreldra si fungering og dernest på samspelet mellom foreldre og barn, og korleis barnet sjølv opplever situasjonen. Ei rekke slike forhold blir undersøkt i avhandlinga for å utforska variasjon og samanhengar i barnas psykiske helse. I ein særleg risikosituasjon, t.d. ved tappt arbeidsinntekt eller ved rusproblem hos foreldre (sjå artikkel 2), tenkjer ein seg at familiar med sterkare ressursar totalt sett vil vera betre i stand til å oppretthalda ei tilfredsstillande fungering overfor barna enn familiar med knappare ressursar. I begge tilfella verkar dei meir objektive kjenneteikna ved foreldre/miljø indirekte på barna. Det er ikkje nødvendigvis fattigdom eller rusproblem i seg sjølv som skaper problem for barnet, men samhandlinga mellom foreldre og barn, korleis situasjonen blir opplevd og handtert av barnet og i kva grad barnet har støtte i nettverket. Ved slik indirekte påverknad seier ein at verknaden av dei ytre forholda blir *mediert* gjennom (går via) foreldra si fungering overfor barnet. I den grad indirekte faktorar har ulik verknad på psykisk helse hos gutar og jenter, eller på barn i familiar med høg eller låg inntekt, er det tale om at kjønn eller familieinntekt *modererer* (spesifiserer) effekten av den undersøkte samanhengen (Baron & Kenny, 1986; Bennett, 2000).

2.3.3 *Frå faktorar til prosessar*

Allereie på 1980-talet, i den klassiske artikkelen «Resilience in the face of adversity» (Rutter, 1985), tok Rutter til orde for at fokus burde endrast frå å studera tydinga av uavhengige enkeltfaktorar til å studera prosessane og mekanismane som gjer at faktorane får ei tyding for enkeltindividet. Det er ikkje dei ulike faktorane i seg sjølv som er avgjerande, men korleis individet sine sterke og svake sider blir omforma og kjem til uttrykk i ulike situasjonar. Eit spedbarn kan t.d. vera beskytta pga. alder fordi det enno ikkje har utvikla ei kognitiv forståing av kva som inneber ein risiko, medan ei god kognitiv forståing hos eldre barn kan gjera at barnet kan forstå og forholde seg til ein situasjon på ein aktiv måte som fører til ei resilient utvikling. Motsett kan ei dårlegare kognitiv forståing innebera forvirring og stress som kan føra til patologi.

Når barn blir flytta frå foreldra sine til offentleg omsorg er det mange eksempel på at dei ikkje har blitt forklart eller forståar kvifor flytting er nødvendig (Andenæs & Skollerud, 2003), noko som kan påføra barna langvarige belastningar. Slike situasjonar

blir gjerne forsterka når foreldra heller ikkje er einige i at barnet må flytta, noko som kan skapa eit vanskeleg samarbeidsforhold mellom barnet sine nye omsorgsgivarar og foreldra. På den andre sida er det sjølvstøtt ein normal reaksjon at barn sørgjer når dei må flytta frå foreldra sine. Det avgjerande i slike situasjonar kan vera korleis barna blir ivaretekne i sorgprosessen, og at dei får tid og støtte til å tilpassa seg ein ny situasjon. For å gjera ei flytting mest mogeleg skånsam er det sjølvstøtt også av tyding at barna i størst mogeleg grad er førebudde på dette, og at ikkje flyttinga, slik det var for mange barn i vårt prosjekt, skjer akutt (Christiansen, et al., 2010; Christiansen & Havnen, 2003).

Hos barn som har ein oppvekst med foreldre som har psykiske vanskar og/eller rusproblem ser ein også store variasjonar i korleis barna taklar dette (sjå artikkel 2). Medan nokre barn reagerer med åtferdsvanskar eller avvising pga. utilfredsstillande omsorg, er det andre barn som møter utfordringane på ein meir proaktiv måte, bl.a. ved å ta på seg ein vaksenrolle for å prøva å ivareta dei daglege funksjonane i heimen. Dette er eit fenomen som blir kalla «parentifisering», og som ofte blir sett som eit problem hos barn plasserte utanfor heimen. I ein forskingsgjennomgang viser Haugland (2006) til at parentifisering ikkje nødvendigvis er teikn på ein patologisk utviklingsprosess, men at det også kan vera uttrykk for ein sunn prosess som fremjar resiliens. Det avgjerande synest å vera i kva grad barna blir verdsette for innsatsen det gjer, gjerne i samband med praktiske gjeremål i heimen eller i forhold til yngre søsken, eller om innsatsen i større grad krev at barna må fungera som empatiske støttepersonar for foreldra, utan å få tilsvarende støtte tilbake.

Ein parallell til dei ulike verknadene av parentifisering, kan vera tydinga av barnet si prososiale åtferd (sjå artikkel 2). I utgangspunktet tenkjer ein seg at prososial åtferd gir positive ringverknader for barnet både i skolesamanheng, blant venner og i samvær med vaksne. Dette skjer ved at barnet gjennom positive sosiale relasjonar også vil motta støtte, som gjer barnet betre istand til å tola stressande situasjonar i heimen (Sørli, Hagen, & Ogden, 2008). Men det er også forskning som viser at prososial åtferd som inneber for stor grad av innleving i andre sin situasjon, kan føra til emosjonelle vanskar (Perren, Stadelmann, Wyl, & Klitzing, 2007).

Forholdet mellom sosial støtte og stress er heller ikkje ukomplisert (Lazarus & Folkman, 1984 ref. i Rutter, 1985). T.d. har tydinga av sosial støtte i stressande

situasjonar lenge blitt sett som ein «buffer» eller støytputte mot utvikling av patologi. Empirisk forskning om tydinga av sosial støtte har likevel ikkje vore eintydig i sine resultat, noko Rutter bl.a. meiner har samanheng med korleis sosial støtte har blitt definert og undersøkt. T.d. seier storleiken av nettverket lite om kvaliteten og den opplevde støtta av relasjonane, og nettverket kan slik sett like gjerne vera kjelde til stress som til støtte (Bøe, 2012; Fyrand, 2005). På same vis er skilsmisse, flyttingar og skolebytte ofte behandla som risikofaktorar, samstundes som i nokre situasjonar er det slike hendingar som skal til for at eit barn og ein familie sin situasjon skal betra seg. Både stressande livshendingar og støttande relasjonar er undersøkt i avhandlinga (artikkel 2).

Ein annan viktig nyanse i forståing av resiliensprosessar er skiljet mellom beskyttande faktorar som gjer seg gjeldande i risikosituasjonar og positive faktorar som fremjar ei sunn utvikling generelt sett (Rutter, 1985, 2007). Det å ha god helse, god omsorg, god økonomi, godt sosialt nettverk etc. er alle faktorar som ofte er til stades hos barn med ei sunn utvikling; kjenneteikna av meistringsevne og kompetanse. Men beskyttande faktorar treng ikkje å vera positive hendingar i seg sjølv, og det treng ikkje vera forhold som vanlegvis er knytt til sunn utvikling. Rutter viser til at det å vera utsett for risikofylte hendingar til ein viss grad kan føra til styrking av immunforsvaret, som igjen kan auka individets motstandskraft mot seinare stress. Eit barn som kjenner seg ivareteken gjennom sjukdom og stress, vil kunna opparbeida strategiar og tankemåtar som verkar beskyttande. Igjen er utviklinga og utfallet avhengig av samspelet mellom forhold og prosessar på ulike nivå.

Rutter viser vidare til at beskyttande faktorar ikkje har nokon tydeleg effekt i fråværet av risiko, men at dei kjem til syne i møtet med risiko. Eksempel på dette er vellukka førebyggingsprogram for motverknad av emosjonelt stress hos barn ved innlegging i sjukehus. Det er rimeleg å tru at det ville vera vanskeleg å finna nokon effekt av programma i heilt andre situasjonar. Eit anna eksempel som blir trekt fram er kjønn som beskyttande faktor, i tydinga av at jenter i langt mindre grad enn gutar viser teikn på patologi i møtet med stress i åra fram mot puberteten. Ei forklaring på dette er at dei ulike reaksjonane ikkje skuldast kjønn i seg sjølv, men både det at gutar og jenter blir behandla ulikt, og at gutar naturleg har ein tendens til å utsetja seg sjølv for meir risikofylte situasjonar enn jenter (Rutter, 1990).

2.3.4 Resiliens som «ordinary magic»

I takt med framveksten av ei transaksjonell forståing av menneskeleg utvikling har også fenomenet resiliens fått eit endra innhald; frå ei tidlegare forståing av at enkelte barn hadde ei sterkare medfødd motstandskraft enn andre (såkalla løvetannbarn), til dagens forståing av resiliens som ein relativ tilstand som kan endra seg i tid og rom (Borge, 2010/2003). Ein kjent definisjon av resiliens er «prosessar som gjer at utviklinga når eit tilfredsstillande resultat, trass i at barn har hatt erfaringar med situasjonar som inneber ein relativt stor risiko for å utvikla psykiske problem eller avvik» (Rutter, 2000). Borge (2010/2003) definerer resiliens som «å gjenoppretta, oppretthalda og forbetra psykisk fungering etter å ha opplevd ein akutt eller levd i ein kronisk alvorleg risikosituasjon».

Ein føregangsperson i nyare resiliensforskning er den amerikanske forskaren Ann Masten. Ho har særleg bidrege til å forstå at resiliensprosessar i utgangspunktet ikkje er knytt til særlege eigenskapar hos enkeltbarn, men må forståast som ein integrert del av det menneskelege tilpassingssystem som blir aktivert i møte med stressande livshendingar og utviklingstrugande situasjonar (Masten, 2001). Uttrykket hennar «ordinary magic» peikar nettopp på dette fenomenet; at mennesket har ei medfødd evne til å gjenvinna balanse dersom ikkje dei ulike tilpassingssystema er varig skada. Etter ein gjennomgang av resiliensforskninga listar Masten et al. (2006, p. 22) opp ei rekke menneskelege tilpassingssystem med tilhøyrande beskyttande faktorar som har tyding for utvikling av resiliens i møte med risiko. Lista blir gjengitt nedanfor i original versjon:

Adaptive systems implicated in the world literature on resilience

- Learning systems of the human brain
 - problem solving, information processing
- Attachment system
 - close relationships with caregivers, friends, romantic partners, spiritual figures
- Mastery motivation system
 - self-efficacy processes, reward systems related to successful behaviour
- Stress response systems
 - alarm and recovery systems
- Self-regulation systems
 - emotion regulation, executive functioning, activation and inhibition of attention or behaviour
- Family system
 - parenting, interpersonal dynamics, expectations, cohesion, rituals, norms
- School system
 - teaching, values, standards, expectations

- Peer system
 - friendships, peer groups, values, norms
- Cultural and societal systems
 - religion, traditions, rituals, values, standards, laws

Det utvida synet på resiliens som eit allment tilpassingssystem har opna for eit langt breiare forskingsfelt enn den tidlegare forskinga omkring eigenskapar hos enkeltpersonar. Dette har både vist seg gjennom forskning på vanlege skolebarn og deira møte med stress og livsutfordringar (Masten, Best, & Garmezy, 1990; Masten et al., 1995; Masten, Hubbard, & Gest, 1999; Masten & Obradovic, 2006), og ved at resiliens ikkje berre blir målt som fråvær av psykiske vanskar, men like gjerne som kompetanse og meistring på ulike livsområde. Eit eksempel frå den breiare forskningstradisjonen er det longitudinelle «kompetanseprosjektet» i Minneapolis som i meir enn 20 år har kartlagt og følgt opp typiske skolebarn og deira familiar i forhold til kompetanse, påkjenningar og stress, og situasjonar og forhold som hadde gjort ein skilnad i liva deira. Ein av studiane til Masten (1995) galdt utvikling av barnas kompetanse frå dei var 8-12 år og til dei var 17-23 år. Utifrå viktige utviklingsoppgåver for barn i denne aldersgruppa vart kompetanse på det første tidspunktet operasjonalisert i forhold til «sosial kompetanse», «åtferdskompetanse» og «akademisk kompetanse», medan det for dei unge vaksne var eit tillegg av «jobbkompetanse» og «romantiske forhold». Eit hovudresultat var at åtferdskompetanse (antisosial eller prososial åtferd) viste sterk kontinuitet over tid, medan sosial kompetanse og akademisk kompetanse viste moderat kontinuitet. Eit viktig funn var også at antisosial åtferd underminerte akademisk kompetanse og jobbkompetanse.

Parallelt med den såkalla «kompetansetradisjonen» føregår det framleis viktig resiliensforskning på grupper i særleg risiko for å utvikla psykiske vanskar. Eit eksempel på dette er det storstila oppfølgingsprosjektet av Romania-barna, som etter å ha levd kortare eller lengre tid i «depriverande» barneheimar blei adopterte til engelske og amerikanske familiar (Rutter & The English and Romanian Adoptees Study Team, 1998). Overordna funn frå dette prosjektet er at storparten av barna viste framgang og tilpassing på dei fleste utviklingsområde, og at dei hadde ei overraskande stor evne til å gjenoppretta normale funksjonar. Frå det norske resiliensmiljøet har vi eksempel på meir fokuserte prosjekt som omhandlar tydinga av trygg tilknytning for utvikling av ego-

resiliens (Von der Lippe, Hartmann, & Killen, 2007), resiliens som personlegdomstrekk (Torgersen & Waaktaar, 2007), resiliens og tiltaksarbeid (Waaktaar, Torgersen, & Christie, 2007) og tydinga av vennskap for ukonsentrerte og hyperaktive barn (Borge & Natvig, 2007).

Eit anna norsk kompetansemiljø med relevans for resiliensforskning er det såkalla spedbarnsnettverket (Nasjonalt kompetansenettverk for sped- og småbarns psykiske helse), med Vibeke Moe som ein av føregangspersonane. Moe er særleg kjent for forskning på gravide rusmisbrukarar/barn av rusmisbrukarar, som ho har følgd frå svangerskapet og framover, og som er unikt i norsk samanheng (Moe, 2002; Moe & Slinning, 2002). Doktorgradsprosjektet hennar er av særleg interesse for barnevernsfeltet, fordi mange av dei ruseksponerte barna blei adopterte eller plasserte i fosterheim i løpet av det første leveåret. I ein alder av 4-5 år viste dei fleste barna relativt god utvikling, men med teikn på nedsette intellektuelle funksjonar på enkelte område (visual-motor and perceptual abilities). Jentene utvikla seg betre enn gutane dei første par åra, men med mindre skilnader ved siste oppfølging.

2.4 Mot ei integrert forståing av resiliens og utvikling?

Den breiare forståinga av resiliensprosessar har også bidrege til eit sterkare fokus på ressursar og meistring innanfor utviklingspsykopatologisk forskning generelt. Dette gjeld t.d. framveksten av såkalla «positiv psykologi» (Seligman, 2000), forskning på barns kompetanse og meistring generelt (Nordahl, Sørli, Manger, & Tveit, 2005; Ogden, 1995; Sandbæk, 2002), tiltaksforskning (t.d. Ogden, 2010) og longitudinelle prosjekt om barns utvikling og helse, som omfattar så vel biologiske som miljøvise forhold (t.d. det norske mor-barn prosjektet i regi av Folkehelseinstituttet, <http://www.fhi.no/dav/1c83308dec.pdf>).

På den andre sida har tilnærminga mellom resiliensforskning og andre retningar innan utviklingspsykopatologisk forskning medført at det etter kvart har blitt vanskeleg å skilja mellom rein resiliensforskning og forskning på utviklingsprosessar generelt. Medan *resiliensperspektivet* som forståingsmåte for barns utvikling i møte med risiko har vunne stor internasjonal gjenklang dei siste 20 åra, blir det hevda at *resiliensforskninga* ikkje har hatt ein tilsvarande framgang (Kumpfer, 1999; Kvello, 2007; Masten & Obradovic, 2006). Framståande resiliensforskarar har teke til orde for at *resiliensforskninga* står i

fare for å mista truverde sitt som forskingstradisjon dersom ikkje presserande utfordringar blir løyst (Cicchetti & Garnezy, 1993; Kumpfer, 1999). Ifølgje Kumpfer (1999) gjeld dette alt frå uklare og ulike definisjonar og operasjonaliseringar av resiliens og risiko, til forskingsdesign som spenner frå mindre kvalitative studiar via tverrsnittstudiar med få eller mange variablar, til forholdsvis få omfattande studiar som siktar mot å forstå resiliensprosessar over tid. Trass i relativt mange resiliensstudiar etter kvart er det altså vanskeleg å samanlikna resultata, fordi studiane byggjer på ulike føresetnader og det manglar overordna modellar for å forstå vesentlege samanhengar.

Masten (2007) drøftar også ulike utfordringar knytt til den fragmenterte og sprikande resiliensforskinga, samstundes som ho hevdar at forskingstradisjonen no står på trappene til den såkalla «fjerde bølge»¹² (sjå også Borge, 2007). Den fjerde bølge bør ifølgje Masten (2007) fokusera på korleis ein ved hjelp av multinivå analysar kan systematisera og integrera dei ulike forskingsspørsmåla i tråd med ei transaksjonell forståing av resiliens og utvikling (Sameroff, 2010); inkludert nyare bidrag frå genetik og nevrobiologisk forsking om hjernens plastisitet. Eit eksempel på nyare bidrag frå genforskning er t.d. påvising av at nokre barn frå fødselen av er ekstra sensitive både for negativ og positiv påverknad (Aron & Aron, 1997; Belskey, 2005, 2012; Ellis & Boyce, 2008). Desse barna, «orkidebarn», er ikkje berre ekstra sårbare for utvikling av psykiske vanskar, men har også eigenskapar for å gjera seg ekstra god nytte av eit stimulerande oppvekstmiljø. Belskey (2012) påpeikar at tidlegare forsking har vore fokusert på at nokre barn er ekstra sårbare, medan ein har oversett at dei same barna også har større mogelegheiter enn andre barn for å utvikla seg i ei positiv retning. For å forstå utvikling hos barn som blir flytta frå omsorgssviktande biologiske familiar til utviklingsstøttande omsorg i offentlege familiar, kan det i framtida vera viktig å inkludera bidrag frå genforskninga.

¹² Ifølgje Masten hadde bølge 1 fokus på å forstå at nokre barn utvikla seg tilfredsstillande trass i sterke påkjenningar, bølge 2 var kjenneteikna av ein periode med forsking på forholdet mellom beskyttande faktorar og resiliensprosessar, og bølge 3 har vore prega av tiltaksforskning på korleis ein kunne dempa verknadene av risikofaktorane og styrka barns positive utvikling.

3. Relevant forskning om psykisk helse

I denne forskingsgjennomgangen er det primært fokus på psykisk helse og utvikling hos barn plasserte utanfor heimen. Dei refererte studiane er nært knytte til problemstillingane i avhandlinga, som gjeld førekomst, variasjon og utvikling av psykiske vanskar. Dette gjeld også forskning om ei rekke forhold på ulike nivå som kan ha samanheng med barnas psykiske helse, og som er undersøkt i dei ulike delstudiane. Sentrale tema som rusproblem hos foreldre, omsorgssvikt/overgrep og åtferdsvanskar/samhandlingsproblem er gjort greie for i egne avsnitt, både fordi dei kvar for seg representerer egne forskings- og kunnskapsfelt, og fordi dei har særleg relevans for delstudiane i avhandlinga. Psykiske vanskar er i avhandlinga undersøkt ved hjelp av eit standardisert kartleggingsinstrument. Dette har vore rettleiande for utveljing av relevante studiar i forskingsgjennomgangen, men ein har også inkludert enkelte studiar med andre utfallsmål; som psykiatriske diagnosar på den eine sida og psykososial fungering på den andre sida. I den grad det framleis manglar forskning om plasserte barns psykiske helse på ein del område, er det trekt inn forskning om andre barnegrupper for å kasta lys over problemstillingar og samanhengar som er aktuelle i avhandlinga. I tillegg blir psykiske vanskar hos plasserte barn samanlikna med psykiske vanskar hos barn flest og hos andre utsette barnegrupper. I gjennomgangen er det ikkje inkludert egne avsnitt om samanhengen mellom moglege beskyttande faktorar og barnas psykiske helse, dels fordi dette er omtala i teorikapitlet, og dels fordi det er mangel på slik forskning for plasserte barn. Beskyttande faktorar blir omtala undervegs, i den grad dei ulike studiane har rapportert om slike forhold. Sist i kapitlet er det inkludert eit avsnitt om barns egne vurderingar av psykisk helse og trivsel, ei problemstilling som ikkje er del av avhandlinga, men som er viktig for å danna seg eit heilskapleg bilete av barnas behov og situasjon.

3.1 Førekomst og variasjon av psykiske vanskar

Ifølgje Nasjonalt folkehelseinstitutt reknar ein med at mellom 15 % og 20 % av norske barn under 18 år vil oppleve psykiske problem i løpet av oppveksten, og at omkring 8 % av barna vil ha behov for psykisk helsehjelp (Bang Nes & Clench-Aas, 2011; Dybing & Stoltenberg, 2006; Mykletun, Knudsen, & Mathiesen, 2009). Internasjonale oversiktar

og studiar viser eit liknande omfang (Costello, Egger, & Angold, 2005; Ford, Goodman, & Meltzer, 2003).

Når det gjeld norske barn plasserte utanfor heimen finst det pr. i dag ingen offisielle førekomsttal for psykiske vanskar, men enkeltstudiar viser at førekomsten er langt høgare enn for barn flest. Kjelsberg og Nygrän (2004) studerte psykiske vanskar hos alle barn i alderen 4-18 år som var plasserte i barneverninstitusjonar og profesjonelle fosterheimar (knytt til institusjonar) i Oslo fylke i løpet av ei gitt veke i september 1999 (n=244). Desse vart samanlikna med barn i same alder som budde i barne- og ungdomspsykiatriske behandlingsinstitusjonar eller døgntilbod i same fylket på same tid (n=90). Målt ved det standardiserte kartleggingsinstrumentet The Achenbach Child Behaviour Checklist (CBCL) (Achenbach, 1991) fann dei at heile 68 % av barna i barneverninstitusjonar (inkl. forsterka fosterheimar) hadde kliniske skårar for totale psykiske vanskar, medan tilsvarande for barna i psykiatriske institusjonar var 72 % (ikkje signifikant skilnad). Det var heller ingen skilnad i totale psykiske vanskar hos gutane i dei to utvala, (mellom 71 % og 64 %) men av jentene i psykiatriske institusjonar hadde 86 % vanskar mot 63 % av jentene i barneverninstitusjonar. Skilnaden gjaldt også internaliserande vanskar.

Holtan et al. (2005) samanlikna psykiske vanskar hos eit nasjonalt utval barn i alderen 4-13 år som var plasserte i slektsfosterheimar (n=124) med eit utval barn i same aldersgruppe (frå 3 fylke) som var plasserte i offentlege fosterheimar (n=90). Også målt ved CBCL, fann dei at 36 % av barna i slektsfosterheimar mot 52 % av barna i offentlege fosterheimar hadde symptom på psykiske vanskar. Variablar som hadde samband med høge problemskårar var det å vera gut, og at plasseringsstaden låg utanfor barna sitt heimemiljø.

Til samanlikning viser ein delstudie frå det populasjonsbaserte, longitudinelle «Barn i Bergen» prosjektet (n= 4162) at heile 56 % av heimebuande barn i alderen 10-13 år med tiltak frå barnevernet (n=82) hadde symptom på psykiske vanskar målt ved The Strength and Difficulties Questionnaire (SDQ) (Goodman, 1999), mot 8 % av barna utan tiltak frå barnevernet (Iversen, Jakobsen, Havik, Hysing, & Stormark, 2007). At såpass stor del av barnevernsbarna som ikkje var plasserte utanfor heimen hadde psykiske vanskar, tyder på at vanskan ofte oppstår før plassering, og ikkje berre er eit utslag av sjølv plasseringa. Også denne studien fann at gutar hadde høgare vanskar enn

jenter både når det gjaldt emosjonelle vanskar, åtferdsvanskar, hyperaktivitet, vennerelasjonar og dei hadde lågare prososiale skårar.

Internasjonal forskning om psykisk helse hos barn under offentleg omsorg stadfestar også at plasserte barn har langt oftare psykiske vanskar enn barn flest (sjå t.d Burge, 2007; Dimigen, et al., 1999; Egelund, et al., 2008; Fernandez, 2008; Ford, et al., 2007; Garland, et al., 2001; Pecora, et al., 2010; Stein, et al., 1996). Ford et al. (2007) har referert til førekomststal mellom 17 % og 89 % for studiar utført i USA, Canada og Storbritannia medan Stein et al. (1996) har referert til førekomststal mellom 48 % og 80 %. Ein ny oversiktsstudie om psykiske vanskar hos fosterbarn i USA, Canada, Skotland, Australia og Noreg har rapportert førekomststal mellom 36 % og 61 % for eksterntalserande vanskar målt ved CBCL (Oswald, Heil, & Goldbeck, 2010). At tala er såpass sprikande skuldast truleg at studiane til dels dreiar seg om ulike aldersgrupper, ulike omsorgstiltak og ulike kartleggingsmetodar og informantar, og sjølvstakt det faktum at undersøkingane har blitt gjennomførte i ulike land. I den vidare gjennomgangen av internasjonale førekomststudiar har eg valt å omtala eit par sentrale britiske og nordiske studiar, fordi desse har større samanlikningsverdi i forhold til det norske systemet for plassering av barn utanfor heimen enn utanom europeiske studiar, både når det gjeld lovverk og plasseringspraksis (Backe-Hansen, Egelund, & Havik, 2010).

Ein av dei til no største studiane av psykisk helse hos plasserte barn er den britiske studien av Ford et al. (2007), som inkluderte barn i alderen 5-17 år frå England, Skotland og Wales. Studien var basert på surveyar frå dei 3 landa (n=1453), og samanlikna med data frå den britiske surveyen for barn og unges mentale helse (n=10438). Alle surveyane hadde brukt dei same måleinstrumenta for å kartleggja psykopatologi; Development and Well-being Assessment (DAWBA) og SDQ, og utvalet av plasserte barn var tilfeldig valt. Hovudfunna frå studien var at 45 % av plasserte barn hadde psykiske vanskar; varierende mellom 71 % av barn i institusjonar til 32 % av barn i slektsfosterheimar. Studien fann også at variablar som alder, kjønn og lærevanskar hadde samanheng med ulike typar psykiske vanskar på same måte som for barn generelt sett. Dette innebar at eldre barn hadde oftare angstliding, posttraumatisk stress liding og åtferdsvanskar, medan yngre barn hadde oftare opposisjonell åtferdsforstyrning, hyperkinetisk forstyrning og separasjonsangst. Jenter hadde oftare

posttraumatisk stresslidning, medan gutar hadde oftare hyperkinetisk forstyrning og åtferdsvanskar.

Ein dansk, longitudinell kohortstudie av psykisk helse blant alle 7-åringar er gjennomført i Danmark av Egelund og medarbeidarar (Egelund, et al., 2008; Egelund & Hestbæk, 2007; Egelund, Hestbæk, & Andersen, 2004; Egelund & Lausten, 2009). Studien omfatta alle barn som var fødd i 1995 og som anten var plasserte eller hadde vore plasserte utanfor heimen på undersøkingstidspunktet (n=1072). Desse barna vart samanlikna med eit utval utsette barn som mottok tiltak frå barnevernet medan dei budde heime (n=1457), og med barn som ikkje hadde kontakt med barnevernet (n=71321). Nye surveydata vart innhenta då barna var 11 år gamle, og utvalet av plasserte barn vart då komplettert med evt. nykomarar frå same fødselskohorten (1995). Undersøkinga var også koplå mot registerdata både i forhold til sosioøkonomiske forhold og helseforhold/diagnosar. Utanom bruk av diagnosedata, vart psykisk helse kartlagt ved hjelp av det standardiserte måleinstrumentet SDQ. Hovudfunn frå den første undersøkinga (Egelund, et al., 2004) var ifølgje dei offentlege omsorgspersonane (anbringelsesstedene) at 66 % av dei plasserte barna hadde totale psykiske vanskar over normalområdet (53 % abnormal + 13 % borderline), mot 26 % (17 % + 9 %) av dei heimebuande barna med barneverntiltak og 9 % (5 % + 4 %) av barn flest¹³. Dei mest utbreidde vanskane var hyperaktivitet og åtferdsvanskar, medan emosjonelle vanskar var sjeldnare. Gutar i alle gruppene hadde høgare vanskar enn jenter, medan aldersskilnader i tidspunkt for plassering ikkje hadde ein signifikant samanheng med psykiske vanskar.

3.2 Tydinga av risikofaktorar for plasserte barns og andre barns psykiske helse

Mange studiar viser at barn plasserte utanfor heimen er marginalisert i forhold til andre barn når det gjeld familiestruktur, foreldres utdanning og inntektsforhold, foreldres psykiske helse og rusproblem, sviktande foreldrefunksjonar (inkludert omsorgssvikt og

¹³ Ifølgje foreldra var førekomsten av psykiske vanskar hos barna lågare; 47 % utanfor normalområdet (37 % abnormal+ 10 % borderline)

mishandling), stressande livshendingar og sosialt nettverk (sjå t.d. Andenæs, 2004 ; Backe-Hansen, 2003b; Clausen, 2000; Clausen & Kristofersen, 2008; Cleaver, Undell, & Aldgate, 1999; Egelund, et al., 2004; Egelund & Lausten, 2009; McAuley & Young, 2006). I tillegg er kjenneteikn og eigenskapar ved barnet sjølv ofte avgjerande for korleis barnet reagerer på ulike risikofaktorar (Rutter, 1990). Dette er alle ifølgje epidemiologisk forskning, åleine eller saman, kjente risikofaktorar for utvikling av psykiske vanskar hos barn (Costello, et al., 2005; Meltzer, Gatward, Goodman, & Ford, 2000). Det er derimot framleis lite forskning som spesifikt har undersøkt korleis desse risikofaktorane har samanheng med psykisk helse hos plasserte barn, og om utfallet er det same som for barn flest eller barn i andre risikogrupper som ikkje er plasserte utanfor heimen.

I Noreg har vi ikkje funne studiar der plasserte barns psykiske helse har blitt undersøkt i forhold til sosioøkonomiske forhold. Iversen et al. (2007) sin delstudie frå Barn i Bergen prosjektet (n=4162) som også omfatta heimebuande barn i kontakt med barnevernet (n=82), fann derimot at faktorar som kjønn, familiestruktur (eineforeldre), foreldra si helse og utdanning, samt familien sin økonomiske situasjon alle hadde samanheng med barnas psykiske helse. Den viktigaste forklaringsvariabelen for variasjonar i barnas psykiske helse var derimot om barnet hadde kontakt med barnevernet eller ikkje.

I Danmark undersøkte Egelund et al. (Egelund, et al., 2004; Egelund & Lausten, 2009) samanhengen mellom psykisk helse/psykiatriske diagnosar hos barna og ei rekke variablar knytt til sosioøkonomiske og familierelaterte forhold. I undersøkinga av 7-åringar plasserte utanfor heimen (Egelund, et al., 2004) vart det funne ein klar samanheng mellom «dårlege sosiale forhold» som årsak til plassering og psykiske vanskar (åtferdsvanskar og totale vanskar) hos barna. Desse barna hadde også lågare prososial åtferd. I oppfølgingsundersøkinga av *alle* barna i alderskohorten av 11-åringar (Egelund & Lausten, 2009) er det rapportert om ein større risiko for at barnet hadde ein psykiatrisk diagnose i familiar med eineforeldre og der foreldra hadde ein psykiatrisk diagnose, medan risikoen var mindre dersom søskenflokken bestod av fleire heilsøsken, og dersom foreldra var i arbeid. For 11-åringane som var plasserte utanfor heimen var det ingen av desse faktorane som hadde forklaringsverdi, verken i forhold til psykiatriske diagnosar eller målt ved SDQ (bortsett frå kjønn, som predikerte

psykiatriske diagnosar). Forfattaren forklarar dei manglande funna med at i motsetnad til for barn flest, som sjeldan er utsett for mange risikofaktorar, så er dette svært vanleg for plasserte barn. Det er derfor vanskeleg å skilja ut plasserte barn med høge eller låge vanskar på grunnlag av enkeltståande risikofaktorar. Pga. lite data vart ikkje desse analysane gjort for dei heimebuande barna med tiltak frå barnevernet.

Meltzer et al. (2000) fann også at psykisk helse hos engelske barn flest hadde samanheng med foreldres psykiske lidningar, familiekonfliktar, å bli straffa av foreldre, og opplevingar av stressande livshendingar (t.d. separasjon frå foreldre, dødsfall i nær familie). Kva tyding desse risikofaktorane har for plasserte barn eller andre utsette barn er ikkje direkte undersøkt i dei engelske studiane. Ford et al. (2007) hevdar likevel at den høgare førekomsten av meir miljørelaterte psykiske lidningar som post traumatisk stress syndrom, ulike emosjonelle lidningar og åtferdsvanskar hos plasserte barn kan ha samanheng med opphoping av risikofaktorar i barna sin biologiske familie, medan den høgare førekomsten av meir biologisk relaterte lidningar som ADHD og autismelidningar kan ha samanheng med manglande foreldrekompetanse til å følgja opp særleg krevjande barn.

Stein et al. (1996) undersøkte samanhengen mellom ulike risikofaktorar og psykiske vanskar hos kanadiske barn i alderen 4-16 år. Eit utval fosterbarn (n=248) vart samanlikna med barn som hadde kontakt med det psykisk helsevernet (klinisk utval) (n=654) og barn frå eit generelt utval (n=1751). Barna sine psykiske vanskar var skåra av omsorgspersonar og lærarar på eit standardisert måleinstrument brukt innan kanadisk psykisk helsevern (Psychiatric symptomatology was measured using the Standardized Clinical Information System (SCIS) parent and teacher forms). Eit overordna funn var at fosterbarna hadde nesten like høge psykiske vanskar som barna i det kliniske utvalet, og langt høgare enn barn flest. Skilnaden i vanskar hos dei plasserte barna og det kliniske utvalet blei enda mindre etter å ha kontrollert for ulike risikofaktorar, noko som tyder på at skilnaden i psykiske vanskar mellom plasserte barn og vanlege barn ikkje først og fremst skuldast sjølve plasseringa, men at det var relatert til opphoping av risikofaktorar knytt til barna sjølve og til barna sine oppvekstvilkår.

For barn flest fann dei at ei rekke risikofaktorar korrelerte med barnas psykiske helse; barnrelaterte variablar som kjønn, alder, lærevanskar, utviklingshemming, plassering utanfor heimen før fylte 3 år, og omsorgspersonrelaterte variablar som sosial

hjelp status, psykisk lidning eller alkoholmisbruk og registrering i strafferegisteret. I det kliniske utvalet var det også korrelasjon mellom omsorgsgivarskårane for psykiske vanskar og dei fleste risikofaktorane, bortsett frå omsorgsgivars sosial hjelp status og alkoholmisbruk, medan lærarskårane for psykiske vanskar berre var korrelerte med lærevanskar, utviklingshemming og plassering før fylte 3 år. Hos dei plasserte barna var det berre omsorgsgivarane sin kontakt med strafferegisteret som hadde ein samanheng (fysiske og seksuelle overgrep hadde også samanheng, med slik informasjon var ikkje innhenta for barn flest). Som forklaring på den ulike tydinga av risikofaktorar i ulike grupper uttalar også Stein et al. (1996) at det kan vera vanskeleg å skilja ut enkeltfaktorar som predikerer psykiske vanskar hos plasserte barn pga. opphoping av risikofaktorar. I tillegg kan det vera at særleg utsette barn reagerer annleis på risikofaktorar enn barn flest.

Stein et al. (1996) har også vist til eldre studiar som tyder på at nokre risikofaktorar har ulik innverknad på psykisk helse hos barn i ulike grupper, medan andre ikkje har det. T.d. er det funne at rusmisbruk og kriminalitet hos foreldre har ein samanheng uavhengig av gruppe, medan psykiske lidningar og utviklingshemming hos foreldre ikkje har vist nokon samanheng for plasserte barn (Palmer, 1979, Pardeck, 1984 ref. i Stein, et al., 1996). Ulike typar omsorgssvikt og mishandling synest derimot å ha samanheng med psykiske vanskar både blant barn generelt, utsette barn (kliniske utval) og plasserte barn (sjå fleire referansar i Stein, et al., 1996).

3.3 Rusproblem hos foreldre

Rusproblem hos foreldre er ein kjent risikofaktor for ei rekke negative konsekvensar for barns utvikling og helse (Christoffersen & Soothill, 2003; Dore, Doris, & Wright, 1995; Haugland, 2003; Johnson & Leff, 1999; Johnson, Sher, & Rolf, 1991; Rossow, Moan, & Natvig, 2009; Steinhausen, 1995), men studiar viser også at meir enn halvparten av barna greier seg bra som vaksne, særleg dersom dei har vore sosialt engasjerte og har hatt viktige støttepersonar utanom den rusmisbrukande forelderen (Werner, 1986; Werner & Smith, 1992). Oppretthalding av familierutinar og det at barnet blir skjerma for direkte opplevingar av rusmisbruket er andre moglege beskyttande faktorar (Haugland, 2003). Ein nyare rapport frå SIRUS (Rossow, et al., 2009) reknar at mellom 50 000 og 150 000 norske barn er råka av risikofyllt alkoholmisbruk hos foreldra. Dette

utgjør mellom 4 % og 13 % av barnebefolkninga under 18 år (SSB, 2012b). Tala for illegalt rusmisbruk er usikre.

Særleg amerikanske studiar har dokumentert samanhengen mellom foreldres rusmisbruk og ulike typar mishandling (Besinger, Garland, Litrownik, & Landsverk, 1999; Dore, et al., 1995), medan studiar frå mange land har vist at foreldres rusmisbruk er ei svært vanleg årsak til kontakt med barnevernet (Cleaver, et al., 1999; Dore, et al., 1995; Forrester, 2000; Forrester, et al., 2009). Det er likevel få studiar som har undersøkt kjenneteikn ved barn plasserte pga. foreldres rusmisbruk samanlikna med barn plasserte av andre årsaker (Forrester, 2000), og enda færre som har rapportert samanhengar mellom foreldres rusproblem og plasserte barns psykiske helse (Egelund, et al., 2004; Vanderploeg et al., 2007).

Enkeltstudiar har derimot funne at barn som er plasserte pga. foreldres rusmisbruk har andre kjenneteikn enn barn plasserte av andre årsaker, både når det gjeld barna sjølve, sosioøkonomiske forhold, typar mishandling og forhold knytt til sjølve plasseringa. Besinger et al. (1999) fann at barn i rusgruppa samanlikna med barn plasserte av andre grunnar var yngre, dei hadde oftare einslege foreldre og dei hadde oftare opplevd omsorgssvikt i form av vanrøkt. Barn i rusgruppa hadde også sjeldnare opplevd seksuelle og fysiske overgrep. Vanderploeg et al. (2007) fann at barna i rusgruppa var yngre, dei var oftare jenter, og oftare plasserte i slektsfosterheimar. I motsetnad til Besinger et al., fann dei at omsorgssvikt var sjeldnare rapportert for barna i rusgruppa enn i samanlikningsgruppa. Forrester og Harwin (2006) fann også at barn plasserte pga. foreldres rusmisbruk var yngre enn andre plasserte barn, foreldra deira var sjeldnare i arbeid, og familiane budde oftare i midlertidige husvære.

Nokre få studiar har rapportert at plasserte barn av rusmisbrukarar har mindre psykiske vanskar og betre sosial kompetanse enn andre plasserte barn. Vanderploeg et al. (2007) fann at barn i rusgruppa hadde sjeldnare psykiatriske diagnoser, funksjonshemmingar og åtferdsvanskar enn samanlikningsgruppa, medan Egelund et al. (2004) fann ein positiv samanheng mellom foreldres rusproblem som årsak til plassering og barns prososiale fungering. Forfattarane føreslår at ei forklaring på den noko uventa samanhengen kan vera at barn av rusmisbrukarar blir nøydd til å læra seg prososiale åtferdsformer for å handtera kvardagen med rusmisbrukande foreldre. På den andre sida fann Egelund et al. (2004) også ein samanheng mellom totale

vanskar/emosjonelle vanskar og foreldres rusmisbruk, noko som viser at barn av rusmisbrukarar både kan vera prososiale og ha psykiske vanskar (t.d. Hawley, 2003). For åtferdsvanskar og hyperaktivitet var det derimot ingen samanheng med foreldres rusmisbruk i den danske studien.

Backe-Hansen (2001, 2003a) har samanlikna barnevernets beslutningsprosessar i eit norsk utval av yngre barn plasserte utanfor heimen hovudsakleg pga. foreldres rusmisbruk med barn plasserte pga. ulike typar omsorgssvikt og mishandling, valdelege familieforhold og dysfunksjonelle relasjonar mellom foreldre og barn. Konklusjonen av studien var at når foreldres rusmisbruk var ei hovudårsak til plasseringa, var dette argumentet i seg sjølv så tungtvegande (trumpf kort) at fokus på barnas fungering kom i bakgrunnen. I dei meir samansette sakene (puslespelsaker) var derimot barna sine fungeringsvanskar som kunne relaterast til omsorgssvikt og mishandling, eit av hovudargumenta for plassering. Utifrå ein slik tankegang kan det forståast at barn av rusmisbrukarar har mindre vanskar når dei blir plasserte enn barn plasserte av andre grunnar, rett og slett fordi barnevernet kan ha gripe inn tidlegare i russaker enn i andre saker.

3.4 Omsorgssvikt og mishandling

Forskingslitteraturen som omhandlar omsorgssvikt og mishandling er omfattande, og dei summerte resultatane er rimeleg samstemte om at barnemishandling (child maltreatment¹⁴) er av dei mest alvorlege risikofaktorane for utvikling av ei rekke fysiske og psykososiale vanskar og lidingar hos barn. Når det gjeld førekomsten av ulike typar barnemishandling blant barn flest viser ein ny oversiktsstudie som omhandlar «rike» (hovudsakleg vestlege) land, at kvart år opplever mellom 1 % og 15 % av barn i alderen 0-17 år omsorgssvikt, mellom 4 % og 16 % opplever fysiske overgrep, om lag 10 % opplever psykologisk/emosjonell mishandling og mellom 10 % og 25 % er vitne til vald

¹⁴ «Child maltreatment» blir på engelsk brukt som eit samleomgrep for ulike typar omsorgssvikt (neglect) og mishandling (abuse). Det tilsvarande omgrepet på norsk er «barnemishandling». I faglitteraturen ser ein at omgrepet «omsorgssvikt» er brukt både som eit samleomgrep for ulike typar barnemishandling og når det gjeld fysisk og psykisk vanrøkt (neglect).

mot foreldre i heimen. Forekomsten av seksuelle overgrep er summert til mellom 5 % og 10 % for jenter og mellom 1 % og 5 % for gutar i løpet av barndommen (Gilbert et al., 2009). For andre oversiktar og kunnskapsstatusar om ulike typar barnemishandling viser eg til (Borgen et al., 2011; Finkelhor, Ormrod, Turner, & Hamby, 2005; Finkelhor, Turner, Ormrod, & Hamby, 2010; Mossige & Stefansen, 2007; Radford et al., 2011).

Når det gjeld forekomsten av omsorgssvikt/mishandling i det norske barnevernet viser den siste statistikken (SSB, 2012a) at dette var saksgrunnlaget i meir enn 25 % av nye undersøkingar. Det er her ikkje skilt mellom ulike typar omsorgssvikt. Statistikken viser ikkje grunnlag for tiltak i plasseringsvedtak spesifikt, men ei tidlegare undersøking av 6-12 åringar som blei plasserte utanfor heimen på slutten av 1990-talet viste at heile 54 % av desse sakene gjaldt omsorgssvikt, medan 14 % gjaldt mishandling/overgrep (Clausen, 2000).

Trass i ein del kunnskap om forekomsten av omsorgssvikt/mishandling er det likevel lite forskning som har prøvd å skilja konsekvensane av dei ulike typane barnemishandling frå kvarandre; dei blir ofte behandla under eitt, eller det blir fokusert på ein spesifikk type mishandling som seksuelle overgrep eller fysisk mishandling (Garland, Landsverk, Hough, & Ellis-MacLeod, 1996). Grunnen til dei lite spesifikke resultatane er bl.a. at det er vanleg at fleire typar omsorgssvikt opptrer samstundes, og at konsekvensane av ulike typar omsorgssvikt i stor grad er overlappande. Det blir t.d. hevda at fysisk eller seksuell mishandling utan emosjonell mishandling er på det næraste umogeleg, medan omsorgssvikt i tydinga vanrøkt kan førekoma åleine (Crittenden & Ainsworth, 1989/2010). Det er også funne at alvorsgraden og kor lenge mishandlinga har vart, er viktigare prediktorar for problemåtfærd enn den spesifikke typen mishandling (Cicchetti & Toth, 1995; Manly, Cicchetti, & Barnett, 1994). På den andre sida er det forskning som viser at ulike typar overgrep også får ulike konsekvensar; t.d. at fysiske overgrep i særleg grad utløyser aggressiv åtfærd (Kaufman & Cicchetti, 1989), og at seksuelle overgrep kan føra til post traumatisk stress syndrom (PTSD) (Borgen, et al., 2011; Dubner & Motta, 1999).

Det er førebels lite spesifikk forskning om samanhengen mellom ulike typar omsorgssvikt og psykisk helse for plasserte barn, sjølv om dette er tema som rører ved eit av kjerneområda i barnevernets mandat. Ein nyare internasjonal oversiktsstudie (engelskspråkleg litteratur) om barnemishandling og psykisk helse hos fosterbarn

refererer til 32 aktuelle studiar frå perioden 1999-2009 (Oswald, et al., 2010). 12 av studiane rapporterte typar og omfang av mishandling som var årsak til plasseringa; vanrøkt 18-78 %, fysisk mishandling 6-48 %, seksuelle overgrep 4-35 %, emosjonell mishandling 8-77 %, manglande omsorgsperson 21-30 % og rusmisbruk hos foreldre 14-30 %. 23 av studiane rapporterte spesifikke funn relatert til fosterbarnas psykiske helse, medan 9 av studiane galdt førskolebarns utvikling og fungering på ulike område. Forfattarane oppsummerer funna i generelle vendingar som at fosterbarna hadde svært høg førekomst av psykiske vanskar, ofte samansette (komorbide), og forseinka utvikling på fleire område. Funna blir forstått utifrå ei opphoping av risikofaktorar saman med mishandling, som har føregått over tid.

Når det gjeld samanhengen mellom ulike typar mishandling og psykososiale/kognitive vanskar hos barn i alderen 3-6 år fann Pears, Kim, & Fisher (2008) at lågare kognitiv fungering oftast var relatert til vanrøkt og psykisk mishandling. Eksternaliserande vanskar var oftast relatert til ein kombinasjon av fysiske/seksuelle overgrep og omsorgssvikt, medan internaliserande vanskar var oftast relatert til anten fysiske eller seksuelle overgrep eller begge delar. Egelund et al. (2004) har rapportert at barn som var plasserte pga. vanrøkt og seksuelle overgrep, men ikkje fysiske overgrep, hadde ein relativt høg førekomst av emosjonelle vanskar. Enkeltstudiar har funne høge førekomstar av ulike tilknytingsdiagnosar hos plasserte barn (t.d. Millward, Kennedy, & Towlson, 2006) og post traumatisk stress syndrom (PTSD) (Dubner & Motta, 1999). PTSD har særleg blitt relatert til seksuelle og fysiske overgrep.

Fleire studiar har funne samanhengar mellom mishandling og kontakt med det psykiske helsevernet (dosReis, Zito, Safer, & Soeken, 2001) Ein studie som synest særleg relevant er Garland et al. (1996) som har undersøkt samanhengen mellom ulike typar barnemishandling som årsak til plassering utanfor heimen og kontakten med det psykiske helsevernet. I alt 662 barn i alderen 2-17 år deltok i studien, som var basert på kohortdata av barn plasserte utanfor heimen i San Diego, California i eit 6-månaders tidsrom i 1991/92. I 67 % av sakene var omsorgssvikt (neglect) registrert som medverkande årsak til plassering, i 47 % av sakene var det registrert «manglande omsorgsperson», i 26 % av sakene var det registrert fysisk mishandling og i 15 % var

det registrert seksuelle overgrep. Emosjonell mishandling var ikkje inkludert pga. få saker registrert med denne årsaka.

I forhold til kontakten med det psykiske helsevernet galdt dette dei aller fleste sakene med fysiske (69 %) eller seksuelle overgrep (77 %), mot under halvparten av omsorgssvikt sakene (45 %). Saker med seksuelle overgrep synest å bli vist til det psykiske helsevernet uavhengig av kor omfattande vanskar barna hadde. Også i saker der fleire typar omsorgssvikt var registrert, var det ofte kontakt med det psykiske helsevernet. Forfattarane reiser spørsmål om det er ei anna haldning i praksisfeltet til omsorgssvikt enn til ulike typar overgrep, og om det er ei oppfatning av at barn som har opplevd omsorgssvikt i mindre grad treng psykisk helsevern enn barn som har vore utsett for overgrep. Sjølv om fysiske og seksuelle overgrep har vist seg å ha særleg alvorlege følgjer for barna, påpeikar forfattarane at det er like stor grunn til å ta langvarig omsorgssvikt på alvor.

Som det går fram av den refererte forskinga om tydinga av omsorgssvikt har det vore eit nesten utelukkande fokus på negative utfall. Collishaw et al. (2007) som har undersøkt psykisk helse hos tidlegare barn frå Isle of Wight studien (Rutter, 1989), hadde derimot eit resiliensperspektiv på utvikling. Denne studien fokuserte bl.a. på personar som rapporterte at dei hadde vore utsett for alvorleg, vedvarande eller gjenteken fysisk mishandling eller seksuelle overgrep i barndommen. Resiliens vart definert som fråvær av psykiske lidningar og sjølvordstankar i ein periode på 30 år i vaksen alder. Ved hjelp av tidlegare innsamla data vart det stadfesta at denne gruppa hadde forhøgja førekomst av psykiske vanskar i ungdomstida, som også varte ved i ung vaksen alder. På oppfølgingstidspunktet rapporterte nesten halvparten av gruppa at dei ikkje hadde psykiske vanskar, noko som var relatert til korleis personane hadde opplevd foreldreomsorg, vennskap i ungdomstida, kvaliteten av intime relasjonar og personlegdomsstil. Eit særleg viktig funn galdt tydinga av alvorlege versus mindre alvorlege overgrep. Kopla med tydinga av gode vennskap/relasjonar hadde alvorlighetsgraden av overgrepet lite å sei. Nesten ingen av barna med dårlege venner og høg alvorlighetsgrad av overgrep viste resiliens, men dersom dei hadde gode venner auka førekomsten av resiliens til 40 %. For barn med låg alvorlighetsgrad av overgrep og dårlege venner var førekomsten av resiliens om lag like høg (37 %), men dersom denne gruppa hadde gode venner viste i alt 80 % av barna resiliens som vaksne. Collishaw et al. (2007) peikar på

at tidlegare studiar ikkje har skilt godt nok mellom ulike alvorsgradar av overgrep/omsorgssvikt, og at ein del rapporterte funn av resiliens etter overgrep eigentleg er effektar av lite alvorleg overgrep, som ikkje har hatt nokon innverknad på utviklinga.

3.5 Åtferdsvanskar og samhandlingsproblematikk

Barn og unge som utfordrar sosiale normer og ordningar har til alle tider representert eit samfunnsproblem, og tiltaka for å møte desse «problembarna» har variert mellom straff, oppseding og behandling (NOU 2000:12). Synet på barn med åtferdsvanskar har også variert, og uttrykket «mad» eller «bad» kan vera beskrivande for ytterpunkta (Munkvold, 2011, p. 12). Den rådande forståinga av åtferdsvanskar i dag er at barnet sine uttrykksformer er eit resultat av uheldige samhandlingsmønster, som både har sitt utspring i eigenskapar hos barnet så vel som eigenskapar ved miljøet. Den oppsummerte kunnskapen om åtferdsvanskar er at alvorlege vanskar som viser seg tidleg (før 10-12 årssalder) (engelsk: early onset) relativt ofte fører til langvarige og kroniske problem, medan vanskar som startar i ungdomsalder (engelsk: late onset) i større grad er forbigåande. Åtferdsvanskar er også langt oftare eit problem hos gutar enn hos jenter, særleg i yngre aldersgrupper (Moffitt & Caspi, 2001). Åtferdsvanskar som årsak til plassering utanfor heimen er ein kjent prediktor for negative utfall seinare i livet når det gjeld utdanning, arbeidsliv, helse, kriminalitet etc. (Clausen & Kristofersen, 2008; Helgeland, 2010; Vinnerljung & Sällnas, 2008).

Når det gjeld førekomsten av åtferdsvanskar blant barn og unge er tala usikre, ikkje minst fordi definisjonar av åtferdsvanskar er mange og ulike, bl.a. avhengig av fagmiljø (Munkvold, 2011; Ogden, 2010)¹⁵. Det er derfor viktig å skilja mellom meir «normale» åtferdsvanskar i oppseding av barn og «alvorlege» åtferdsvanskar som representerer eit problem i samvær med andre. I fagleg samanheng viser ein t.d. til

¹⁵ I utviklingspsykologisk samanheng blir åtferdsvanskar oftast vurdert etter alvorsgrad på ein kontinuerleg dimensjonell skala, medan i psykiatrisk samanheng blir åtferdsvanskar ofte diagnostisert kategorisk etter spesifikke retningsliner og diagnosesystem (ICD-10, DSM-IV), t.d. «ODD» (opposisjonell åtferdsforstyrning) eller «CD» (åtferdsforstyrning).

alvorlege åtferdsvanskar i samband med enkeltepisodar som lovbrot, vald, brannstifting og overgrep. Alvorlege åtferdsvanskar blir også brukt om ein kombinasjon av handlingar som samla sett utgjer eit problem, eller når problema er stabile over tid og kjem til uttrykk i fleire miljø som heime, på skolen og i fritida (Ogden, 2010). Basert på ulike norske undersøkingar refererer Ogden (2010) til at mellom 3 og 5 % av norske barn og unge har alvorlege åtferdsvanskar. Basert på internasjonale undersøkingar refererer Munkvold (2011) til at mellom 5 % og 10 % av barn i alderen 8-16 år har alvorlege åtferdsforstyringar innan ODD/CD spekteret.

Åtferdsvanskar er ei av dei mest vanlege årsakene til kontakt både med barnevernet og med psykisk helsevern for barn og unge, og stigande med alder. Ifølgje ei undersøking av 6-12 åringar plasserte utanfor heimen av barnevernet (Clausen, 2000) var åtferdsvanskar registrert som medverkande plasseringsårsak for 14 % av barna, medan tilsvarande for nye barn med ulike typar barneverntiltak var 8 % i 2011 (SSB, 2012a). Ein oversikt frå psykisk helsevern for barn og unge viser at om lag 17 % av barna var søkte inn pga. åtferdsvanskar (Helsedirektoratet, 2010). Mange barn og unge med åtferdsvanskar har kontakt både med barnevernet og med psykisk helsevern (sjå t.d. Kjelsberg & Nygren, 2004). Det er likevel kjent at behovet for psykisk helseverntenester for plasserte barn med særleg alvorlege vanskar ikkje er tilfredsstillande imøtekome (NOU 2009: 22).

Åtferdsvanskar blir gjerne sett i samanheng med samhandlingsproblem mellom barnet og omsorgsgivar. Hos barn plasserte utanfor heimen fann Egelund et al. (2004) ein samanheng mellom oppsedingskonfliktar som medverkande årsak til plassering og psykiske vanskar målt ved SDQ (utanom emosjonelle vanskar). Det var og som venta, ein samanheng mellom oppsedingskonfliktar og det å vera plassert pga. barnets eigne problem/åtferdsvanskar. Forfattarane påpeikar at oppsedingskonfliktar både kan vera uttrykk for problem hos foreldra og hos barnet, og at det er vanskeleg å vita kva som er årsak og verknad. Uansett kan samhandlingskonfliktar mellom foreldre og barn vera ein viktig indikator på at barnet har psykiske eller sosiale problem, som bør utgreia nærare. Foreldra si rolle i foreldre-barn samspelet blir særleg understreka i forskning om tydinga av ulike foreldrestilar. T.d. er det funne ein samanheng mellom deprimerte mødrer/foreldre, ein unnlåtande/passiv foreldrestil og aggressiv åtferd hos barn. Motsett har ein foreldrestil som kombinerer støtte og krav, såkalla proaktiv foreldreåtferd, vist

seg å ha stor tyding for å endra uheldige åtferdsmønster hos barn (Dishion & Patterson, 2006; Patterson, 1989).

Eit anna relevant tema i forskning på åtferdsvanskar er forholdet mellom antisosial og prososial åtferd (Ogden, 2010). Medan enkelte forskarar har argumentert for at desse to åtferdstypane kan sjåast som kvar sine ytterpunkt på ein skala, har andre argumentert for at det er tale om to uavhengige åtferdstypar med ulike kjenneteikn og forløp (Hawley, 2003; Hay & Pawlby, 2003). Med den siste forståinga som utgangspunkt har ei rekke studiar vist at prososial åtferd kan sjåast som ein beskyttande faktor mot åtferdsvanskar (Hastings, Zahn-Waxler, Robinson, Usher, & Bridges, 2000; Kokko & Pulkkinen, 2002; Kokko et al., 2006; Pulkkinen & Trembely, 1992), fordi prososial åtferd kan framkalla positive reaksjonar i miljøet, som forsterkar denne typen åtferd meir enn antisosial åtferd (Sørli, et al., 2008). På den andre sida er det studiar som har vist at prososial åtferd også kan vera ein risikofaktor for utvikling av psykiske vanskar, dersom personen har *for* stor innleving og omsorg for andre (sjå t.d. Hay & Pawlby, 2003; Perren, et al., 2007).

3.6 Longitudinelle studiar av psykiske vanskar

Gjennomgangen av longitudinelle studiar av plasserte barns psykiske vanskar er basert på søk etter engelskspråklege studiar som har kartlagt barnas psykiske helse på to eller fleire tidspunkt ved hjelp av standardiserte kartleggingsinstrument. Søket har ikkje vore uttømmende, men har sikta mot å finna fram til større populasjonsstudiar eller oversiktsstudiar frå ulike delar av verda som USA, Australia, Storbritannia og Skandinavia. Studiane blir presenterte i to underpunkt; studiar som har rapportert reduserte psykiske vanskar, og studiar som har rapportert stabilitet eller auka psykiske vanskar.

3.6.1 Studiar som har rapportert reduserte psykiske vanskar

Britiske oppfølgingsstudiar

Forrester et al. (2009) har gjort ein gjennomgang av britiske oppfølgingsstudiar frå 1991 og fram til 2009, med siktemål å bidra til den sosialpolitiske debatten om «effekten» av å bli plassert utanfor heimen for barnas fungering og velvære. Berre nokre av studiane har nytta seg av standardiserte kartleggingsinstrument i vurdering av barnas fungering,

men særleg fordi artikkelen reiser fleire prinsipielle og vesentleg spørsmål om plassering utanfor heimen som «the last resort» (siste utveg) eller eit veileigna tiltak for barn som ikkje kan bu heime, er den teken med under dette punktet.

Forskarane fann i alt 12 studiar som både hadde eit longitudinelt design, og som nytta seg av ulike utfallsmål for å vurdere barnas fungering og tilpassing etter å ha vore under offentleg omsorg for kortare eller lengre tid. 3 av studiane samanlikna dei plasserte barnas fungering med andre grupper barn, medan 9 av studiane studerte plasserte barn over tid, og samanlikna undergrupper av barn i fosterheimar, institusjonar og/eller adopterte barn.

Forfatarane oppsummerer følgjande 5 hovudfunn/implikasjonar av litteraturgjennomgangen: 1) Det er ein stor mangel på forskning om plasserte barns tilpassing og fungering under ulike offentlege omsorgstiltak, noko som kan knytast til mangel på forskning innan sosialt arbeid og sosialt omsorgsarbeid gererelt. 2) Gjennomgangen av studiar ga ingen «bevis» for at plassering i offentlege omsorgstiltak har forverra barna sin situasjon. 3) På den andre sida viste studiane at dei plasserte barna fungerte dårlegare på dei fleste område enn barn som ikkje var plassert, sjølv om dei hadde hatt ei positiv utvikling under plasseringa. 4) Det relativt positive biletet av offentleg omsorg varte ikkje ved etter opphøyr av plasseringane, fordi ettervernsopplegget fungerte dårleg og hadde ein tendens til å «øydeleggja» den positive utviklinga som var starta under plasseringa. 5) Viktige bidrag til den positive effekten av plassering utanfor heimen var for det første at offentleg omsorg står i sterk kontrast til ein oppvekst i familiar med omsorgssvikt og overgrep, og for det andre den engasjerte innsatsen til dei mange offentlege omsorgspersonane og sosialarbeidarane.

Forrester et al. (2009) tek i artikkelen opp spørsmålet om kva som er realistiske mål når det gjeld å betra situasjonen til barn som har opplevd omsorgssvikt, og stiller spørsmål ved den (tidlegare?) utbreidde oppfatninga om at målsetjinga for samfunnet må vera å unngå plassering utanfor heimen. Det blir føreslege at ein heller skulle sjå til den skandinaviske omsorgsmodellen, som har ein lågare terskel for plassering av barn enn den engelske, for slik sett å hjelpe barn og familiar på eit tidlegare tidspunkt.

Amerikansk oppfølgingsstudie

Med utgangspunkt i den nasjonale longitudinelle populasjonsstudien av psykisk helse hos amerikanske barn som hadde hatt kontakt med barnevernet (NSCAW) gjorde McWey et al. (2010) ei undersøking av fosterbarns psykiske helse og utvikling i forhold til ulike typar omsorgssvikt. Den nasjonale kartlegginga pågjekk i ein 15 månaders periode i 1999/2000 og omfatta i utgangspunktet alle barn som hadde blitt undersøkt av barnevernet i samband med omsorgssvikt og overgrep. I neste steg vart det trekt eit representativt utval av barna, som igjen vart delt inn i undergrupper av barn som hadde blitt verande i heimen etter barnevernsundersøkinga, og barn som hadde blitt plasserte utanfor heimen (totalt 5501 barn). I tillegg vart det vald ut ei gruppe barn som allereie hadde budd meir enn 1 år i fosterheim (n=727). Barna var undersøkte ved starten av studien, etter 12 månader og etter 36 månader.

Fordi McWey et al. (2010) var interesserte i ungdommar (13-16 år), vart det på nytt selektert eit utval som bestod av 106 ungdommar som i utgangspunktet hadde budd meir enn 1 år i fosterheim. Undersøkningsvariablane i studien var vanskjøtsel (neglect), fysisk mishandling, seksuelle overgrep og andre typar mishandling (maltreatment), rapportert av saksbehandlarar i barnevernet som grunnlag for undersøking, i tillegg til kontrollvariablar som kjønn, alder og kor lenge dei hadde budd i fosterheimen. Barna sine internaliserande og eksternaliserande vanskar var kartlagt ved hjelp av CBCL, som vart utfyllt av den aktuelle omsorgspersonen (oftast fosterforeldre).

Det overordna funnet var at eksternaliserande vanskar hos barna var blitt tydeleg redusert i løpet av 3 år i fosterheim, medan nedgangen i internaliserande vanskar ikkje var signifikant. Barn som var plasserte pga. vanskjøtsel og seksuelle overgrep (fysiske overgrep delvis) hadde større grad av eksternaliserande vanskar ved første måling enn barn plasserte for andre typar mishandling, og desse ungdommane hadde også størst nedgang i vanskar etter 3 år. Ulikt tidlegare studiar, var det ingen kjønnsvis skilnader i problemskårar ved første måling, men over tid viste det seg at gutar hadde ein tydeleg nedgang i eksternaliserande vanskar, medan jentene ikkje hadde det. Yngre barn hadde større eksternaliserande vanskar i utgangspunktet, men alder hadde ikkje samanheng med endring over tid. Det var heller ingen effekt av tid under omsorg. Internaliserande vanskar hadde også samanheng med vanskjøtsel og seksuelle overgrep på første

måletidspunktet og ein svak samanheng over tid, men pga. ein dårleg tilpassa målemodell var desse funna ikkje solide.

Forfattarane peikar på nytten av å sjå utvikling hos barn under omsorg i eit utviklingspsykopatologisk perspektiv, og dei framhevar at representative, longitudinelle studiar med bruk av standardiserte måleinstrument framleis er sjeldan i Amerika. Andre styrkar ved studien er fokus på ungdom i fosterheim, tydinga av spesifikke typar omsorgssvikt og ikkje minst funna som tyder på at det kan vera kjønnsvis og aldersvis skilnader i ungdommane si utvikling.

Australske oppfølgingsstudiar

Barber og Delfabbro (2005) har presentert funn frå ein 2-års oppfølgingsstudie av australske barn i alderen 4-17 år (gjennomsnittsalder 10,8 år), som blei plasserte (n=129) eller replaserte (n=105) i fosterheim frå mai 1999 til april 2000 i Sør Australia. Barn som skulle plasserast etter vedtak om forvaring, korttidsplasseringar, avlastingsopphald og hjelpetiltaksplasseringar (family preservation services) vart utelukka, for å få eit reinare utval av barn som var planlagt å vera i fosterheim over ei viss tid. Siktemålet med undersøkinga var å undersøka barnas psykososiale fungering over tid, skolefungering, samt årsaker til endringar i plasseringar, og bidra til debatten om «effekten» av fosterheimsplassering for barns utvikling. Det vart også gjennomført intervju med eit utval ungdommar for å innhenta deira synspunkt på plasseringa. I denne samanheng vil funn vedkomande barnas psykiske helse bli referert.

Barnas psykiske helse blei kartlagt ved hjelp av the Child Behavior Checklist (Boyle et al., 1987), som bl.a. har delskårar for emosjonelle vanskar, åtferdsvanskar og hyperaktivitet, basert på utvalte item frå DSM-IV. Det vart gjort målingar av barnas psykiske helse heile 5 gonger, ved oppstart av studien, etter 4 månader, 8 månader, 12 månader og 24 månader. Allereie etter 4 månader var det betring på alle delskårane; barna oppførte seg betre, var mindre engstelege og meir konsentrerte og oppmerksame. Basert på tidlegare forskning var dette eit forventa funn, grunnlagt med at nyplasserte barn ofte prøver å tilpassa seg den nye familien i starten. Det er derimot ingen sjølvfølge at denne betringa held seg over tid. Ved 8 månaders oppfølging var det framleis nedgang i åtferdsvanskar og emosjonelle vanskar i forhold til plasseringstidspunktet, men ikkje i forhold til 4 månaders tidspunktet. For hyperaktivitet

var ikkje skilnaden frå 1. til 3. måling signifikant. Ved 12 månader etter plassering var resultatet det same som ved 8 månader; ein tydeleg nedgang i åtferdsvanskar og emosjonelle vanskar samanlikna med utgangspunktet, medan skåren for hyperaktivitet var stabil. Målingane 2 år etter plassering viste det same som ved 12 månader. Dette tyder på at betringa i barna sine åtferdsvanskar og emosjonelle vanskar som vart oppnådd den første tida i fosterheimen varte ved over tid, medan nivået av hyperaktivitet var stabilt.

Studien blir relatert til debatten om «permanency planning» som bl.a. inneber at barn som ikkje kan bu heime bør få ein avklara og stabil omsorgssituasjon snarast mogeleg, gjerne gjennom adopsjon eller rask tilbakeføring til foreldra. Ein slik politikk inneber bl.a. at fosterheimstiltak bør unngåast, fordi dette etter lova er ei tidsavgrensa ordning og ikkje ein familie for livet. Med utgangspunkt i funna frå studien hevdar forfattarane at langtids fosterheimsplassering ikkje ser ut til å gå utover barnas fungering, noko som også blir stadfesta av barna sine egne positive vurderingar av fosterheimane. Forfattarane påpeikar at det kanskje ikkje er dei formelle rammene omkring plasseringa som opptek barna mest, men heller at dei blir presenterte med respekt og varme av engasjerte omsorgspersonar. Slik sett kan iveren etter permanente omsorgsalternativ vera eit uttrykk for dei vaksne sine behov for administrativ og lovmessig tydelegheit, meir enn for barna sine behov for kvalitativt gode relasjonar og omsorgssituasjonar.

Fernandez (2008, 2009) presenterer i fleire artiklar resultat frå ein 8-årig longitudinell studie av 59 australske fosterbarn i alderen 4-17 år, som har blitt følgt opp med ca 2-års mellomrom etter plassering. Den viktigaste datakjelda var intervju med alle barn over 7 år, saksbehandlarar og fosterforeldre, men i ein av studiane er det også rapportert lærarvurderingar frå to ulike tidspunkt (Fernandez, 2008). Barna sine behov og ressursar blei kartlagt både i forhold til psykisk helse, skolefungering, tilknytning etc., både ved hjelp av standardiserte instrument (CBCL/TRF) og semistrukturerte intervju. Funna

som blir presenterte her gjeld barnas psykiske helse vurdert av fosterforeldre og lærarar på 2 ulike tidspunkt¹⁶. I tillegg til å studera dei plasserte barnas psykiske helse over tid, vart det også gjort samanlikningar med eit representativt utval barn frå den nasjonale australske studien av psykisk helse hos barn og unge (Mental health of young people in Australia - MHYPA), og lærardata er samanlikna med eit «matcha» utval barn frå same klasse som det plasserte barnet.

Ifølgje fosterforeldra sine vurderingar av dei plasserte barna ved første intervju hadde 43 % av dei høge skårar (over cut-off) for totale vanskar, medan 36 % hadde høge internaliserande vanskar og 34 % hadde høge eksternaliserande vanskar. Tilsvarande tal for australske barn generelt var 14 % for totale vanskar og 13 % for delskårane. Ved andre intervju var totale vanskar hos dei plasserte barna redusert til 38 %, medan internaliserande vanskar var redusert til 22 % og eksternaliserande vanskar var auka til 37 %. Det var berre endringa i internaliserande vanskar som var statistisk signifikant.

Ifølgje lærarane hadde 16 % av dei plasserte barna høge totale vanskar på det første tidspunktet, medan 14 % hadde høge internaliserande vanskar og 21 % hadde høge eksternaliserande vanskar. For samanlikningsgruppa er det ikkje oppgitt tilsvarande prosenttal, med unntak av eit noko spesielt funn, at heile 25 % av desse barna hadde høge internaliserande vanskar på det første tidspunktet. Målt ved gjennomsnittsverdiar hadde derimot dei plasserte barna høgare eksternaliserande vanskar enn samanlikningsgruppa. På det andre måletidspunktet viste både dei plasserte barna og samanlikningsgruppa ein signifikant nedgang i både totale vanskar, internaliserande vanskar og eksternaliserande vanskar målt ved gjennomsnittsskårar. Dei plasserte barna hadde størst nedgang i eksternaliserande vanskar, medan samanlikningsgruppa hadde størst nedgang i internaliserande vanskar. Det mest positive funnet var at skilnadene mellom dei plasserte barna og samanlikningsgruppa var utviska. Det var også gjort samanlikningar av fosterforeldre og lærarar sine vurderingar

¹⁶ Medan informasjon frå fosterforeldre er henta frå intervju 1 og 2, kan det sjå ut som at informasjon frå lærarane er henta noko seinare i prosjektperioden, utan at dette går klart fram av artikkelen.

av barn med kliniske vanskar. Det viste seg at det var størst semje om barna som ikkje hadde kliniske vanskar, og fosterforeldra skåra jamt over barna høgare enn lærarane.

Dei overordna positive funna blir m.a. relatert til verdien av langvarige fosterheimsplasseringar, som både tillèt barna å ha kontakt med biologiske foreldre og å veksa opp i omsorgsfulle heimar. Saman med funn om framgang i skoleprestasjonar og tilpassing generelt (ikkje presentert her), blir den positive utviklinga i barna sine psykiske vanskar sett som teikn på ei resilient utvikling, som det er viktig for sosialarbeidarar, omsorgspersonar og lærarar å byggja vidare på. Samstundes blir det understreka at ei resilient utvikling ikkje må føra til redusert innsats i det førebyggjande arbeidet.

3.6.2 Studiar som har rapportert stabile eller auka psykiske vanskar

Amerikanske oppfølgingsstudiar

Berger et al. (2009) har gjort ein 3 års oppfølgingsstudie med utgangspunkt i den tidlegare nemnte amerikanske populasjonsundersøkinga av psykisk helse hos barn og unge i kontakt med barnevernet (NSCAW). Studien er eineståande i sin bruk av fleire ulike og avanserte metodar for å kontrollera for seleksjonsbias for barn som blir plasserte utanfor heimen og barn som ikkje blir plasserte. Utan at det er rom for å beskriva dei ulike analysemetodane i detalj, omfatta dei regresjonsanalysar og ulike metodar for å studera endring, både på individnivå og på gruppenivå. Det overordna føremålet med studien var å undersøkje effekten av å vera plassert utanfor heimen over tid, for barn i alderen 4-14 år. Målet på psykiske vanskar var CBCL, som vart brukt som kartleggingsinstrument før barna blei plasserte, og 18 og 36 månader etter plassering.

Utanom bruk av ulike analysemetodar, var det også brukt ulike utval for å kontrollera for initiale skilnader mellom barn som blei plasserte og barn som ikkje blei plasserte. T.d. var det sett som eit kriterium at barna i utvala skulle ha blitt vurderte *før* plassering, noko som utelukka ei stor gruppe barn som allereie var plasserte i fosterheim då prosjektet starta. Det første settet av analysar vart gjort av det totale utvalet på til saman 2453 barn som var vurderte av barnevernet, og delt inn i barn som ikkje var blitt plasserte (n=2111) og barn som var blitt plasserte (n=342). Det andre settet analysar vart gjort av dei plasserte barna samanlikna med ei statistisk «matcha» kontrollgruppe av dei ikkje plasserte barna. Ved hjelp av estimert sannsynlegheit (propensity scores)

vart gruppene «matcha» på ei lang rekke bakgrunnsvariablar, slik at berre gruppetilhøyrse (plassert versus ikkje plassert) skilde mellom gruppene (n=616).

Resultat frå det første analysesettet viste at ifølgje regresjonsanalysane hadde alle barna som gruppe ein nedgang i både internaliserande og eksternaliserande vanskar frå før plassering og 2,5 år fram i tid. Dette galdt for utvalet samla, og for plasserte barn og ikkje plasserte barn. Resultat frå dei ulike endringsanalysane var lite konsistente, og dei fleste viste inga endring i vanskar for dei ulike gruppene. Det andre analysesettet av «matcha» grupper viste derimot konsistente resultat for alle analysemetodane; nemleg at det ikkje var signifikante endringar verken for eksternaliserande eller internaliserande vanskar. Forfattarane forklarar skilnadene i resultat mellom det «umatcha» og det «matcha» utvalet som at det førstnemnte ikkje greidde å skilja godt nok mellom kjenneteikn ved dei plasserte og dei ikkje plasserte barna, medan det «matcha» utvalet ivaretok seleksjonsbias på ein langt betre måte. Funna tyder også på at sjølv om regresjonsanalysar kan kontrollera for ei rekke bakgrunnsvariablar, så er ikkje dette så finmaska analysar som ulike endringsanalysar, eller at utvala er matcha på førehand.

Funna blir drøfta i lys av tidlegare forskning som både har rapportert positive og negative effektar av plassering utanfor heimen. Sett i lys av at amerikansk barnevernspolitik har vore meir fokusert på å sikra stabilitet i oppvekstforhold (permanency) enn å fremja plasserte barns helse og fungering, synest resultatet om at plassering utanfor heimen verken har positiv eller negativ effekt på barna å vera rimeleg. Ein mogeleg svakheit ved studien er at ulike informantar skåra barnas psykiske helse på dei to tidspunkta; foreldra før plassering og fosterforeldra etter plassering. Forfattarane hevdar at dette er ein pris å betala dersom ein skal ivareta kravet om kontroll for seleksjonsbias, og at ei slik mogeleg feilkjelde kan vera vanskeleg å unngå når ein skal studera barn som flyttar mellom ulike omsorgsbasar.

Lawrence og medarbeidarar (2006) undersøkte effekten av fosterheimsplasseringar for barns psykologiske utvikling og tilpassing med utgangspunkt i «the Minnesota longitudinal study of parents and children» (n=189). Utvalet var delt i 3 grupper; barn som blei plasserte i fosterheim (n=46), mishandla heimebuande barn (n=46) og ei kontrollgruppe av heimebuande barn som hadde dei same kjenneteikna som dei andre gruppene (låg sosioøkonomisk status og utdanning hos foreldre, ustabile familieforhold

etc.), men der barna fekk tilfredsstillande omsorg (n=97). Barnas psykiske helse og fungering var kartlagt på ulike tidspunkt ved ulike metodar; tilknytingsåtfærd (12-18 månader), problemløysingsevne (24 månader), uthaldenheit og egokontroll (42 månader) og CBCL/TRF (barnehagealder). Dei ulike vurderingane vart omgjorde til standard gjennomsnittsskårar (z-skårar), som dermed kunne samanliknast og brukast som utgangsmål for barn som blei plasserte utanfor heimen på ulike alderstrinn. Viktige kontrollvariablar var sosioøkonomiske forhold (SEC) skåra ved hjelp av «Duncan socioeconomic index», med hyppige mellomrom frå småbarnsalder til 6. klasse. Utfallet av fosterheimplasseringa blei vurdert kortast mogeleg tid etter opphøyr av plasseringa, og samanlikna med mishandla heimebuande barn i same alder og kontrollgruppa av ivaretekne heimebuande barn ved 6. klasse. Utfallsmålet som blir referert i denne samanheng er TRF, som blei utfylt av lærarane heilt fram til 10. klasse, men det vart også gjort kartleggingar av psykiatriske diagnosar basert på «Kiddi schedule of affective disorders and schizophrenia ratings» (KSADS).

Dei overordna resultatane viste at kontrollert for «baseline» data og SEC hadde fosterbarna signifikant høgare skårar enn kontrollgruppa for totale vanskar og eksteraliserande vanskar, og høgare eksteraliserande vanskar enn dei mishandla heimebuande barna. Det var ingen skilnad for internaliserande vanskar. I ein vidare analyse vart det plukka ut barn som var plasserte utanfor heimen i løpet av 1. til 3. klasse (n=15) for å studera endring i TRF skårar over tid. Tilsvarende grupper av mishandla heimebuande barn og ivaretekne heimebuande barn vart konstruert. For dei tidlegare fosterbarna var det ein signifikant auke på alle vanskeskårar frå før plassering til etter opphøyr av plassering. Det var også større auke i vanskar for fosterbarna enn for dei mishandla heimebuande barna for alle skårane, og for eksteraliserande vanskar for kontrollgruppa. Også vurdert medan dei framleis var i fosterheimen, og kontrollert for SEC og «baseline» mål, hadde fosterbarna langt større vanskar enn samanlikningsgruppene. Barn som var plasserte i fosterheimar hos familie/kjente, hadde mindre internaliserande vanskar enn barn plasserte hos ukjente familiar. Alder ved plassering, lengda av plasseringa eller tal flyttingar hadde ikkje samanheng med barna sine psykiske vanskar.

Heile utvalet av barn blei også vurdert på fleire tidspunkt etter utflytting av fosterheimen, i 6. klasse og i 16 årsalderen. Kontrollert for «baseline» data og SEC fann

ein at dei forhøgja vanskane ved opphøyr av fosterheimsplasseringa varte ved for alle delkårane, og dei tidlegare fosterbarna hadde framleis større vanskar enn kontrollgruppa for totale vanskar og eksternaliserande vanskar, men ikkje større enn mishandla heimebuande barn.

Forfattarane drøftar korleis ein kan forstå funna om ein markert auke i problem etter plassering i fosterheim, som også varte ved over tid. Det kan ha med sjølv separasjonen frå og/eller kontakten med foreldre å gjera, med fosterheimsordninga og hjelpeapparatet som system, med uro knytt til uklare tidsperspektiv for plasseringa etc. Funnet at dei tidlegare fosterbarna og dei mishandla heimebuande barna kom ut likt, gjer at den negative utviklinga ikkje åleine kan tilskrivast opphaldet i fosterheimen, men kanskje også dårlege forhold i heimen ved tilbakeføring. Studien oppmodar til vidare forskning omkring effektane av fosterheimsplassering for barnas psykiske helse, og at det også i desse studiane blir kontrollert for «baselineinformasjon» og SEC, og gjort bruk av samanlikningsgrupper.

Dansk oppfølgingsstudie

Den nasjonale danske «barneforløpsstudien» har vore omtala tidlegare i kapitlet (Egelund, et al., 2008; Egelund, et al., 2004). I denne samanhengen er det dei longitudinelle analysane som er av interesse, og barna si utvikling frå dei som 7-åringar kom med i studien, og ca 4 år fram i tid. Barna sine psykiske vanskar var kartlagt ved SDQ. Mødrene skåra barna sine vanskar i den landsomfattande surveyen (n=4970/4770), medan omsorgspersonar/foreldre skåra dei plasserte barna sine vanskar (n=390-450). Som då barna var 7 år gamle, var det framleis store skilnader i vanskar mellom danske barn generelt og dei plasserte barna som 11-åringar. Det viste seg også at delen barn med vanskar utanfor normalområdet (inkludert midtområdet) var omtrent nøyaktig den same som 4 år tidlegare for begge gruppene. Dvs. at 9 % av danske barn generelt hadde symptom på «totale vanskar», mot 67 % av dei plasserte barna. Tilsvarande tal frå første måling var 10 % og 70 %. For delskårane for emosjonelle vanskar, hyperaktivitet, prososial åtferd og venneproblem var det også marginale endringar over tid. For åtferdsvanskar fann ein derimot ein signifikant nedgang i vanskar frå 19 % utanfor normalområdet på første tidspunktet til 10 % på oppfølgingsstidspunktet for barn flest, og frå 60 % til 50 % for dei plasserte barna. Fordi

utvalet av plasserte barn ikkje var heilt det same på dei to tidspunkta (nye plasserte barn fødd i 1995 var lagt til), gjorde ein også undersøkingar av dei såkalla «gjengangarane» som var i studien på begge tidspunkta. Resultatet var det same som vist over, med unntak av at det for dette utvalet heller ikkje var signifikante endringar i åtferdsvanskar over tid.

Meir detaljerte analysar viste at 70 % av barna som var skåra utanfor normalområdet hadde same plassering 4 år seinare, og motsett at 70 % av barna innanfor normalområdet var stabile. Det var også ein sterk samanheng mellom å ha ein diagnose for langvarig sjukdom eller funksjonsnedsetjing og å tilhøyra det kliniske området for SDQ. Plasserte gutar hadde høgare vanskar enn jentene, men truleg pga. lite utval var skilnaden ikkje signifikant. Barn som var plasserte pga. egne vanskar hadde oftare høge skårar på SDQ enn barn plasserte pga. foreldra sine problem. Forfattarane oppsummerer at funna viser stabile nivå av psykiske vanskar/prososialitet både for danske barn generelt og plasserte barn, men medan danske barn flest fungerer stabilt innanfor normalområdet, fungerer plasserte barn stabilt utanfor normalområdet. Det bør nemnast at den danske «barneforløpsstudien» omfattar ei rekke forhold knytt til plasserte barns fungering og situasjon. Det er også utarbeidd fleire danske kunnskapsstatusar om plasserte barn (Egelund, Christensen, Jakobsen, Jensen, & Olsen, 2009; Egelund & Hestbæk, 2003).

3.7 Barns egne vurderingar av psykisk helse og trivsel

Den presenterte forskinga om psykisk helse hos barn og unge er for det meste basert på rapportar frå dei vaksne omkring barnet. For å få ei heilskapleg vurdering av eit barns psykiske helse og trivsel er det sjølv sagt av stor tyding at ein har kunnskap om korleis dette er for barnet som aktør (Sandbæk, 2002). Dette er særleg viktig utifrå ei erkjenning av at barns opplevingar er gyldig kunnskap, og at barn ofte opplever ting annleis enn dei vaksne. Reint juridisk er det også slik at barn ifølgje FN's barnekonvensjon¹⁷ og norsk lov har rett til å uttala seg og bli høyrte i saker som er

¹⁷ FN's barnekonvensjon blei vedteken i 1989, og ratifisert av Noreg 8. januar 1991.

viktige for dei, noko som ikkje minst gjeld i saker om plassering utanfor heimen. Nyare kunnskapsoversikter framhevar også tydinga av forskning med utgangspunkt i barns egne erfaringar (Backe-Hansen, et al., 2010).

Hovudprosjektet som avhandlinga byggjer på har på oppfølgingstidspunktet intervjuet 65 barn om livet deira, bl.a. om helsetilstand og fungering på ulike livsområde, i tillegg til at barna har fylt ut kartleggingsskjema for psykisk helse (SDQ). Upubliserte analysar viste at barna såg på eigen psykiske helsetilstand på ein langt meir positiv måte enn dei vaksne. T.d. var det berre ein knapp tredjedel av barna som plasserte seg i området for kliniske vanskar; eit funn som var i samsvar med andre intervjuopplysningar frå barna. Liknande funn har vore gjort t.d. av Egelund et al. i undersøkinga av danske plasserte barn (Egelund, et al., 2008). At informasjon frå barna vart utelaten i denne avhandlinga, skuldast at prosjektet ikkje hadde innhenta informasjon frå barna sjølve om deira psykiske helse på plasseringstidspunktet, og ein kunne dermed ikkje sei noko om evt. endringar over tid¹⁸.

Det kan visast til fleire andre delstudiar frå hovudprosjektet som inkluderer informasjon frå barna sjølve; særleg ein artikkel tilhøyrande doktorgradsprosjektet til Øivin Christiansen (Christiansen, et al., 2011), som bl.a. viste at dei fleste barna i fosterheimar hadde positive opplevingar av plasseringsstaden og kjente at dei hørte til. Andre delstudiar omhandlar dei plasserte barna sine skoleerfaringar (Havik, 2003; Skilbred & Havik, 2011), barnas syn på framtida (Pilodden, 2008) og barna sine erfaringar frå ettervern (Bakketeig & Mathisen, 2008).

3.8 Vurderande oppsummering

Forskingsgjennomgangen har vist at forskning på plasserte barns psykiske helse framleis er mangelfull på mange område. Ein har eit forholdsvis godt bilete på førekomsten av psykiske vanskar hos plasserte barn sett i forhold til andre barn, men det er framleis få studiar som har samanlikna psykisk helse hos plasserte barn med andre barn som har

¹⁸ Det hadde vore ønskeleg at barnas synspunkt på eiga psykiske helse på oppfølgingstidspunktet vart utforska nærare i evt. komande artiklar frå hovudprosjektet.

tilsvarende sosioøkonomisk bakgrunn, men som ikkje er plassert. Enkeltfunn som viser at skilnaden mellom desse barnegruppene ikkje nødvendigvis er så stor, framhevar tydinga av å kontrollere for bakgrunnsvariablar før plassering utanfor heimen, og/eller såkalla seleksjonskriteriar for plassering. Studiar av undergrupper av plasserte barn er mangelvare, t.d. barn plasserte pga. foreldres rusmisbruk versus andre årsaker. Det er også mangel på studiar som inkluderer forholdet mellom risikofaktorar og beskyttande faktorar for barns psykiske helse, og studiar som fokuserer på resiliens. Til slutt er det lite forskning som følgjer plasserte barns utvikling over tid, og som har nytta seg av forskingsdesign som ivaretek dei komplekse transaksjonane mellom barnet på den eine sida og omgjevnadene på den andre sida.

Avhandlinga siktar mot å fylla bitar av den manglande forskingskunnskapen, først og fremst når det gjeld psykisk helse hos norske barn plasserte utanfor heimen, men undersøkingar og funn omkring førekomst, variasjon og utvikling av psykiske vanskar vil også vera bidrag til det internasjonale forskingsfeltet. Reint metodisk er det viktig å framheva hovudprosjektet som delstudiane byggjer på, som det første landsdekkande, longitudinelle forskingsprosjektet som inkluderer informasjon om psykisk helse hos norske barn plasserte utanfor heimen. Som det vil gå fram av metodekapitlet, har prosjektet både gjort seg nytte av standardiserte kartleggingsinstrument for psykiske vanskar som mogeleggjjer samanlikningar med andre studiar, det er innhenta informasjon frå fleire informantar på fleire tidspunkt, og ei omfattande rekke studievariablar er undersøkt i forhold til risiko og beskyttelse av barnas psykiske helse. Prosjektet har derimot inga kontrollgruppe eller samanlikningsgruppe, noko som vanskeleggjer ei direkte samanlikning av funna med andre grupper barn som ikkje er plasserte utanfor heimen. Som det første longitudinelle prosjektet om psykisk helse hos norske barn plasserte utanfor heimen, kan det vera eit springbrett for nye forskingsprosjekt, som både kan replisera vesentlege funn og gjera metodologiske forbetringar.

4. Metode

I dette kapitlet blir det gjort greie for det empiriske grunnlaget for avhandlninga, og for dei enkelte delane av forskingsprosessen som ikkje har blitt dekkja godt nok i artiklane. Dette omfattar rekruttering av informantar, innhenting av samtykke, datainnsamling, utval - representativitet, kartleggingsinstrument og variablar, analysemetodar, handtering av manglande data samt etiske vurderingar. Spesifikke metodiske vurderingar og val blir gjort greie for undervegs, medan sterke og svake sider ved avhandlninga blir oppsummert i drøftingskapitlet (kap. 6).

4.1 Om hovudprosjektet

Det empiriske grunnlaget for avhandlninga er basert på data frå det nasjonale longitudinelle forskingsprosjektet “Barn som plasseres utenfor hjemmet – utvikling og risiko” (heretter omtala som hovudprosjektet) (Andenæs, et al., 2001), som opphavleg var eit samarbeid mellom Norsk senter for oppvekst, velferd og aldring (NOVA) og Barnevernets utviklingscenter på Vestlandet (BUS-V)¹⁹. I samband med oppstart av avhandlingsarbeidet vart det også inngått ein samarbeidsavtale mellom BUS-V og Regionsenter for barn og unges psykiske helse, avdeling Vest (RBUP Vest)²⁰, der RBUP Vest har stått for finansiering av prosjektet i ein 4-årsperiode og BUS-V har stilt datamateriale til disposisjon. Som forskar ved tidlegare BUS-V har eg sjølv delteke i hovudprosjektet i alle fasar.

Målgruppa for hovudprosjektet var alle norske skolebarn i alderen 6-12 år som blei plassert utanfor heimen i perioden 15. september 1998 til 31. desember 1999 av barnevernet. Denne mellomgruppa av skolebarn blei vald, dels pga. mangelfull kunnskap om årsaksforhold til plassering for denne aldersgruppa; i motsetnad til yngre barn som ofte blir plasserte pga. forhold ved foreldra og eldre barn som ofte blir

¹⁹ Prosjektets første fase var finansiert av Norges forskningsråd. Seinare fasar var finansiert av Barne-, inkluderings- og likestillingsdepartementet, Helse og rehabilitering, Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, Uni helse og NOVA.

²⁰ RBUP Vest og BUS-V vart frå 1. juni 2011 slått saman til Regionalt kunnskapssenter for barn og unge, Vest, psykisk helse og barnevern, som ei avdeling under Uni Helse, Uni Research AS.

plasserte pga. egne vanskar (Clausen, 2000; Grinde, 1993), og dels pga. ei aukande erkjenning av og forskingsinteresse omkring tydinga av barns skoleerfaringar for fungering og trivsel (Havik, 2003; Skilbred & Havik, 2011). Sentrale problemstillingar i hovudprosjektet var 1) Kven er dei plasserte barna? og 2) Korleis går det med dei på kortare og lengre sikt? Hovudprosjektet samla inn data om barna sin situasjon ved 4 tidspunkt i perioden 1998/99 til 2006/2007, ved hjelp av ulike metodar og ved fleire informantar rundt det enkelte barn. Ei lang rekke artiklar frå prosjektet har blitt publisert både internasjonalt og nasjonalt, dessutan fleire bokkapittel og rapportar, fleire masteroppgåver og sist men ikkje minst ei ny doktoravhandling (Christiansen, 2011). For tilgang til oversikt over publikasjonane viser eg til følgjande nettside hos Uni Helse: <http://helse.uni.no/Projects.aspx?site=2&description=0&project=2152>.

Rekruttering av informantar til prosjektet skjedde gjennom det fylkeskommunale barnevernet, som når det blei kjent med ei aktuell plassering, skulle kontakta foreldre og invitera dei til å delta. Foreldra blei også spurde om samtykke til at andre informantar i saka kunne kontaktast, slik som barna sine saksbehandlarar, lærarar, offentlege omsorgspersonar (beredskapsheimsforeldre, fosterforeldre og miljøarbeidarar) og barna sjølve. Ved seinare oppfølgingsundersøkingar måtte foreldra samtykka til innhenting av informasjon dersom plasseringa var heimla som hjelpetiltak (§4-4.5) eller barna var flytta heim att, medan leiar av barneverntenesta kunne gi samtykke for barn under omsorg (§4-12). Barn over 18 år ga sjølve samtykke for innhenting av informasjon, og barn over 15 år fekk egne informasjonsskriv om undersøkinga.

Utifrå ei avgrensa kartlegging av plasseringar der ein *ikkje* oppnådde samtykke til deltaking, var årsaker til dette at plasseringa ikkje var registrert av fylkeskommunen, at ein ikkje oppnådde kontakt med foreldra, at foreldra ikkje vart spurde fordi dei blei vurdert å ikkje vera i stand til å innfri kravet om informert samtykke, at barnet hadde flytta heim att etter få dagar eller at foreldra takka nei til deltaking.

Første datainnsamling vart gjennomført snarast mogeleg (mellom 2 og 12 veker) etter at barna var plasserte utanfor heimen (T1). Foreldre og barn blei intervjuva av fylkeskommunale prosjektmedarbeidarar, medan lærarar, offentlege omsorgspersonar (beredskapsheimsforeldre, fosterforeldre, miljøarbeidarar) og saksbehandlarar i barnevernet fylte ut spørjeskjema. Informasjon frå saksbehandlarane vart kvalitetssikra ved oppfølgjande og utdjupande telefonintervju gjennomført av to forskarar. Om lag 1

år etter plasseringa (T2) og 4-5 år etter plasseringa (T3) vart det gjennomført avgrensa datainnsamlingar (spørjeskjema og telefonintervju med saksbehandlarane) for å få oppdatert informasjon om barna. 7-8 år etter plasseringa (T4) vart det gjennomført ei ny omfattande datainnsamling, der forskarane sjølve stod for mesteparten av informasjonsinnhentinga. Barna og dei aktuelle omsorgspersonane vart intervjuja andlet til andlet, medan saksbehandlarar og foreldre utan heimebuande barn i hovudsak vart intervjuja pr. telefon, og lærarane fylte ut spørjeskjema.

4.2 Det empiriske materialet i avhandlinga

Avhandlinga siktar mot å studera førekomst, variasjon og utvikling av psykiske vanskar hos dei plasserte barna. Dette inneber at det empiriske materialet i avhandlinga inkluderer utvalde delar av det rikhaldige materialet i hovudprosjektet, medan andre delar er utelatne. Relevant informasjon i dei ulike delstudiane er henta frå saksbehandlarar, omsorgspersonar (foreldre, fosterforeldre, miljøarbeidarar) og lærarar kort tid etter at barna var plasserte utanfor heimen (T1) og frå dei same informantane 7-8 år etter plasseringa (T4). Informasjon om barnas psykiske helse var ikkje kartlagt på T2 og T3, og data frå desse tidspunkta er derfor ikkje brukt. Problemstillingane i avhandlinga krev ei kvantitativ tilnærming til materialet, som dermed har ført til at kvalitativ informasjon frå hovudprosjektet er utelaten frå analysane. Barn som informantar om eiga psykiske helse er utelate fordi hovudprosjektet mangla informasjon om dette temaet frå plasseringstidspunktet, og ein hadde dermed ikkje grunnlag for å studera utviklingstrekk sett frå barna sin synsstad.

4.3 Utval – representativitet

Hovudprosjektet sikta mot å samla informasjon om alle skolebarn i alderen 6-12 år som blei plasserte utanfor heimen i perioden 15. september 1998 til 31. desember 1999. Som det framgår av delstudie 1, lukkast det prosjektet å innhenta informasjon om ca. ein femtedel av dei aktuelle barna; til saman 109 barn. Spørsmålet om representativitet blei dermed aktualisert og særleg viktig for problemstilling 1) om førekomsten av psykiske vanskar. Etter førespurnad frå prosjektleiinga gjennomførte Norsk institutt for by og regionforskning (NIBR) ein spesialstudie om plasserte barn i aldersgruppa 6-12 år i 1999, basert på informasjon frå den offentlege barnevernstatistikken (Clausen, 2000). Dette

mogeleggjorde ei vurdering av representativitet av utvalet utifrå variablar som kjønn, alder, plasseringsstad, lovheimel for plassering, samt nokre kjenneteikn ved barna sine foreldre (utdanning, inntekt, familiestruktur). Oppsummert blei utvalet funne å vera representativt i forhold til dei fleste av dei nemnte variablane, men mødrene i utvalet hadde noko lågare utdanning og færre av barna i utvalet budde saman med begge foreldra (jfr. artikkel 1). Delstudie 2 var også basert på utvalet av 109 barn, men i denne studien vart utvalet inndelt i to grupper; ei der foreldres rusmisbruk var medverkande årsak til plassering (n=54), og ei der foreldres rusmisbruk *ikkje* var registrert som medverkande årsak (n=55).

I delstudie 3, som fokuserte på barna si utvikling 7-8 år etter plassering utanfor heimen (T4), var utvalet 70 barn, som alle hadde vore plasserte i meir enn fire år (gjennomsnittleg 6 år). Barna var no i alderen 13-20 år. Samanlikna med dei opphavlege 109 barna, hadde dette utvalet noko færre eldre barn og barn som var plasserte pga. egne åtferdsvanskar, noko som hovudsakleg skuldast at ein del av dei eldste barna var utskrivne frå barnevernet på denne tida. På dei andre bakgrunnsvariablane skilte dei 70 barna seg ikkje ut verken frå populasjonen frå 1999 eller frå dei 109 barna i det første utvalet.

4.4 Kartleggingsinstrument for psykisk helse - The Revised Rutter Scales²¹

Informasjon om barnas psykiske helse vart innhenta ved hjelp av ein norsk versjon av the Revised Rutter Scales for School-Aged-Children (Borge, Samuelsen, & Rutter, 2001; Hogg, et al., 1997; Waaktaar, Borge, Christie, & Torgersen, 2005), og rapportert av lærarar og omsorgspersonar (foreldre, fosterforeldre, miljøarbeidarar) kort tid etter plassering (T1) og 7-8 år etter plassering (T4).

Dei opphavlege Rutterskalaene vart utvikla i samband med den klassiske Isle of Wight-studien på 1960-talet (Rutter, 1989), og har blitt brukte i mange land i verdssamanheng. Skalaene har undervegs blitt validerte, reviderte, utvida og justerte ei rekke gonger (Elander & Rutter, 1996a, 1996b; Goodman, 1994; Rutter, 1967; Rutter &

²¹ Gjennom den vidare teksten er skalaen for det meste omtala på norsk som «Rutterskalaen»

Rutter, 1997; Rutter, Tizard, & Whitmore, 1970). Skalaene eignar seg best til å fanga opp åtferdsvanskar og hyperaktivitet, og lærarversjonen har blitt vurdert å vera meir påliteleg enn foreldreskalaen, pga. mogleg påverknad frå relasjonen mellom foreldre og barn (Elander & Rutter, 1996a).

Den oversette norske versjonen av lærarskalaen består av 62 spørsmål og foreldreversjonen av 50 spørsmål, inkludert både originale spørsmål og tilleggsspørsmål (sjå vedlegg). Fordi val av grenseverdier for symptom på psykiske vanskar er basert på det originale skåringssystemet, vart ikkje tilleggsspørsmåla tekne med i denne studien (Borge, 2010/2003; Hogg, et al., 1997). Det brukte målet på psykiske vanskar består dermed av ein totalskåre på 26 enkeltspørsmål, som inkluderer tre delskårar – emosjonelle vanskar, åtferdsvanskar og hyperaktivitet – og ein prososial skåre som består av 10 spørsmål for foreldreversjonen (Goodman, 2001) og 18 spørsmål for lærarversjonen (Weir & Duveen, 1981). Svara på enkeltspørsmål har tre alternativ; «stemmer ikkje» (0), «stemmer noko» (1) og «stemmer heilt» (2). Spørsmåla i lærarskalaen varierer noko frå foreldreskalaen, for best mogleg å fanga opp informasjon frå dei ulike posisjonane. Talet på spørsmål varierer også for delskårane for emosjonelle vanskar (foreldreskalaen har 5 spørsmål og lærarskalaen har 4 spørsmål) og for åtferdsvanskar (foreldreskalaen har 5 spørsmål og lærarskalaen har 6 spørsmål), medan delskårane for hyperaktivitet har 3 spørsmål for begge skalaene.

Reliabiliteten for dei ulike delskårane var i hovudsak tilfredsstillande (Cronbach's alpha frå 0.67 til 0.95), med unntak av delskåren for emosjonelle vanskar rapportert av lærarane på T4 (Cronbach's alpha 0.45). Grenseverdiane for kliniske totale vanskar vart sett til 9 for lærarskalaen og 11 for foreldreskalaen, i samsvar med det britiske skåringssystemet (Hogg et al., 1997), pga. manglande norske normdata. Totalskårar over grenseverdien har blitt definert som «høge vanskeskårar» og under grenseverdien som «låge vanskeskårar». I den longitudinelle delstudien (delstudie 3) vart det også konstruert individuelle endringsskårar for dei ulike delindeksane på Rutterskalaen, som er differansen mellom vanskeskåren på det siste måletidspunktet (T4) minus vanskeskåren på det første måletidspunktet (T1).

Det siste 10-året har Rutterskalaene i stor grad blitt erstatta av SDQ (Goodman, 1999), som inneheld mange av dei same spørsmåla som Rutterskalaen, men med færre spørsmål og like versjonar for foreldre/omsorgspersonar, lærarar og barn

(www.sdqinfo.com). I mange land (særleg USA) er også CBCL/TRF (Achenbach, 1991) eit føretrakt kartleggingsinstrument for barns psykiske vanskar. Bruken av ulike kartleggingsinstrument i ulike studiar kan vera ei utfordring i forskingssamanheng, fordi det vanskeleggjer direkte samanlikningar av funna. Ved bruk av grenseverdiar for kliniske vanskar kan ein likevel samanlikna førekomsten av psykiske vanskar på tvers av kartleggingsinstrument og studiar. Når det gjeld bruken av skalaene som kontinuerlege avhengige variablar (utfallsmål), er det likeeins fullt mogeleg å samanlikna påviste samanhengar, variasjon og utvikling.

4.5 Andre studievariablar

4.5.1 Demografiske kjenneteikn ved barna

Kjønn vart koda 0 for jenter (n=38) og 1 for gutar (n=71).

Alder vart behandla både som ein kontinuerleg variabel (alle delstudiane), og som dikotomisert variabel (delstudie 1), der aldersgruppa 6-9 år (n=61) vart koda 0 og aldersgruppa 10-12 år (n=48) vart koda 1.

4.5.2 Sosioøkonomiske kjenneteikn ved foreldra

Sosioøkonomiske kjenneteikn ved foreldra var kartlagt ved tre variablar; familiestruktur, mor si høgaste utdanning og mor si viktigaste inntektskjelde på plasseringstidspunktet. Informasjon om mødrene vart valt fordi dei fleste barna budde saman med mødrene på plasseringstidspunktet, og fordi det mangla informasjon om ein stor del av fedrane. Informasjonen var rapportert av barna sine saksbehandlarar i den enkelte sak, og supplert/justert av informasjon frå foreldra sjølve.

Familiestruktur var rapportert i fem kategoriar avhengig av kven barnet budde med rett før plassering utanfor heimen; mor og far (n=12), mor åleine (n=59), mor/stefar (n=29), far åleine (n=5), far/stemor (n=4). Alle kategoriane er rapporterte i delstudie 1, medan i delstudie 2 vart kategoriane samanslegne til to grupper: «foreldre/steforeldre» (koda 0) og «eineforeldre» (koda 1).

Mor si høgaste utdanning var rapportert på ein seks-punkt skala som gjekk frå «mindre enn 9 års skolegang» (1) til høgskole/universitetsutdanning (6). Variabelen vart behandla både som kategoriell (delstudie 1) – der grunnskolenivå (inntil 9 år) vart koda

1 (n=53), vidaregåande nivå (inntil 12 år) vart koda 2 (n=24) og høgskole/universitetsnivå vart koda 3 (n=5) - og som kontinuerleg (delstudie 2).

Mor si viktigaste inntektskjelde var rapportert i fem kategoriar; inntektsgivande arbeid (n=24), lån (n=1), trygdeytningar (n=59), økonomisk sosial hjelp (n=15) og anna (n=7), men vart slått saman til tre kategoriar i delstudie 1 og til to kategoriar i delstudie 2. Desse kategoriane var: «inntektsgivande arbeid» (koda 1), «trygdeytning» (koda 2)/«sosial hjelp/anna» (koda 3).

4.5.3 Informasjon om barnevernssaka

Informasjon om barnevernssaka bestod av fem variablar; plasseringstype, lovheimel for plassering, tidlegare tiltak frå barnevernet, årsaker til plassering (fleire variablar) og tal flyttingar frå plasseringstidspunktet (T1) til oppfølgingstidspunktet (T4). All informasjonen var rapportert av saksbehandlarane.

Plasseringstype var rapportert i fire kategoriar: institusjon (n=56), fosterheim (n=18), beredskapsheim (n=31) og «anna» (n=4). I delstudie 3 vart dei fire kategoriane slått saman til to; «institusjon» (koda 0) og «fosterheim/beredskapsheim o.l.» (koda 1).

Lovheimel for plasseringa var rapportert i fire kategoriar: friviljug plassering etter Bvl. § 4-4.5 (n=41), akutt plassering med samtykke etter Bvl. § 4-6.1 (n=18), akutt plassering utan samtykke etter Bvl. § 4-6.2 (n=22) og omsorgsovertaking etter Bvl. § 4-12 (n=28). I delstudiane vart dei fire kategoriane slått saman til to; «friviljuge plasseringar» (koda 0) og «tvangsplasseringar» (koda 1).

Tidlegare barneverntiltak bestod av tre kategoriar (koda 0,1,2); “ingen tiltak” (n=17), “hjelpetiltak i heimen» (n=66) og «hjelpetiltak heime og plasseringstiltak» (n=26).

Årsaker til plassering inkluderte ei rekke enkeltårsaker som var registrert av saksbehandlarane som medverkande til at plasseringa skjedde. Dette galdt *forhold knytt til foreldra*; rus (n=54), psykisk sjukdom (n=25), fysisk sjukdom (n=2), foreldre død (n=5), foreldre slitne (n=46), samlivskonfliktar/vald (n=28), samværskonfliktar (n=4), kriminalitet (n=8), anna avvikande åtferd hos foreldre (n=11), økonomiske vanskar (n=22), *forhold knytt til omsorgssituasjonen*; vanrøkt/omsorgssvikt (n=54), fysiske overgrep (n=11), seksuelle overgrep/incest (n=5), psykisk omsorgssvikt og/eller overgrep (n=38), *forhold knytt til foreldre-barn relasjonen*; grensesetjingsproblem

(n=50), foreldre/barn konflikter (n=26) og *forhold knytt til barnet*; åtferdsvanskar (n=55).

Det er viktig å vera merksam på at barnet sine åtferdsvanskar som årsak til plassering ikkje er det same som delskåren for åtferdsvanskar kartlagt ved the Revised Rutter Scales. For å skilja dei frå kvarandre i artiklane er åtferdsvanskar som årsak til plassering omtala som «behavioural problems», medan det diagnostiske omgrepet knytt til skalaen er «conduct problems». Det var også registrert ei rekke andre årsaker til plassering knytt til barna, men dei vart ikkje brukt i PhD-prosjektet. Alle årsakene var koda 0 dersom dei ikkje var registrert, og 1 dersom dei var registrert som medverkande årsak til plasseringa. Det var også registrert fleire årsaker til plassering i kvar sak. Dei ulike årsakene til plassering er brukt litt ulikt i dei ulike delstudiane, noko som vil gå fram av punktet om analysemetodar.

Tal plasseringar (0-11) etter første plassering vart registrert for kvart enkelt barn og oppdatert gjennom oppfølgingsundersøkingane på T2 og T3 gjennom intervju med saksbehandlarane, og på T4 gjennom nye intervju med saksbehandlarar, og gjennomgått med barna sjølve. Systematiseringar av plasseringsforløpa har blitt gjort av Havik & Christiansen (2009) og vidare utforska av Christiansen et al. (2010).

4.5.4 Stressande livshendingar

Stressande livshendingar var rapportert av saksbehandlarane, som fylte ut ei liste av 15 potensielt viktige livshendingar i barnet/familien sitt liv dei siste åra (Goodyer, 1985; Ogden, 1995; Sandbæk, 1999). Hendingane gjaldt sjukdom, død, tap av viktige personar, endringar i familiesituasjonen (nye barn eller vaksne i hushaldet, skilsmisse/separasjon), flyttingar, skolebytte, alvorlege sosiale problem (t.d. økonomiske problem, husproblem, kriminalitet) etc. Dei ulike hendingane vart koda 1 dersom dei vart stadfesta og 0 dersom dei ikkje vart stadfesta. Før bruk i analysesamanheng vart svara på enkelthendingane summert til ein sumskåre (0-9). Ein mogeleg svakheit ved denne informasjonen er at den er rapportert av saksbehandlarane, og ikkje av foreldra/barna sjølve.

4.5.5 Støttande relasjonar

Støttande relasjonar vart målt ved ein sumskåre av følgjande 4 spørsmål: 1) barnet har støtte i lærar eller ein annan vaksen person på skolen, 2) barnet har støtte i eldre søsken, 3) barnets familie har støtte i familie/slektningar og 4) barnets familie har støtte i naboar/venner. Spørsmåla er også brukte i Prosjekt Oppvekstnettverk (Ogden, 1995). Enkeltspørsmåla var svara på av saksbehandlar; positivt (koda 1) dersom støttande relasjonar vart stadfesta, og negativt (koda 0) dersom ikkje stadfesta. På same vis som med spørsmåla om stressande livshendingar kan det vera ein svakheit knytt til informasjonen frå desse spørsmåla, fordi den ikkje er stadfesta av foreldra/barna sjølve.

4.6 Statistiske analysemetodar

Analysemetodar som er brukt i dei enkelte delstudiane kan oppsummerast til frekvensanalysar, kji-kvadrat testar, t-testar, prinsipal komponent analyse (PCA), korrelasjonsanalysar og regresjonsanalysar utført i SPSS versjon 17 og 18 (artikkel 1 og 3) og Amos (artikkel 2). *Frekvensanalysar* har vore brukt for å beskriva kjenneteikn ved dei ulike utvala og fordelingar mellom høge og låge vanskeskårar på Rutterskalaen. *Kji-kvadrat* testar har vore brukt for å undersøkje om skilnaden mellom ulike grupper i kategorielle variablar har vore signifikant, medan *t-testar* for uavhengige (independent) og avhengige (paired) grupper har vore brukt for å testa tilsvarande skilnader i gjennomsnittsverdiar for kontinuerlege variablar.

Prinsipal komponent analyse vart brukt i konstruksjon av tre risikoindeksar for psykiske vanskar, basert på familierelaterte årsaker til plassering (10 årsaker, som alle var rapportert for minst 10 barn inngjekk i analysen) (delstudie 1). Den første analysen indikerte fem faktorar med «eigenverdi» over 1. Vidare analysar indikerte at ei tre-faktorløysing, som forklarte 48 % av den totale variansen, ga den beste teoretiske løysinga. Analysen ga tilfredsstillande verdiar på «Kaiser-Meyer-Olkin Measure of Sampling Adequacy» (0.53) som har grenseverdiar frå 0.50 til 0.80, og «Bartlett's Test of Sphericity» var signifikant. Dei tre risikoindeksane var slik samansette: «foreldrerisiko» (rusmisbruk, psykiske vanskar, avvikande åtferd, konflikhtar/vald mellom foreldra), «samhandlingsrisiko» (foreldre slitne, grensesetjingsproblem, foreldre/barn konflikhtar), og «omsorgssviktrisiko» (fysisk/psykisk mishandling, fysisk/psykisk omsorgssvikt). Risikoindeksane vart brukte i vidare regresjonsanalysar.

Korrelasjonsanalysar vart brukt for å undersøkje samanhengar mellom dei uavhengige variablane og utfallsmåla, bl.a. for å ha eit statistisk grunnlag for å velja ut mogelege forklaringsvariablar for vidare regresjonsanalysar. Korrelasjonsanalysar vart også brukt for å studera samanhengen mellom dei ulike måla på barna sine psykiske vanskar på T1 og på T4. I delstudie 2 undersøkte ein samanhengen mellom ulike forklaringsvariablar og gruppeskilnader mellom det å vera plassert pga. foreldres rusproblem og det å vera plassert pga. andre årsaker. I undersøkingar av gruppeskilnader er det ein føresetnad at ein mogeleg forklaringsvariabel har ein viss korrelasjon *både* med utfallsmålet og med gruppevariabelen (MacKinnon, Krull, & Lockwood, 2000).

Hierarkisk multippel regresjonsanalyse vart brukt i alle delstudiane for å undersøkje den totale og unike tydinga som dei uavhengige variablane hadde på dei avhengige variablane (utfallsmålet). I samband med regresjonsanalysane vart det også køyrt ei rekke analysar for å undersøkje mogelege interaksjonseffektar mellom dei ulike forklaringsvariablane og utfallsmåla, men ingen slike effektar vart funne i nokon av delstudiane. I regresjonsanalysane var alle kategorielle variablar «dummy-koda» (0-1), medan dei kontinuerlege variablane vart oppretthaldne.

4.7 Handtering av manglande data

Kvantitativ forskning er avhengig både av eit rimeleg stort tal informantar, og av eit mest mogeleg komplett datasett. I både tverrsnittstudiar, men særleg i oppfølgingsstudiar, kan det vera ei utfordring at datasettet er mangelfullt, anten pga. bortfall av informantar, eller at det manglar informasjon på enkeltspørsmål i eit kartleggingsskjema. Det finst etter kvart mange avanserte metodar for å behandle manglande data, føresett at ikkje altfor store delar av datasettet manglar.

Ein tradisjonell metode er å erstatta manglande data på enkeltvariablar med ein individuell gjennomsnittsverdi basert på dei andre skårane på same indeks eller skala. Dette er ein metode som blei brukt i alle delstudiane i avhandlinga for å fylla ut manglande enkeltsvar på Rutterskalaen (føresett at manglande svar på skalaen ikkje oversteig 33 %). Dette innebar t.d. at minst 2 av 3 spørsmål på skalaen for hyperaktivitet måtte vera svara på, eller 4 av 6 spørsmål på skalaen for åtferdsvanskar, lærarversjon.

I det empiriske materialet var ikkje manglande data noko stort problem i forhold til dei uavhengige variablane, der vi hadde komplette data, bortsett frå informasjon om mødrene si utdanning (n=82, manglande data 25 %) og familiestruktur (n=105, manglande data 4 %), som ikkje hadde særleg stor tyding for dei vidare analysane. Det var derimot manglande data på Rutterskalaen, som ga ei særleg utfordring på oppfølgingstidspunktet 7-8 år etter plasseringa.

I *den første delstudien* (T1) blei det ikkje estimert verdiar for informantar som ikkje hadde svara på Rutterskalaen, dels fordi talet informantar blei vurdert å vera stort nok til å gjera dei ønska analysane (n=86-92, manglande informantar 21-16 %), og dels pga. manglande kompetanse i meir avanserte metodar for å behandla manglande data, i den første fasen av forskingsarbeidet.

I *den andre delstudien* (T1) blei analysane gjennomførte i statistikkprogrammet AMOS, som innebar at manglande data blei estimert ved hjelp av rutinane for "Full Information Maximum Likelihood" (FIML) (Byrne, 2009). Denne metoden estimerer manglande verdiar på grunnlag av all informasjon i det aktuelle datasettet, og ikkje berre gjennomsnittsverdiar på grunnlag av den enkelte sine skåringar på andre spørsmål. Føresetnaden i FIML metodar er at «sannsynlegheiten» for manglande data på ein spesifikk variable "Y" er relatert til dei andre variablane i modellen, men ikkje til verdiane av "Y" variabelen sjølv, noko som blir kalla «missing at random» (MAR) (Enders, 2010). Formulert på ein annan måte inneber MAR at manglande data om psykiske vanskar ikkje er relatert til desse spørsmåla i seg sjølv, men evt. til ein av dei andre variablane i modellen²².

I *den tredje delstudien* (T4) mangla det informasjon om psykiske vanskar for meir enn halvparten av dei 109 barna, anten frå omsorgspersonar eller frå lærarar. Både pga. manglande data, men like mykje pga. eit ønske om å undersøkje eit mest mogeleg homogent utval av langtidsplasserte barn, vart utvalet på oppfølgingstidspunktet bestemt til å inkludera dei 70 barna som alle hadde vore plasserte utanfor heimen i meir

²² Ideelt sett er det ønskeleg at manglande data skal vera heilt tilfeldig og uavhengig av alle variablar i modellen; «missing completely at random» (MCAR), men då dette sjeldan er tilfelle er krava til bruk av metoden sett til MAR, som forklara i teksten.

enn 4 år. I dette utvalet varierte manglende data om psykiske vanskar frå 19 % til 24 % for dei ulike skalaene, bortsett frå lærarskalaen på T4, der manglende data var mellom 43 % og 46 %.

Fordi utvalet i oppfølgingsstudien var såpass lite, valde vi å nytta Multiple Imputation (MI) for å handtera manglende data. Denne metoden er også basert på føresetnaden om MAR, og vart gjennomført ved hjelp av rutinane i SPSS 18. MI gjer bruk av Bayesian estimering, som har vist seg å vera mindre sensitiv for små utval enn Maximum Likelihood estimering (Enders, 2010; Muthén & Asparouhov, 2012). MI har vist seg å fungera tilfredsstillande for utval ned mot $n=50$, og å kunne behandla manglende data på inntil 50 % på ein god måte (Graham, 2009).

For å oppnå eit tilnærma likt resultat med gjennomsnittet frå uendelege trekningar frå ein populasjon, blir det tilrådd å gjera imputeringa mange gonger (minst 40), og det er gjennomsnittet frå dei enkelte imputeringane som blir brukt som endelege verdiar. Å gjera imputeringa mange gonger, vil også gi ein større variasjon i materialet enn ved ei enkelt imputering. MI og FIML er generelt sett vurdert som “state of the art” når det gjeld metodar for å behandla manglende data, og som klart overlegne post hoc rutinar som «mean replacement» og «list-wise» eller «pair-wise deletion» (Schäfer & Graham, 2002).

Sjølv om MI har vist seg å fungera tilfredsstillande for små utval kan ein risikera konvergeringsproblem og utilfredsstillande løysingar som kan forstyrre analyseresultata (Sterne, White, & Carlin, 2009). Dette vart det kontrollert nøye for, i tillegg til at det også vart gjort samanlikningar med analysar utan imputering (list-wise deletion), som i hovudsak ga det same resultatet. Talet på imputerte datasett vart sett til 50 for å oppnå tilfredsstillande statistisk kraft. Relevante interaksjonseffektar var også inkluderte i imputeringsmodellen, for å betre kunna oppdaga slike effektar (Graham, 2009).

4.8 Forskingsetiske vurderingar

Forsking på marginaliserte grupper inneber eit forskningsetisk ansvar både i forhold til vern av enkeltindividet og i forhold til samfunnets behov for kunnskap²³. Særleg gjeld dette forskning på mindreårige og andre grupper som er dårleg i stand til å målbera sine egne interesser, og i forhold til innhenting av sensitiv informasjon, som også kan utløysa kraftige reaksjonar og hjelpebehov hos informantane (Strandbu & Thørnblad, 2010). Fordi innsamling av datamaterialet skjedde i regi av hovudprosjektet, gjeld etiske vurderingar for avhandlinga først og fremst behandling og vidareformidling av informasjon. Som forskingsmedarbeidar i hovudprosjektet gjennom heile perioden vil eg likevel nemna nokre forskningsetiske problemstillingar frå datainnsamlingsperioden, som særleg gjeld foreldre og barn.

Det vart i utgangspunktet lagt stor vekt på å gi fyldig og forståeleg informasjon om kva det innebar å delta i prosjektet til alle partar, både skriftleg og munnleg, og at det var mogeleg å trekkja tilbake samtykke til deltaking kva tid som helst. I rekruttering av informantar på T1 var det særleg viktig å nærma seg dei potensielle informantane (foreldra) med varsemnd og respekt, særleg fordi dei nyleg, med eller utan samtykke, hadde opplevd at barna deira var blitt plasserte utanfor heimen for kortare eller lengre tid, og at dei av ulike årsaker ikkje hadde strekt til som foreldre. I nokre saker var det ei utfordring å vurdera om foreldra pga. helsetilstanden var i stand til å gi eit informert samtykke. Ved siste datainnsamling (T4) var det ein stadig tilbakevendande diskusjon i prosjektgruppa korleis ein skulle få kontakt med informantane og evt. purra på skriftleg samtykke. Nokre saker gjekk t.d. heilt eller delvis tapt fordi ungdommane sjølve ikkje ønskte at dei vaksne i saka skulle la seg intervjuja, eller at dei ikkje ville delta fordi dei ville vera ferdige med fortida si som barnevernsbarn.

I sjølve intervjusituasjonen var det viktig å vera merksam på når informantane var slitne og å visa forståing for at dei ikkje ønska å uttala seg om alle tema. Det var også viktig å sikra seg at informantar som trengte nokon å snakka med etter intervjuet hadde det. For barna sin del var dette ofte omsorgspersonane, men for nokre av dei var

²³ <http://www.etikk.no/retningslinjer/NESHretningslinjer/06>

det betre å snakka med andre som ikkje var så involverte i barnevernsaka. Fordi det var intervju med fleire informantar i kvar sak, var det avgjerande å sikra at den framkomne informasjonen ikkje vart gitt vidare til dei andre. Alle forskingsmedarbeidarane var innforstått med at dersom det kom fram informasjon som kunne utløysa meldeplikt til barnevernet, så var dette overordna lovnaden om konfidensialitet.

Mine personlege erfaringar frå bl.a. å ha intervjuet ei rekke ungdommar er at dei fleste synest det var både ei positiv og nyttig oppleving å bli intervjuet, og som ein av dei unge gutane sa: «Tenk, det kom ein forskar heilt frå Bergen berre for å snakka med meg!» Nokre av dei yngste informantane syntest nok at det blei for mange spørsmål på ein gong, og likte betre å kryssa av på spørjeskjema.

Forskingsetiske problemstillingar som har større relevans for PhD-prosjektet gjeld først og fremst formidling av funn. Innan kvantitativ forskning som blir formidla på gruppenivå er det ikkje så stor fare for at enkeltpersonar skal kunna identifiserast. Men dersom mogeleg ufordelaktige opplysningar blir formidla offentleg, er det ein fare for stigmatisering eller ytterlegare marginalisering av dei det gjeld; anten at barnevernsbarn eller foreldre blir framstilte som stereotypiar eller som avvikarar frå det som er normalt eller ønskelig, eller at det blir sannsynleggjort at barnevernet eller lærarar ikkje har gjort ein god nok jobb. Dette er generelle omsyn som må vegast opp mot samfunnets behov for kunnskap; ein kunnskap som forhåpentleg også kan føra til ein større innsats og ein betra situasjon for dei det gjeld.

5. Resultat frå delstudiane

Dette kapitlet omhandlar dei empiriske delstudiane som har danna grunnlaget for avhandlinga. Gjennomgangen startar med eit samandrag av problemstillingar, funn og konklusjonar knytt til dei enkelte delstudiane. Deretter har eg valt å leggja inn dei 3 artiklane i fulltekst, for å tydeleggjera at dei er ein integrert del av avhandlinga, og fordi dei med fordel kan lesast før drøftinga i det siste kapitlet.

5.1 Artikkel 1:

Havnen, K.S., Jakobsen, R. & Stormark, K.M. (2009): Mental health problems in Norwegian school children placed out-of-home - the importance of family risk factors. *Child Care in Practice*, **15**, 235-250.

Studien som blir presentert i denne artikkelen hadde to hovudproblemstillingar:

- 1) Å kartleggja førekomst og variasjon av psykiske vanskar hos norske skolebarn i alderen 6-12 år kort tid etter at dei blei plasserte utanfor heimen
- 2) Å studera samanhengen mellom familierelaterte årsaker til plasseringa og variasjonen i barna sine psykiske vanskar.

Utvalet bestod av 109 barn som blei plasserte utanfor heimen i ein alder av 6-12 år. Barna sine psykiske vanskar og prososiale åtferd blei vurdert av lærarar og foreldre, som fylte ut eit standardisert kartleggingsskjema (the Revised Rutter Scales) kort tid etter plasseringa. Skjemaet hadde ein skåre for totale psykiske vanskar og delskårar for emosjonelle vanskar, åtferdsvanskar, hyperaktivitet og prososial åtferd. Totalskåren vart også delt i høge og låge vanskeskårar (kliniske vs. ikkje kliniske skårar) etter bestemte grenseverdier. Medverkande årsaker til plassering blei registrert av barna sine saksbehandlarar i barneverntenesta på ei omfattande liste av moglege årsaker²⁴. Familierelaterte årsaker til plasseringa blei i denne studien slått saman til 3

²⁴ Barnerelaterte risikofaktorar var ikkje studerte i denne samanheng

risikoindeksar; 1) foreldreproblem (rusmisbruk, psykiske vanskar, avvikande åtferd, konflikhtar/vald mellom foreldra), 2) samhandlingsproblem (foreldre slitne, grensesetjingsproblem, foreldre/barn konflikhtar), og 3) omsorgssvikt/mishandling (fysisk/psykisk mishandling, fysisk/psykisk omsorgssvikt).

Studien viste at meir enn sju av ti barn hadde symptom på psykiske vanskar både ifølgje lærarar (75 %) og foreldre (70 %), og at gutane hadde høgare vanskar enn jentene på alle problemområda, bortsett frå emosjonelle vanskar. Jentene hadde også høgare prososial åtferd enn gutane. Det var ingen samanheng mellom barna sin alder og omfanget av totale psykiske vanskar. I utforskinga av kva forhold som kunne forklara variasjonen i barna sine psykiske vanskar, blei det konstatert at det var ingen lineær samanheng mellom talet på risikofaktorar knytt til familierelaterte årsaker til plassering og barna sine vanskar, men barn som var plasserte pga. *ei* spesifikk årsak hadde lågare psykiske vanskar enn dersom *to eller fleire* årsaker medverka til plasseringa. Risikoindeksane for foreldreproblem og samhandlingsproblem forklarte begge ein signifikant del av variasjonen i barna sine totale psykiske vanskar, men i kvar sine retningar. Medan høgare foreldreproblem var relatert til lågare psykiske vanskar, var høgare samhandlingsproblem relatert til høgare psykiske vanskar. Risikoindeksen for omsorgssvikt/mishandling hadde ingen forklaringsverdi i denne samanheng. Kjønn hadde ein forklaringsverdi ifølgje lærardata, men ikkje ifølgje foreldredata.

I artikkelen blir det konkludert med at omfanget av psykiske vanskar hos norske barn plasserte utanfor heimen er høgt, både i forhold til barn generelt og samanlikna med andre studiar av plasserte barn. Ulike risikofaktorar knytt til familierelaterte årsaker til plassering kan vera viktige indikatorar for psykiske vanskar hos barna. For å betre fanga opp behovet for vidare utgreiing og behandling, blir det foreslege å innføra ei «screening» av psykiske vanskar for alle barn som blir vurdert for plassering utanfor heimen. Større nasjonal innsats blir etterlyst, både når det gjeld forskning på førekomsten

av psykiske vanskar hos norske barnevernsbarn, og i tiltaksutvikling for å betre imøtekoma barna sine psykiske vanskar.²⁵

5.2 Artikkel 2:

Havnen, K.S., Breivik, K., Stormark, K.M. & Jakobsen, R. (2011): Why do children placed out-of-home because of parental substance abuse have less mental health problems than children placed for other reasons? *Children and Youth Services Review*, **33**, 2010-2017.

Studien som blir presentert i denne artikkelen er ei oppfølging av artikkel 1, som bl.a. fann at barn plasserte utanfor heimen pga. foreldreproblem hadde lågare psykiske vanskar enn barn plasserte pga. samhandlingsproblem. I denne artikkelen valde vi å gå bort frå risikoindeksane frå artikkel 1, for heller å fokusera på enkeltvariablar. Ettersom rusmisbruk hos foreldre var ei av dei vanlegaste enkeltårsakene til plassering, og som var relatert til lågare grad av psykiske vanskar enn andre plasseringsårsaker, bestemte vi oss for å studera korleis barn plasserte pga. foreldres rusmisbruk skilte seg ut ifrå barn plasserte av andre årsaker. På denne bakgrunn var føremålet med artikkelen å samanlikna barn plasserte utanfor heimen pga. foreldres rusmisbruk med barn som var plasserte av andre årsaker enn foreldres rusmisbruk, med eit særlig fokus på å utforska potensielle skilnader i barna sine psykiske vanskar. Artikkelen hadde tre problemstillingar;

- 1) Å beskriva mogelege gruppeskilnader mellom barn plasserte pga. foreldres rusmisbruk og barn plasserte av andre årsaker; relatert til barna sjølve, til foreldra og til barnevernsaka, så vel som barna og familiane sine opplevingar av sosial støtte og stressande livshendingar.

²⁵ Korrigerings av feil i publisert artikkel s. 246: Med referanse til Egelund & Hestbæk (2007) blir det opplyst at den danske studien fant ingen korrelasjon «mellom lærar- og foreldrerapport» av barna sine psykiske vanskar. Det korrekte skal vera «mellom fosterforeldre- og foreldrerapport». Det står også at barna gjekk i 1ste til 10de klasse (s238). Det rette skal vera 1ste til 7de klasse.

- 2) Å utforska mogelege gruppeskilnader i psykiske vanskar mellom barn plasserte pga. foreldres rusmisbruk og barn plasserte av andre årsaker.
- 3) Å utforska mogelege forklaringar til den potensielle gruppeskilnaden i psykiske vanskar mellom barn plasserte pga. foreldres rusmisbruk og barn plasserte av andre årsaker.

Utvalet var, som i den første studien, 109 barn som blei plasserte utanfor heimen i alderen 6-12 år, men for å studera gruppeskilnader mellom barn plasserte pga. foreldres rusmisbruk og barn plasserte av andre årsaker blei utvalet delt i to grupper; der 54 barn tilhørde “rusgruppa” (PSA = parental substance abuse) og 55 barn tilhørde “ikkje-rus gruppa” (NPSA = not parental substance abuse). Dei fleste barna i begge gruppene hadde fleire plasseringsårsaker, men skiljet mellom gruppene var «rus» eller «ikkje rus» hos foreldra. Barna sine psykiske vanskar og prososiale åtferd var i denne studien basert på lærarvurderingar frå the Revised Rutter Scale, som blei vurdert å vera mindre påverka av sjølve plasseringa enn foreldrevurderingane. Informasjon om barna sjølve, familieforhold (inkludert sosioøkonomiske forhold) og barnevernsaka, samt opplysningar om sosial støtte og stressande livshendingar var svara på av saksbehandlarar i barnevernet, medan familieforhold også var supplert/justert med informasjon frå foreldra.

Det vart funne ei rekke (signifikante) gruppeskilnader mellom PSA-gruppa og NPSA-gruppa: Samanlikna med NPSA-gruppa var barna i PSA-gruppa yngre og oftare jenter; mødrene var oftare mottakarar av sosialhjelp/trygd, men hadde høgare utdanning; familiane hadde opplevd fleire stressande livshendingar; barna var sjeldnare plasserte i institusjon, oftare tvangsplasserte og hadde oftare vore plasserte utanfor heimen tidlegare; barna var sjeldnare plasserte pga. tilleggsårsaker som disiplinproblem eller eigne åtferdsvanskar og dei hadde høgare prososial åtferd. Forhold som familiestruktur, sosial støtte og det å vera plassert pga. omsorgssvikt skilte ikkje mellom dei to gruppene.

PSA-gruppa hadde mindre psykiske vanskar enn NPSA-gruppa for alle delskårar av the Revised Rutter Scale, unntatt hyperaktivitet. Begge gruppene hadde derimot langt oftare psykiske vanskar enn barn flest. Forhold som hadde samanheng med høgare psykiske vanskar var det å vera gut, og det å vera plassert utanfor heimen pga.

disiplinproblem og/eller egne åtferdsvanskar, medan forhold som hadde samanheng med lågare psykiske vanskar var mor si inntektskjelde (sosialhjelp/trygd), høgare grad av sosial støtte og høgare grad av prososial åtferd. Forhold som barna sin alder, familiestruktur, mors utdanning, tidlegare tiltak frå barnevernet og omfanget av stressande livshendingar hadde ingen samanheng med barna sine psykiske vanskar.

Alle variablar som korrelerte ($r > .15$) både med gruppetilhøyrse og med barna sine psykiske vanskar på dei ulike delskårane blei inkludert i regresjonsanalysar, med siktemål å forklara gruppeskilnadene i psykiske vanskar. Analysane viste at gruppeskilnadene i både totale psykiske vanskar og åtferdsvanskar nesten fullt ut vart forklart av barna si prososiale åtferd, og i nokon grad av barna sine åtferdsvanskar som medverkande årsak til plasseringa. Gruppeskilnaden i emosjonelle vanskar blei delvis forklart av barna si prososiale åtferd. Dei andre forklaringsvariablane hadde ingen sjølvstendig forklaringsverdi.

Studien konkluderer med at dei mange observerte skilnadene mellom PSA-gruppa og NPSA-gruppa tyder på at det dreiar seg om to forholdsvis ulike barnegrupper innanfor barnevernssystemet, både med omsyn til kjenneteikn ved barna, familiane og barnevernsaka. Prososial åtferd hos barnet kan sjåast som ein viktig beskyttande faktor mot utvikling av psykiske vanskar, noko som oppmodar til auka innsats frå barnevernet (og andre instansar) for å styrka slik åtferd. Det blir etterlyst longitudinell forskning for å undersøkje om barna i PSA-gruppa framleis har mindre psykiske vanskar enn andre plasserte barn når dei blir ungdommar og unge vaksne.

5.3 Artikkel 3:

Havnen, K.S., Breivik, K. & Jakobsen, R. (2012): Stability and change – A 7-8 year follow up study of mental health problems in Norwegian children in long term out-of-home care. *Child and Family Social Work*, accepted for publication 19. July. Article first published online: 17. Sep. 2012 | DOI: 10.1111/cfs.12001.

Studien som blir presentert i denne artikkelen er ei oppfølging av funn frå dei to føregåande artiklane, med føremål å undersøkje stabilitet og endring i barna sine psykiske vanskar 7-8 år etter at dei som 6-12 åringar blei plasserte utanfor heimen. Problemstillingane i studien var:

- 1) Å undersøkje absolutt og relativ stabilitet i barna sine psykiske vanskar over tid.
- 2) Å undersøkje om forhold som hadde samanheng med barna sine psykiske vanskar på plasseringstidspunktet også predikerte moglege endringar i psykiske vanskar over tid.

Utvalet i oppfølgingsstudien var 70 av dei 109 barna som var del av det opphavlege utvalet av barn plasserte utanfor heimen i alderen 6-12 år. Barna var på oppfølgingstidspunktet i alderen 13-20 år, det var dobbelt så mange gutar som jenter, og alle hadde vore plasserte utanfor heimen i meir enn 4 år (gjennomsnitt 6 år). Dei fleste av barna budde i fosterheim (n=46), medan resten budde i institusjon (n=9), i eige husvære (n=10) eller dei hadde nyleg flytta heim (n=5). Barna sine psykiske vanskar og prososiale åtferd blei på oppfølgingstidspunktet vurdert av barna sine daglege omsorgspersonar (fosterforeldre, miljøarbeidarar, foreldre) og av barna sine lærarar på the Revised Rutter Scales, medan tilsvarande opplysningar frå plasseringstidspunktet 7-8 år tidlegare, blei henta frå barna sine foreldre og lærarar. Informasjon om barnevernsaka og forhold ved barna/familiane blei registrert av barna sine saksbehandlarar i barneverntenesta på plasseringstidspunktet og er gjort greie for i dei to tidlegare delstudiane. I tillegg vart det inkludert informasjon om plasseringstype, lovheimel for plassering og tal flyttingar mellom ulike plasseringsstader i løpet av plasseringsforløpet, også rapportert av saksbehandlarane.

I utforskinga av absolutt og relativ stabilitet i psykiske vanskar var «absolutt stabilitet» definert som graden av stabilitet i individuell fungering på ein viss dimensjon (i denne samanheng psykiske vanskar) på tvers av tid (og rom), medan «relativ stabilitet» var definert som graden av stabilitet i individuell posisjon i ei gruppe på tvers av tid (og rom). Eit hovudfunn frå studien var at ifølgje lærarane hadde barna sine psykiske vanskar i absolutte verdiar betra seg tydelig, målt både ved gjennomsnittsskårar og ved omfanget av høge vanskeskårar (høge skårar redusert frå 83 % til 54 %), medan ifølgje omsorgspersonane var barna sine psykiske vanskar stabile over tid og framleis høge (71 % høge skårar begge tidspunkt). Relativt sett var det derimot ein låg til moderat korrelasjon mellom barna sine psykiske vanskar på plasseringstidspunktet og 7-8 år seinare, noko som indikerte at forholdsvis mange barn

hadde endra sin individuelle posisjon i gruppa over tid. Sistnemnte var eit funn som var felles i begge informantgruppene.

I ei vidare utforsking av individuelle endringsskårar (T4 skårar minus T1 skårar) blei det funne at heile 81 % av barna hadde lågare vanskeskårar på oppfølgingstidspunktet ifølgje lærarane, mot 51 % ifølgje omsorgspersonane. Ifølgje data frå begge informantgrupper var det ein sterk negativ korrelasjon mellom initiale vanskeskårar og endringsskårane. Plot av dei individuelle korrelasjonane viste at ifølgje lærarskårane hadde storparten av barna fått reduserte vanskar på oppfølgingstidspunktet, medan ifølgje omsorgspersonskårane hadde barn med høgare initiale vanskeskårar fått reduserte vanskar og barn med lågare initiale vanskeskårar hadde fått auka vanskar (sjå figurar i slutten av kapitlet). For barna med dei høgaste initiale vanskanane var det dermed eit felles mønster ifølgje begge informantgrupper, at barna hadde fått reduserte vanskar over tid.

Mogelege prediktorar for endringar i psykiske vanskar (endringsskårar) over tid vart først utforska ved korrelasjonsanalysar og deretter ved regresjonsanalysar. Også i desse analysane var det eit felles mønster i begge informantgruppene for variablar som hadde samanheng med barna sine endringsskårar, men samanhengane var i motsett retning enn det ein fann i analysar frå plasseringstidspunktet. Å vera gut og å vera plassert pga. egne åtferdsvanskar hadde samanheng med ei meir positiv utvikling enn å vera jente og å ikkje vera plassert pga. åtferdsvanskar. Å vera plassert pga. foreldres rusproblem eller å ha høgare skåre på prososial åtferd på plasseringstidspunktet hadde samanheng med ei mindre positiv utvikling enn å vera plassert av andre grunnar enn foreldres rusproblem eller å ha lågare prososial åtferd ved plassering. Tilleggsvariablane som gjaldt lovheimel for plassering og plasseringstype viste noko ulike resultat ifølgje lærarar og omsorgspersonar. Å vera «tvangsplassert» hadde samanheng med ei mindre positiv utvikling ifølgje omsorgspersonskårane, og å vera plassert i fosterheim hadde samanheng med ei mindre positiv utvikling ifølgje lærarskårane. Det var ingen samanheng mellom talet på flyttingar og endringsskårane for psykiske vanskar.

Alle prediktorane som hadde ein viss korrelasjon med endringsskårane ($r \Rightarrow .20$) vart inkluderte i regresjonsanalysar med føremål å predikera endringsskårane i barna sine psykiske vanskar. Eit samstemt resultat for begge informantgrupper, var at dei einaste signifikante prediktorane for endringar i barna sine psykiske vanskar frå

plasseringstidspunktet til 7-8 år seinare, for alle delskårane, var barna sine vanskeskårar på plasseringstidspunktet. Effekten av alle dei andre prediktorane vart forklart av barna sine initiale vanskar.

Ein hovudkonklusjon i studien var at barna si utvikling var prega av variasjon og endring meir enn stabilitet, og at det ikkje er tale om ei homogen gruppe som følgjer dei same utviklingslinene over tid. Studien framhevar tydinga av å undersøkje endring ved hjelp av ulike metodar, og at berre å rapportera absolutte endringar ved hjelp av gjennomsnittsskårar eller proporsjonar av høge/låge vanskeskårar kan dekkja over viktige individuelle endringar. Sjølv om meir enn halvparten av barna hadde lågare vanskeskårar på oppfølgingstidspunktet, var det generelle nivået av psykiske vanskar framleis høgt. Dette viser behovet for sterkare innsats både frå barneverntenesta og frå det psykiske helsevernet for barn og unge. Det blir etterlyst meir longitudinell forskning om plasserte barns psykiske vanskar.

Figure 1 The association between the total difficulty scores at T1 and individual change scores (T4–T1), caregivers' reports ($n = 70$). Note: The x-axis displays the level of total difficulties at T1. The y-axis displays the level of change.





Figure 2 The association between total difficulty scores at T1 and individual change scores (T4–T1), teachers' reports ($n = 70$). Note: The x-axis displays the level of total difficulties at T1. The y-axis displays the level of change.



Artikkel 1

This article is not included due to copyright
available in Child Care in Practice 2009 ;Volum 15. s. 235-250
<https://doi.org/10.1080/13575270902891115>

Artikel 2



Contents lists available at ScienceDirect

Children and Youth Services Review

journal homepage: www.elsevier.com/locate/childyouth

Why do children placed out-of-home because of parental substance abuse have less mental health problems than children placed for other reasons?

Karen Skaale Havnen^{a,*}, Kyrre Breivik^b, Kjell Morten Stormark^a, Reidar Jakobsen^a^a UNI-Health, Centre for Child and Adolescent Mental Health, University of Bergen, Norway^b UNI-Health, Research Centre for Health Promotion, University of Bergen, Norway

ARTICLE INFO

Article history:

Received 22 March 2011
 Received in revised form 19 May 2011
 Accepted 19 May 2011
 Available online 27 May 2011

Keywords:

Parental substance abuse
 Mental health problems
 Behavioral problems
 Prosocial behavior
 Out-of-home care
 Children

ABSTRACT

- Elander, J. & Rutter, M. (1996a) An update on the status of the Rutter parents' and teachers' scales. *Child Psychology and Psychiatry Review*, **1** (1), 31–35.
- Elander, J. & Rutter, M. (1996b) Use and development of the Rutter parents' and teachers' scales. *International Journal of Methods in Psychiatric Research*, **6** (2), 63–78.
- Fernandez, E. (2008) Unravelling emotional, behavioural and educational outcomes in longitudinal study of children in foster-care. *British Journal of Social Work*, **38**, 1283–1301.
- Fernandez, E. (2009) Children's wellbeing in care: evidence from a longitudinal study of outcomes. *Children and Youth Services Review*, **31**, 1092–1100.
- Fernandez, E. & Barth, R. (2010) Reviewing international evidence to inform foster care policy and practice. In: *How Does Foster Care Work? International Evidence on Outcomes* (eds E. Fernandez & R. Barth), pp. 20–28. Jessica Kingsley Publishers, London and Philadelphia.
- Flynn, R.J. & Biro, C. (1998) Comparing developmental outcomes for children in care with those for other children in Canada. *Children and Society*, **12**, 228–233.
- Ford, T., Vostanis, P., Meltzer, H. & Goodman, R. (2007) Psychiatric disorder among British children looked after by local authorities: comparison with children living in private households. *The British Journal of Psychiatry*, **190**, 319–325.
- Forrester, D., Goodman, K., Cocker, C., Binnie, C. & Jensch, G. (2009) What is the impact of public care on children's welfare? A review of research findings from England and Wales and their policy implications. *Journal of Social Policy*, **38** (3), 439–456.
- Furby, L. (1973) Interpreting regression toward the mean in developmental research. *Developmental Psychology*, **8** (2), 172–179.
- Gilligan, R. (2001) *Promoting Resilience: A Resource Guide on Working with Children in the Care System*. British Agencies for Adoption and Fostering, London.
- Goodman, R. (1994) A modified version of the Rutter parent questionnaire including extra items on children's strengths: a research note. *Journal of Child Psychology and Psychiatry*, **35** (8), 1483–1494.
- Goodman, R. (2001) Psychometric properties of the strengths and difficulties questionnaire. *Journal of the American Academy of Child and Adolescent Psychiatry*, **40** (11), 1337–1345.
- Graham, J.W. (2009) Missing data analysis: making it work in the real world. *Annual Review of Psychology*, **60**, 549–576.
- Havnen, K.S., Jakobsen, R. & Stormark, K.M. (2009) Mental health problems in Norwegian school children placed outside home – the importance of family risk factors. *Child Care in Practice*, **15** (3), 235–250.
- Havnen, K.S., Breivik, K., Stormark, K.M. & Jakobsen, R. (2011) Why do children placed out-of-home because of parental substance abuse have less mental health problems than children placed for other reasons? *Children and Youth Services Review*, **33**, 2010–2017.
- Hogg, C., Rutter, M. & Richman, N. (1997) Emotional and behavioural problems in children. In: *Child Psychology Portfolio* (ed. I. Scare), pp. 1–34. NFER-Nelson, Windsor.
- Lawrence, C., Carlson, E.A. & Egelund, B. (2006) The impact of foster care on development. *Development and Psychopathology*, **18**, 57–76.
- McAuley, C. (2009) Emotional well-being and mental health of looked after children in the UK. *Child & Family Social Work*, **14** (2), 147–155.
- McWey, L.M., Cui, M. & Pazdera, A.L. (2010) Changes in externalizing and internalizing problems of adolescents in foster care. *Journal of Marriage and Family*, **72**, 1128–1140.
- Rutter, M. (1967) A children's behavior questionnaire for completion by teachers – preliminary finding. *Journal of Child Psychology and Psychiatry, and Allied Disciplines*, **8** (1), 1–11.
- Rutter, M., Tizard, J. & Whitmore, K. (1970) *Education, Health and Behavior*. Longmans, London.
- Schäfer, J.L. & Graham, J.W. (2002) Missing data: our view of the state of the art. *Psychological Methods*, **7** (2), 147–177.
- Sinclair, I., Baker, C., Wilson, K. & Gibbs, I. (2005) *Foster Children – Where They Go and How They Get On*. Jessica Kingsley Publishers, London and Philadelphia.
- Sterne, J.A., White, I.R. & Carlin, J.B. (2009) Multiple imputation for missing data in epidemiological and clinical research: potential and pitfalls. *British Medical Journal*, **338**, 157–160.

- Thoburn, J. (2010) International perspectives on foster care. In: *How Does Foster Care Work? International Evidence on Outcomes* (eds E. Fernandez & R. Barth), pp. 29–43. Jessica Kingsley Publishers, London & Philadelphia.
- Waaktaar, T., Borge, A.I.H., Christie, H.J. & Torgersen, S. (2005) Youth-parent consistencies on ratings of difficulties and prosocial behavior: exploration of an at-risk sample. *Scandinavian Journal of Psychology*, **46** (2), 179–188.
- Wade, J., Biehal, N., Farrelly, N. & Sinclair, I. (2011) *Caring for Abused and Neglected Children. Making the Right Decisions for Reunification or Long-Term Care*. Jessica Kingsley Publishers, London.
- Weir, K. & Duveen, G. (1981) Further development and validation of the prosocial behaviour questionnaire for use by teachers. *Journal of Child Psychology and Psychiatry*, **22** (4), 357–374.
- Whittaker, J.K. (2010) Foreword. In: *How Does Foster Care Work? International Evidence on Outcomes* (eds E. Fernandez & R. Barth), pp. 15–19. Jessica Kingsley Publishers, London & Philadelphia.

NOTE

1 Multiple imputation (MI) uses all the available data and assumes that the missing data is at least missing at random (MAR). MAR exists when the probability of the missing data on a certain variable Y relies on the measured variables in the model, but not the values of the Y variable itself. Even if MI has shown to perform very well for small samples (as low as $n = 50$ and with as much as 50% missing on the dependent variable; see Graham 2009), small sample sizes heighten the risk of convergence problems and inadmissible solutions which can potentially invalidate the results from the analyses (Sterne *et al.* 2009). We therefore scrutinized the results of the analyses very closely to safeguard against such problems. In addition we ran the analyses by the use of listwise deletion, which produced mainly the same results. The number of imputed data sets was 50 to gain sufficient statistical power. Relevant interaction effects were included when imputing missing data to increase the power of discovering such effects (Graham 2009).

6. Drøfting av hovudfunn

Det overordna siktemålet med avhandlinga har vore å bidra til auka kunnskap om plasserte barns psykiske helse; herunder å utforska førekomst, variasjon, og utvikling av psykiske vanskar. Dei ulike delstudiane har undersøkt og problematisert ulike sider ved barnas liv, som kvar for seg har bidrege til kunnskap om barna sine psykiske vanskar og korleis dei har utvikla seg over tid. I dette kapitlet ønskjer eg å løfta fram enkeltfunn og samanhengar på eit meir overordna nivå, med siktemål om å drøfta og reflektera over korleis avhandlinga kan bidra til auka kunnskap om psykisk helse hos barn plasserte utanfor heimen av barnevernet. Medan spesifikke problemstillingar og funn har vore drøfta og relatert til eksisterande forskning i dei enkelte artiklane, ønskjer eg i denne drøftinga å sjå funna i ein meir teoretisk samanheng, og fokusera på generelle faglege tema meir enn spesifikke funn. Bakanforliggjande spørsmål i drøftinga er 1) kva er kunnskapsbidraget frå dei empiriske studiane? og 2) kvifor er desse bidraga viktige? Aktuelle tema for drøfting har utkrystallisert seg gjennom arbeidet med dei empiriske studiane så vel som fordjuping i eksisterande teori, forskning og barnevernfaglege spørsmål. Stikkord for drøftingstema er; korleis kan vi forstå den høge førekomsten av psykiske vanskar hos plasserte barn, tydinga av direkte versus indirekte risikofaktorar, korleis har dei offentlege omsorgsarrangementa ivareteke barnas psykiske helse, og tydinga av kunnskap om individuelle variasjonar i utvikling. Sist i drøftingskapitlet blir det gjort ei oppsummering av sterke og svake sider ved avhandlinga.

6.1 Ein mangedobla førekomst av psykiske vanskar hos plasserte barn

I tråd med anna forskning frå inn- og utland har avhandlinga stadfesta at også norske plasserte barn har ein mangedobla førekomst av psykiske vanskar sett i forhold til barn flest, adopterte barn og andre utsette barnegrupper som ikkje er plasserte utanfor heimen (sjå artikkel 1). Desse funna er altså som forventa og i tråd med eksisterande kunnskap på feltet. Det er likevel viktig å stoppa opp og reflektera omkring den høge førekomsten av psykiske vanskar, korleis den kan forståast, og ikkje minst retta søkelyset mot forhold som bidreg til at så mange barn har psykiske vanskar når dei blir plasserte utanfor heimen.

Med utgangspunkt i utviklingspsykopatologisk teori kan psykiske vanskar sjåast som eit resultat av utviklingshemmande transaksjonar og samhandling mellom barnet og nære personar i omgjevnadene (Cummings, et al., 2000; Sameroff, 2010; Sroufe & Rutter, 1984). Formulert på ein annan måte har barnet ikkje fått gode nok vekstforhold i forhold til individuelle og generelle utviklingsbehov. Med referanse til resiliensforskninga er det ein særleg risiko for utvikling av patologi dersom barnet har levd under lite tilfredsstillande oppvekstforhold over tid, og/eller at det har opplevd traumatiske livshendingar som det ikkje har fått god nok hjelp til å meistra i forhold til alder og modning (Borge, 2010/2003; Rutter, 1985). Det er også av tyding at barnet kan ha opplevd utilfredsstillande forhold på fleire område samstundes, som gjer at naturlege utviklingsprosessar blir hemma og resulterer i avvikande tanke- og åtferdsmønster. Avhengig av alder og modning vil barnet utvikla strategiar for å møte livsutfordringar på ulike nivå; strategiar som kan synast meiningsfulle i visse situasjonar, men som i generalisert form og over tid kan vera lite føremålstenlege (Cummings, et al., 2000).

For å forstå barna sine psykiske vanskar er det naturleg å venda blikket bakover og sjå kva som kjenneteikna oppveksten deira *før* plassering utanfor heimen; i dei 6-12 åra medan dei hovudsakleg budde i foreldreheimen. Bakgrunnsopplysningar om familieforhold er bl.a. presentert i artikkel 1, der det går fram at familiane var marginaliserte i forhold til foreldres utdanning, familiestruktur og inntektsforhold. Berre eit lite mindretal av barna hadde foreldre med høgskoleutdanning, dei fleste foreldra hadde trygd eller sosialhjelp som viktigaste inntektskjelde og berre ein liten del av barna budde med begge foreldra på plasseringstidspunktet. Dei fleste av barna hadde også opplevd stressande livshendingar og ustabilitet i form av sjukdom i nær familie, flyttingar, endra familiesamansetjingar, skolebytte etc. i dei føregåande åra (artikkel 2). Ei meir detaljrik skildring av familiane sitt liv er gitt av Andenæs (2004), som reiser spørsmålet om «Hvorfor ser vi ikke fattigdommen?» Ho beskriv slitne foreldre som strevar med å få kvardagen til å gå i hop; med usikre inntektsforhold, usikre og dårlege buforhold, manglande «hjelpemiddel» som tilgang til bil, helseproblem, lite støtte frå medforeldre, konflikhtar om barn og samliv etc. Frå det kvalitative materialet blir det også gitt eksempel på korleis ein del foreldre ikkje greier å støtta barna ved konflikhtar i skolesamheng eller at dei ikkje greier å setja konsekvente grenser for barna. Andenæs påpeikar at sjølv om fattigdomsproblematikken nok er kjent for saksbehandlarane i

barnevernet, er det den nære mor-barn problematikken og mors manglar i foreldrefunksjonen som kjem i fokus når barnet sin situasjon skal vurderast. Altså, at det kan sjå ut til at koplinga mellom informasjon om familiar sine liv på fattigdomsgrensa og mangelfull omsorg for barna, blir «gløymt».

I avhandlinga fann ein ikkje nokon tydeleg samanheng mellom familiare sin sosioøkonomiske bakgrunn og barna sine psykiske vanskar, bortsett frå at barn av foreldre som mottok trygd eller sosialhjelp hadde mindre vanskar enn barn av foreldre med inntektsgivande arbeid. Manglande samanhengar er derimot ikkje einstyddande med at det ikkje finst samanhengar, men like gjerne ein konsekvens av at analysemetodane eller datagrunnlaget ikkje har vore eigna til å avdekka slike samanhengar. T.d. blir det i forskingslitteraturen framheva at tydinga av enkelte risikofaktorar nokre gonger først kjem til syne i samanheng med andre risikofaktorar (Sameroff, 2010). Ei mogeleg forklaring på manglande funn i dei aktuelle analysane er at utvalet av familiar er relativt homogent; dvs. det er lite varians i kjenneteikna ved familiare. I tillegg er nokre av samhengane berre undersøkte ved hjelp av bivariate metodar, og ikkje gjennom meir kompliserte modellar som inkorporerer viktige interaksjonar og prosessar (artikkel 2). Det er sjølvstøtt også viktig å vera merksam på at det å vera fattig i vid forstand ikkje automatisk går utover barna sin helsetilstand, men at det heller er foreldra si handtering av ein krevjande situasjon, og det direkte samspelet med barna som er avgjerande (Baldwin, et al., 1990). Slik sett verkar det rimeleg at barnevernet ofte fokuserer på samspelet foreldre-barn. Det viktige er derimot at ein i vurdering og forståing av foreldres omsorgsevne også har eit blick for tydinga av ein krevjande livssituasjon.

Eit anna funn som tyder på at barna sine vanskar i stor grad har blitt utvikla før plassering utanfor heimen, er at storparten av barna hadde hatt tiltak frå barnevernet i fleire år før den aktuelle plasseringa (Christiansen, et al., 2010); dei fleste hadde hjelpetiltak i heimen, men ei gruppe hadde også vore plasserte utanfor heimen tidlegare (artikkel 2). Mange av barna hadde også hatt kontakt med PPT og BUP i samband med skoleproblem og ulike tilpassingsproblem. Årsaker til plassering som rusmisbruk hos foreldre, omsorgssvikt, grensesetjingsproblem, utslitne foreldre og åtferdsvanskar hos barna er andre teikn på at barna har levd i ein utilfredsstillande situasjon over tid, som i ulik grad har medverka til utvikling av psykiske vanskar (artikkel 1 og 2). Tydinga av

årsaker til plassering vil bli drøfta i eit seinare punkt, men det er viktig å nemna i denne samanheng for å forstå bakgrunnen for barna sine vanskar.

Eit siste moment i argumentasjonen for at barna sine psykiske vanskar har samanheng med oppvekstsituasjonen før plassering, er at lærarane som rapporterte barna sine vanskar kort tid *etter* plassering, i utgangspunktet var dei som kjente barnet *før* plassering. Det var høgt samsvar mellom lærarane og foreldra sine vurderingar av barna sine vanskar, noko som tyder på at vanskane var tydelege både i heimemiljøet og i skolesamanheng. For nærare drøfting av ulike informantgrupper sine vurderingar viser eg særleg til artikkel 1 og 3. At barna sine vanskar kan ha auka i samband med plasseringa er sjølvstundt rimeleg, men i kor stor grad dette er fanga opp av tidlegare lærarar som ikkje hadde noko med plasseringa å gjera, eller foreldre som barna budde hos tidlegare, er vanskeleg å sei.

Dersom ein “godtek” argumentasjonen for at barna sine psykiske vanskar i stor grad kan ha blitt utvikla i god tid før plassering, og at vanskane meir eller mindre bør ha vore kjente av barnevernet og andre helsetenester gjennom tidlegare kontakt, er det rimeleg å konkludera med at barna og/eller familiane ikkje har fått god nok hjelp verken frå barnevernet eller frå pedagogisk psykologiske hjelpetenester eller frå det psykiske helsevernet for barn og unge. Dette reiser vidare spørsmål om kva hjelp som er rimeleg å venta, eller kva tiltak som hjelper. Det viktigaste kunnskapsbidraget når det gjeld den høge førekomsten av psykiske vanskar er påminninga om at barna høgst sannsynleg har utvikla psykiske vanskar før plassering, og at dette bør ha konsekvensar for dei ulike hjelpetenestene for barn og unge.

6.2 Tydinga av direkte versus indirekte risikofaktorar

Som nemnt i førre avsnitt er det ikkje alle risikofaktorar som har ein direkte samanheng med barna sine psykiske vanskar. For å forstå utviklingsprosessar blir det i resiliensteorien gjort eit skilje mellom såkalla direkte og indirekte risikofaktorar (og beskyttande faktorar) etter korleis dei verkar på barnet (Baldwin, et al., 1990). Faktorar som har ein direkte påverknad av barnet kan vera organiske forhold (t.d. fødselsskadar, neurologiske skadar, manglande ernæring, genar), intrapersonlege forhold (t.d. intelligens, oppfatningar av seg sjølv og andre, meistringsstrategiar) eller interpersonlege forhold (t.d. samspel mellom barnet og andre viktige personar i og

utanfor familien, foreldrestil, omsorgskvalitetar). Faktorar som indirekte kan ramma eller beskytta barnet er relatert til meir objektive kjenneteikn ved foreldre/familie og/eller oppvekstmiljø/ storsamfunnet. T.d. kan familiestruktur, foreldres utdanning, helse, økonomi, livsstil etc. ha positive eller negative verknader på barnet avhengig av korleis slike forhold verkar inn på foreldra si fungering, og dernest på samspelet mellom foreldre og barn, og korleis barnet sjølv opplever situasjonen.

Det er slik sett ikkje nødvendigvis fattigdom eller rusproblem i seg sjølv som skaper problem for barnet, men samhandlinga mellom foreldre og barn, korleis situasjonen blir opplevd og handtert av barnet og i kva grad barnet har støtte i nettverket (Cummings & Davies, 1995). Ved denne type indirekte påverknad seier ein at verknaden av dei ytre forholda blir *mediert* gjennom (går via) foreldra si fungering overfor barnet. I den grad indirekte faktorar har ulik verknad på psykisk helse hos gutar og jenter, eller på barn i familiar med høg eller låg inntekt, er det tale om at kjønn eller familieinntekt *modererer* (spesifiserer) effekten av den undersøkte samanhengen (Baron & Kenny, 1986; Bennett, 2000).

I avhandlinga har vi undersøkt tydinga av direkte og indirekte risikofaktorar for psykiske vanskar, definert som medverkande årsaker til plassering. I artikkel 1 er risikofaktorane slått saman til risikoindeksar for foreldreproblem (psykiske vanskar, rusproblem, konflikthar/vald, avvikande åtferd), samhandlingsproblem (grensesetjingsproblem, konflikthar foreldre-barn, foreldre slitne) og omsorgssvikt/mishandling (fysisk/psykisk), medan i artikkel 2 har vi undersøkt tydinga av dei oftast førekomande enkeltårsakene til plassering, som var rusproblem hos foreldre, omsorgssvikt, disiplinproblem og åtferdsvanskar hos barnet. Dei indirekte risikofaktorane i studiane var altså ulike typar foreldreproblem, medan direkte risikofaktorar var knytt til samspel foreldre-barn, omsorgssvikt og forhold ved barnet (åtferdsvanskar). Eit hovudfunn i begge artiklane var at barn plasserte pga. foreldreproblem/rusproblem hadde lågare vanskar enn barn plasserte pga. samhandlingsproblem/ disiplinproblem, medan tydinga av omsorgssvikt/mishandling var meir uklar. Det var også ein samheng mellom barna sine åtferdsvanskar som årsak til plassering og graden av psykiske vanskar (artikkel 2). I teoretisk forstand vart det altså konstatert at barn som var utsett for direkte risikofaktorar, hadde større psykiske vanskar enn barn som var utsett for meir indirekte risikofaktorar.

At direkte risikofaktorar som samhandlingsproblem og åtferdsvanskar hadde samanheng med høgare psykiske vanskar hos barna, verkar rimeleg, og i tråd med anna forskning om plasserte barn (Egelund & Hestbæk, 2007). Samhandlingsproblem involverer barna direkte, både ved at foreldra hadde grensesetjingsproblem og at det var konflikhtar mellom foreldre og barn. Årsaker til samhandlingsproblem kan på den eine sida ha samanheng med indirekte risikofaktorar knytt til foreldra sine egne problem eller familien sin totale livssituasjon, men på den andre sida kan det også ha samanheng med direkte risikofaktorar som barna sine åtferdsvanskar eller andre funksjonsforstyringar (Dishion & Patterson, 2006). Egelund et al. (2007) drøftar om samhandlingsproblem kan forståast som årsak til eller verknad av barna sine psykiske vanskar. I ei transaksjonell forståing av utviklingsprosessar (Cummings, et al., 2000; Sroufe, 1997) er det truleg begge delar.

At indirekte risikofaktorar hadde samanheng med lågare psykiske vanskar hos barna kan også verka rimeleg, i den grad ein føreset at foreldra sine problem ikkje var ein trussel for barna si utvikling. Dersom foreldra trass i egne problem har greidd å ivareta barna gjennom eit tilfredsstillande samspel, eller at barna har andre støttepersonar i nærmiljøet, eller at barnet sjølv viser meistring gjennom positiv sjølvoppfatning og prososial åtferd, kan verknadene av dei indirekte risikofaktorane bli reduserte. I teoretisk tyding vil altså verknadene av indirekte risikofaktorar bli mediert gjennom dei direkte transaksjonsprosessane mellom barnet og omgjevnadene, og i den grad utviklinga ikkje blir skadelidande, er det tale om beskyttande faktorar som kan ha hatt ein «buffereffekt» (Borge, 2010/2003; Rutter, 1985).

For å forklara at foreldreproblem hadde samanheng med lågare psykiske vanskar hos barna, vart det i artikkel 1 føreslege at det kan vera at barn i familiar som slit blir nøydd å utvikla positive meistringsstrategiar for å letta kvardagen for seg sjølv og familien, eller at dei ikkje nødvendigvis opplever at foreldreproblema har noko med dei personleg å gjera. Medan den siste tolkinga kan relaterast til tydinga av barns opplevingar/oppfatningar av røyndomen (Cummings & Davies, 1995), kan den første tolkinga relaterast til det teoretiske omgrepet «parentifisering», eit uttrykk som ofte blir brukt om barns fungering som «små vaksne» i familiar der foreldre har rusproblem og/eller psykiske vanskar (Haugland, 2003). Parentifisering viser til at yngre barn utfører oppgåver som vanlegvis er del av foreldra sitt ansvar; t.d. matlaging, husstell,

pass av yngre barn og liknande. Barn kan også ha oppgåver som «samtalepartner» for foreldra i forhold til deira personlege problem, som kan setja barna i ein vaksenrolle dei ikkje har føresetnader for å meistra. I ein forskingsgjennomgang viser Haugland (2003) til at parentifisering ikkje nødvendigvis er teikn på ein patologisk utviklingsprosess, men at det også kan vera uttrykk for ein sunn prosess som fremjar resiliens. Det avgjerande synest å vera i kva grad barnet blir verdsett for innsatsen det gjer, gjerne i samband med praktiske gjeremål i heimen eller i forhold til yngre søsken, eller om innsatsen i større grad krev at barna må fungera som empatiske støttepersonar for foreldra, utan å få tilsvarende støtte tilbake. Werner & Smith (Werner, 1993; Werner & Smith, 1992) framhevar også det å bli verdsett for utførte gjeremål og innsats som ein viktig beskyttande faktor som fremjar resiliensprosessar.

I den andre delstudien (artikkel 2) utforska vi om det var spesielle beskyttande faktorar som kunne forklara at barn plasserte pga. foreldres rusmisbruk, hadde mindre psykiske vanskar enn barn plasserte av andre årsaker. Sosial støtte i nettverket skilte ikkje mellom barna i dei to gruppene, og var dermed ikkje ein aktuell forklaringsvariabel. Prososial åtferd hos barna viste seg derimot å forklara store delar av skilnaden i psykiske vanskar, for alle typar vanskar målt ved Rutterskalaen. Prososial åtferd inneber bl.a. at barna er omgjengelege, hjelpsame, har innleving i andre sin situasjon, er lydige etc., eigenskapar som er lett å verdsetja både for andre barn og for vaksne. For barna med høg prososial skåre er det grunn til å tru at åtferda deira har blitt lagt merke til og evt. verdsett av lærarane som vurderte barna sine vanskar i denne studien, noko som kan ha sett i gong beskyttande mekanismar og resiliensprosessar (sjå drøfting i artikkel 2). Også i samvær med andre barn blir prososial åtferd verdsett, noko som igjen kan skapa nære vennsksbandsband, som kan gi positive ringverknader for barns psykiske helse og utvikling (Collishaw, et al., 2007; Sørli, et al., 2008). På den andre sida er det forskning som har funne at prososial åtferd også kan predikera psykiske vanskar over tid (Perren, et al., 2007). Dette kan ha samanheng med at enkelte barn med stor innleving for andre, kan oppleve emosjonelle belastningar, fordi engasjementet deira kan setja deira egne behov i bakgrunnen.

Av relevans for forståinga av barns åtferd er også ein diskusjon i fagmiljøet om forholdet mellom prososial og antisosial åtferd (Ogden, 2010). Medan enkelte hevdar at dei to typene åtferd representerer kvar sine ytterpunkt på ein felles dimensjon, hevdar

andre at dette berre delvis er tilfelle, og at i den grad korrelasjonen mellom dei to åtferdstypane ikkje er fullstendig (i motsett retning), kan det argumenterast for at dette også er ulike åtferdsformer som kan vera tilstades hos same person (Hawley, 2003; Hay & Pawlby, 2003). Eksempel på dette er at nokre barn blir oppfatta som både antisosiale og prososiale, avhengig av kva samanhengar det dreiar seg om. I analysane som forklarte skilnaden i psykiske vanskar mellom barn plasserte pga. foreldres rusproblem og barn plasserte av andre årsaker, var både åtferdsvanskar som årsak til plassering og barnets prososiale åtferd sjølvstendige forklaringsvariablar (artikkel 2). Dette tyder på at medan barnet sine åtferdsvanskar er ein viktig risikofaktor for psykiske vanskar, så er barnets prososiale åtferd ein viktig beskyttande faktor (Hastings, et al., 2000; Kokko, et al., 2006; Pulkkinen & Trembely, 1992). Formulert på ein annan måte kan barnet sine åtferdsformer sjåast som uttrykk for ulike meistrings- eller handlingsstrategiar, som igjen er eit produkt av ulike transaksjonsprosessar og barnet si oppfatning av seg sjølv og andre.

Ved å fokusera på tydinga av direkte og indirekte risikofaktorar for psykiske vanskar har eg prøvd å visa at ulike faktorar kan setja i gong ulike prosessar, og at det er i det komplekse samspelet mellom barnet og omgjevnadene på ulike nivå at barnets psykiske helse blir forma og omforma. Dei empiriske undersøkingane i avhandlinga har illustrert korleis både direkte og indirekte risikofaktorar må forståast gjennom «barnets briller» som aktør i møte med omgjevnadene, og dei har vist at tydinga av risikofaktorar kan blir redusert gjennom nærværet av beskyttande faktorar.

6.3 Korleis har offentlege omsorgsarrangement ivareteke barnas psykiske helse?

Ei viktig målsetjing med plassering utanfor heimen er å gi barna trygge og stabile oppvekstvilkår der dei kan utvikla seg i takt med alder og modning, samt sine særlege føresetnader og behov (Bvl. §1-1, § 4-4.5, § 4-12, § 4-15). Offentlege omsorgsarrangement er basert på faglege prinsipp som har «barnets beste» for auga, og anten det gjeld ulike typar fosterheimar eller institusjonstiltak er ivaretaking av barnets utviklingsbehov i sentrum for tiltaka (NOU 2012: 5). Ei erkjenning av at barn som er plasserte utanfor heimen ofte har andre og meir krevjande utviklingsbehov enn barn flest, er gjenspegla i stadig oftare bruk av såkalla «forsterka fosterheimar» (SSB, 2012a) og framveksten av spesialinstitusjonar og metodar retta mot t.d. barn med særlege

åtferdsvanskar (sjå t.d. <http://www.forebygging.no/>). På bakgrunn av ein vel fundert offentleg plasseringspraksis er det rimeleg å venta at flytting av barna frå ustabile og omsorgssviktande heimemiljø til individuelt utplukka og «matcha» omsorgsarrangement i offentleg regi, vil ha ein positiv innverknad på barna si utvikling og helse. At meir enn halvparten av barna framleis hadde psykiske vanskar etter mange år i offentlege omsorgstiltak gjer det relevant å stilla spørsmål ved om dei offentlege omsorgsarrangementa har hatt den ønska effekten, og viss ikkje, kva dette skuldast.

Det empiriske grunnlaget for å drøfta mogelege kvalitetar ved plasseringsforløpet er i den aktuelle delstudien (artikkel 3) avgrensa til informasjon om kor mange gongar barna har flytta mellom ulike offentlege omsorgstiltak etter den første plasseringa. Dette kan vera eit noko spinkelt kriterium for å vurdere effekten av plasseringane i vidare forstand, men talet på flyttingar er samstundes eit sentralt og mykje brukt mål på vurdering av stabilitet og kvalitet i offentlege omsorgsarrangement (Barth, 1999; Kelly & Gilligan, 2000). Informasjon om talet på flyttingar i den aktuelle studien hadde utgangspunkt i ei systematisering av plasseringsforløpa til dei same barna, gjort i ein annan delstudie i hovudprosjektet (Christiansen, et al., 2010). Ifølgje Christiansen si undersøking hadde barna i gjennomsnitt flytta 2,5 gonger i løpet av plasseringsforløpet; tre fjerdedelar av barna hadde flytta 0-3 gonger, medan ein fjerdedel hadde flytta meir enn 4 gonger. Av dei sistnemnde hadde enkelte flytta inntil 11 gonger. Når det gjeld årsaker til flyttingar blir dette m.a. relatert til om flyttinga var planlagt eller ikkje, og om flyttinga skuldast at plasseringstiltaket var dårleg eigna for å ivareta barnet sine behov. Såkalla planlagde flyttingar er ganske vanleg i det norske tiltakssystemet, der særleg akutt plasseringar ofte skjer i beredskapsheimar eller korttidsinstitusjonar med føremål å avklara den vidare omsorgssituasjonen for barnet. Slike planlagde mellomplasseringar er også flyttingar for barnet, men det har vore ein planlagd veg til eit godt langvarig tiltak for dei som treng det. Årsaker til ikkje planlagde flyttingar er også samansette, ikkje minst fordi det kan vera ulike syn på kva ei ikkje planlagd flytting er, og kva innstilling barnet sjølv har til flyttinga.

Eit anna moment i drøftinga av stabile versus ustabile plasseringar er spørsmålet om *når* i plasseringsforløpet flyttingane skjer. T.d. blir det hevda at flyttingar i starten av eit plasseringsforløp som endar med ei stabil plassering, ikkje er så belastande som flyttingar fordelt gjennom heile plasseringsforløpet (Sinclair, Baker, Wilson, & Gibbs,

2005). Basert på ein slik tankegang fann Christiansen at nesten tre fjerdedelar av barna hadde budd i same plasseringstiltaket i dei siste 4 åra, noko som kunne karakteriserast som oppnådd stabilitet. Ein konklusjon i Christiansen sin studie er at barna i utvalet vårt hadde forholdsvis stabile plasseringsforløp, både målt ved talet på flyttingar og ved tal for «oppnådd stabilitet».

I den aktuelle delstudien undersøkte vi om det var ein samanheng mellom talet på flyttingar og endringar i barna sine psykiske vanskar frå plasseringstidspunktet og fram til oppfølgingstidspunktet. Funna var negative, i den forstand av vi ikkje fann nokon lineær samanheng mellom eit høgare tal flyttingar og auka psykiske vanskar hos barna. Basert på dei ovannemnde funna omkring årsaker til flytting og tidspunkta for flytting, kan den manglande samanhengen verka rimeleg, men det er ikkje einstyddande med at flyttingane ikkje har hatt innverknad på det enkelte barns psykiske helse. Som Christiansen hevdar, er det nødvendig å kartleggja situasjonen omkring den enkelte flyttinga for å få eit tilfredsstillande bilete av korleis dette har vore for barnet. Kopling av funn frå dei to uavhengige delstudiane om dei same barna er eit godt eksempel på nytten av å inkludera både kvantitativ og kvalitativ informasjon for å undersøka og forstå kva tyding stabile eller ustabile plasseringsforløp kan ha for barnas psykiske helse. I forhold til det innleiande spørsmålet om barna sine vedvarande psykiske vanskar på oppfølgingstidspunktet kan skuldast graden av ustabilitet i plasseringsforløpet, har vi ikkje funne haldepunkt for dette, men talet på flyttingar kan vera ein for enkel indikator for å avdekka kompliserte samanhengar.

Ein annan måte å forstå at barna framleis har høge vanskar 7-8 år etter plasseringa, er relatert til barna sine vanskar på plasseringstidspunktet. Frå forskning, særleg om åtferdsvanskar (Moffitt & Caspi, 2001), er det kjent at barn som utviklar vanskar i forholdsvis tidleg alder (før puberteten) ofte vil fortsetja å ha vanskar framover i ungdomstid og i vaksenaldar, medan barn som først utviklar vanskar i tenåra, oftare «veks dei av seg» etter kortare tid. Vi er kjent med at svært mange av barna i avhandlinga hadde psykiske vanskar allereie på plasseringstidspunktet både målt ved Rutterskalaen og i form av åtferdsvanskar som medverkande årsak til plassering (artikkel 1 og 2). Det er derfor ikkje urimeleg å tenkja at mange av barna har utvikla vanskane på eit tidleg tidspunkt i livet, og at for mange vil psykiske vanskar i ei eller anna form følgja dei framover. Funn frå den tredje delstudien som viste at den einaste

forklaringsvariabelen for endringar i barna sine psykiske vanskar over tid, var barna sine vanskar på plasseringstidspunktet, støttar ei slik forståing. På denne bakgrunn er det kanskje urimeleg å venta at plassering utanfor heimen kan redusera vanskane i særleg grad, og det er heller relevant å stilla spørsmål om kva som er realistiske målsetjingar for å hjelpa barna med å leva eit best mogeleg liv med vanskane sine (Forrester, et al., 2009).

Ein delkonklusjon frå den tredje delstudien var at barna trass i høge psykiske vanskar som gruppe, også viste positiv utvikling over tid. T.d. viste lærarrapportane at langt færre av barna hadde vanskar på eit klinisk nivå på oppfølgingstidspunktet, og målt ved individuelle endringsskårar hadde mellom 80 % (lærarrapport) og 50 % (omsorgsrapport) av barna lågare vanskeskårar enn då dei blei plasserte. Dette tyder særleg på at barna over tid fungerte betre på skolen, men også på at mange av barna fungerte betre i «heimen». Ei slik forståing stemmer godt overeins med inntrykka frå intervju med omsorgspersonane (upubliserte analysar), som for mange av barna ga uttrykk for at dei var betre no enn for eit par år sidan, men dei sleit framleis på enkelte område. Funn frå andre delstudiar i hovudprosjektet støttar ei slik forståing. T.d. fann Christiansen (2011) at dei fleste langtidsplasserte fosterbarna trivest i fosterheimane sine, sjølv om dei kjente seg dregne mellom foreldra og fosterforeldra. Pilodden (2008) fann at dei fleste av barna (utval av ungdommar) hadde positive og «vanlege» tankar om og planar for framtida. Analysar av korleis barna sjølve vurderte sin psykiske helsetilstand på oppfølgingstidspunktet (jfr kap. 3.7) viste at berre eit mindretal rapporterte psykiske vanskar, noko som er eit langt meir positivt bilete enn rapportane frå dei vaksne. Liknande funn er også gjort i andre og større forskingsprosjekt (Egelund, et al., 2008). Dei ovannemnde funna som tyder på at mange av barna hadde mindre omfattande vanskar enn før, at dei fungerte betre i skolesamanheng, at dei trivest bra i omsorgstiltaka, og at dei sjølve ikkje opplevde å ha psykiske vanskar i særleg grad, kan tyda på at barna har hatt god oppfølging i dei offentlege omsorgsarrangementa, og at desse har greidd å hjelpa barna til eit betre liv.

På den andre sida kan det sjølvsagt vera at ein del av barna hadde utvikla seg i positiv retning utan å bli plassert utanfor heimen. For å få nærare svar på effekten av offentlege omsorgstiltak for barns psykiske helse, trengst det forskingsstudiar av eit anna format enn den føreliggjande. Ikkje minst trengst det forskingsopplegg som gjer

det mogleg å samanlikna utvikling hos plasserte barn med ikkje plasserte barn med likast mogleg bakgrunn. Men det trengst også ei nærare avklaring av korleis ein kan måla ulike kvalitetar ved omsorgstiltaka, og kva som er realistiske målsetjingar for endring hos barn med store psykiske vanskar. I tillegg er det sjølvsagt eit spørsmål om korleis ein måler psykiske vanskar på den eine sida og trivsel på den andre, og ikkje minst korleis barnet sjølv oppfattar situasjonen.

6.4 Individuelle variasjonar i utvikling

Oppfølgingsstudiar av plasserte barns psykiske helse har til no i liten grad undersøkt variasjonar i individuell utvikling, men heller rapportert funn på gruppenivå. Som påpeika i artikkel 3, kan analysar på gruppenivå dekkja over viktige individuelle endringar, som kan føra til ei mistolking av at plasserte barn som gruppe utviklar seg i den eine eller andre retninga. Ved hjelp av individuelle endringsskårar har den tredje delstudien vist at barna si utvikling var prega av variasjon i vanskenivå og variasjon i endring, meir enn felles utviklingsliner. Desse funna er i tråd med utviklingspsykopatologisk kunnskap, som rettar eit særleg fokus mot variasjon og endring i utvikling for så vel grupper som enkeltindivid (Sroufe & Rutter, 1984).

Teoretiske prinsipp som ekvifinalitet og multifinalitet viser til at sjølv om barns utviklingsmessige utgangspunkt er likt, så er ikkje dette einstyddande med at utviklinga fører til det same utfallet. På den andre sida kan barn med ulike utgangspunkt ha ei utvikling som gjer at dei over tid får eit meir likt utfall (Cicchetti & Rogosch, 1996). Desse prinsippa byggjer på ei overordna forståing av utvikling som eit pågåande samspel mellom ein aktiv organisme i endring, innanfor ein dynamisk kontekst (handling-i-kontekst) (Cummings, et al., 2000). Basert på kunnskap om at kvart barn gjer seg opp sine egne forklaringsmåtar for åtferd og hendingar (attribusjon), samt at dei har ulike tilpassingshistoriar og erfaringar knytt til fortid og notid, kan ein dermed hevda at eit kvart barns utvikling til ein viss grad er unik (Cummings, et al., 2000). Eit hovudfunn i den tredje delstudien var at barna som hadde dei høgaste vanskane på plasseringstidspunktet hadde den mest positive utviklinga, medan barna med lågare vanskar hadde ei mindre positiv utvikling. Dette illustrerer at det ikkje er sjølvsagt at barn som i utgangspunktet har den beste psykiske helsa vil utvikla seg i positiv retning, eller at barn med dårlegare psykiske helse vil utvikla seg i negativ retning. Formulert på

ein annan måte er ikkje utviklingspotensialet til ein person førehandsdeterminert, men det inneheld ei rekke moglegheiter avhengig av dei pågåande transaksjonane mellom menneske og miljø.

I tråd med hovudfunna, viste meir detaljerte analysar at forhold som hadde samanheng med ei meir positiv utvikling var det å vera gut, det å vera plassert pga. åtferdsvanskar, at plasseringa frå starten av var frivillig og at barna si første plassering var på institusjon. Forhold som hadde samanheng med ei mindre positiv utvikling var det å vera jente, det å vera plassert pga. foreldres rusproblem, at plasseringa frå starten av var ufrivillig, at den første plasseringa var i fosterheim og at barna på plasseringstidspunktet hadde høgare prososial åtferd. Ingen av dei nemnde samanhengane frå den tredje delstudien var sterke nok til å forklaringa endringane i barna sine psykiske vanskar når ein hadde kontrollert for psykiske vanskar på plasseringstidspunktet, men funna er likevel eigna til å illustrera variasjonar i utvikling knytt til ulike forhold som kjenneteikn ved barnet, foreldra eller barnevernsaka.

Ulike måtar å tolka funna på har vore drøfta i artikkel 3, men bortsett frå at barna sine vanskar på plasseringstidspunktet var den einaste signifikante forklaringa på endringane i psykiske vanskar over tid, har ein ikkje klare haldepunkt for å forstå kvifor nokre barn utvikla seg meir positivt enn andre barn. Både Masten et al. (2006) og Sameroff (2010) påpeikar behovet for å vektleggja meir integrerte og komplekse modellar for å forstå utvikling og resiliens, og dei framhevar særleg nytten av å integrera biologisk kunnskap. I denne samanheng er det interessant å trekkja fram funn frå nyare genforskning, som har vist at nokre barn frå fødselen av er ekstra sensitive både for negativ og positiv påverknad (Aron & Aron, 1997; Belskey, 2005, 2012; Ellis & Boyce, 2008). Desse barna, «orkidebarn», er ikkje berre ekstra sensitive for utvikling av psykiske vanskar, men har også eigenskapar for å gjera seg ekstra god nytte av eit stimulerande oppvekstmiljø. Belskey (2012) påpeikar at tidlegare forskning har vore fokusert på at nokre barn er ekstra sårbare, medan ein har oversett at dei same barna også har større moglegheiter enn andre barn for å utvikla seg i ei positiv retning. Sjølv om avhandlinga ikkje har informasjon om dei plasserte barna sine genar, kan eit slikt perspektiv vera relevant for å forstå den positive utviklinga til barna med det dårlegaste utgangspunktet, som har flytta frå omsorgssvikt i biologiske familiar til utviklingsstøttande omsorg i offentlege familiar. Ei slik forklaring kan også vera aktuell

for å forstå at nokre av barna hadde ei mindre positiv utvikling, fordi dei var mindre sensitive for endring.

Uavhengig av om og korleis ein kan forklara den individuelle variasjonen i utvikling, er dette viktig kunnskap, ikkje minst for offentlege omsorgspersonar som jobbar dagleg for at dei plasserte barna skal utvikla seg i positiv retning. Alle barn har eit utviklingspotensiale, og sjølv mindre endringar kan ha stor tyding i møte med daglege oppgåver og livsutfordringar. Vidare forskning omkring individuelle utviklingstrekk er av stor tyding for å skaffa meir kunnskap til bruk i praksisfeltet. Slik eg ser det vil dette måtta innebera ikkje berre ei integrering av kunnskap frå dei tradisjonelle sosialpsykologiske og medisinske fagområda, men også kunnskap frå biologisk forskning.

6.5 Sterke og svake sider

Som del av det første, landsomfattande longitudinelle forskingsprosjektet om barn plasserte utanfor heimen, representerer dei empiriske studiane i avhandlinga eit viktig bidrag til forskning om psykisk helse hos norske barn plasserte utanfor heimen. Problemstillingane i avhandlinga har behandla spørsmål som i liten grad har blitt dekkja i tidlegare norske undersøkingar, og har bidrege til kunnskap om førekomst, variasjon, og utvikling av psykiske vanskar hos barn plasserte i alderen 6-12 år. Ved å trekkja trådar til teoretiske perspektiv frå utviklingspsykopatologi og resiliensforskning, og ved publisering av funna i engelskspråklege vitenskaplege tidsskrift, har avhandlinga også bidrege til den internasjonale kunnskapsbasen på feltet. Dei ulike delstudiane har nytta seg av eit velkjent, standardisert kartleggingsinstrument for psykiske vanskar som mogleggjer samanlikning med andre studiar, informasjon er henta frå fleire sentrale personar rundt barna, og analysane inkluderer så vel tradisjonelle som nyare metodar for behandling av data. Det bør også framhevast at heile 70 av dei opphavlege 109 barna har blitt følgde opp over ein periode på 7-8 år, frå barndom til ungdom og tidleg vaksen alder, noko som framleis er relativt sjeldan innan det aktuelle forskingsfeltet. Avhandlinga har også retta søkelys mot barn plasserte pga. foreldres rusmisbruk; som representerer ei særleg viktig gruppe av barn som blir plasserte utanfor heimen.

Avgrensingar ved dei empiriske studiane er først og fremst knytt til design, til val av grenseverdiar for psykiske vanskar, til bruk av ulike informantar på ulike

tidspunkt, til «missing data» og i nokon grad til validiteten av enkelte studievariablar. Den viktigaste avgrensinga for å kunna trekkja generelle konklusjonar i forhold til utvikling av psykiske vanskar hos barna er mangelen på kontrollgruppe eller samanlikningsgruppe. Som påpeika i drøftinga er det rimeleg å anta at barn som blir flytta frå omsorgssviktande biologiske familiar til omsorgsgivande offentlege familiar over tid vil få ei positiv utvikling, som kan relaterast til skifte av omsorgspersonar og god omsorg. På den andre sida kan det vera at ein del av barna ville fått ei positiv utvikling sjølv om dei ikkje var blitt plasserte utanfor heimen. Reint statistisk er det ikkje mogeleg å vurdere effekten av offentlig omsorg utan å gjera seg bruk av kontrollgrupper av barn som ikkje blir plasserte utanfor heimen og som har mest mogeleg lik bakgrunnsproblematikk med dei plasserte barna.

Når det gjeld vurdering av førekomen av psykiske vanskar hos dei plasserte barna er ein avhengig av at det brukte kartleggingsinstrumentet er eigna til å fanga opp dei problema ein ønskjer å kartleggja, i tillegg til at grenseverdiane for psykiske vanskar er utprøvde i kliniske samanhengar. Rutterskalaen er eit velprøvd kartleggingsinstrument i forhold til å fanga opp aktuell problematikk, men val av grenseverdier for kliniske vanskar er ikkje testa i dei nordiske landa. Bruk av dei engelske retningslinene inneber dermed ein viss usikkerheit knytt til dei rapporterte funna om førekomen av psykiske vanskar hos norske plasserte barn. Dette understrekar behovet for meir forskning, t.d. med bruk av det nyare kartleggingskjemaet SDQ, som har blitt brukt i fleire nyare og store undersøkingar i Noreg og i Norden (sjå t.d. Heiervang et al., 2007). Ei anna mogeleg avgrensing i forhold til å estimera førekomen av psykiske vanskar for alle plasserte barn i aldersgruppa, er at utvalet er forholdsvis lite. På den andre sida var utvalet representativt i forhold til viktige kjenneteikn ved barna og barnevernsaka. Det kan også vera spørsmål om førekomenstal innhenta frå 1999 (og 2006) framleis er aktuelle. Funna som omhandlar variasjon og samanhengar i psykiske vanskar er derimot meir tidsuavhengige, og har bidrege til å stadfesta eller avkrefta tidlegare forskning på området.

Ei utfordring i longitudinelle studiar av psykiske vanskar hos plasserte barn, er at barna ofte flyttar mellom ulike omsorgsbasar i løpet av undersøkingsperioden. Det er dermed ofte uaktuelt å be dei same personane som kjente barnet på plasseringstidspunktet om å vurdere deira psykiske helse på seinare tidspunkt. Dette har

vore eit viktig drøftingstema i artiklane, som ein ikkje har funne ei fullgod løysing på. På den andre sida er det ein styrke at problemstillingane som gjeld førekomst og utvikling av psykiske vanskar har inkludert informasjon frå både lærarar og omsorgspersonar, noko som har gitt eit breiare grunnlag for å vurdere dei statistiske funna. Ei mogeleg forbetring i framtidige prosjekt ville vera om barna sine psykiske vanskar blei kartlagt på fleire tidspunkt; helst før plassering vart iverksett, kort tid etter plassering og med kortare mellomrom enn 7-8 år, som i den aktuelle studien. Eit slikt opplegg ville også kunna sei noko om evt. svingingar i barna sine vanskar over tid.

Ei anna utfordring knytt til longitudinelle studiar er omfanget av «missing data» over tid. Dette var eit problem i den aktuelle studien, men som vart løyst ved hjelp av nyare statistiske metodar for handtering av manglande data; FIML (full information maximum likelihood) rutinar tilgjengeleg i statistikkprogrammet Amos (artikkel 2), og MI (Multiple Imputation) rutinar tilgjengeleg i statistikkprogrammet SPSS (artikkel 3).

I forhold til enkelte studievariablar som stressande livshendingar og sosial støtte, som var rapportert av barna sine saksbehandlarar, kan ein stilla spørsmål ved om ein ville fått meir valid informasjon dersom foreldra og barna sjølve hadde svara på spørsmåla. Saksbehandlarane fylte også ut bakgrunnsinformasjon om barna og familiane, men denne informasjonen vart korrigert/utfyllt ved informasjon frå foreldra. Når det gjeld informasjon om barnevernsaka må ein gå utifrå at saksbehandlarane er dei som har det beste utgangspunktet for å gi slik informasjon. Det er også ein styrke at saksbehandlarane, etter utfylling av kartleggingsskjema kort tid etter plassering, blei intervjuet av forskingsmedarbeidarar for å fylla ut og oppklara evt. manglande eller uklar informasjon.

7. Mellom psykisk helse og barnevern – avsluttande refleksjonar

Ein hovudkonklusjon i avhandlinga er at førekomsten av psykiske vanskar hos norske barn plasserte utanfor heimen i alderen 6-12 år er høg, og langt høgare enn hos barn flest. Også etter mange år i plasseringstiltak utanfor heimen er førekomsten av psykiske vanskar høg, sjølv om det er forholdsvis store individuelle variasjonar over tid og skilnader mellom ulike informantgrupper sine vurderingar. Trass i ein storstilla opptrappingsplan for psykisk helsevern, som har resultert i at fleire barn har fått psykisk helsehjelp (Helsedirektoratet, 2010), kan det stillast spørsmål om i kva grad plasserte barn har fått del i det utvida tilbodet, og viss ikkje, kva dette skuldast (Fauske et al., 2009).

Blant fagpersonar har det lenge vore etterlyst ei betre kartlegging av psykiske vanskar hos barn i barnevernet, og særleg i samband med plassering av barn utanfor heimen (Backe-Hansen, 2009). Utprøving av ulike kartleggingskjema er i gang, men det synest enno å vera eit stykke att til ein har funne gode modellar for ei meir permanent innføring av slike tiltak. Eit viktig spørsmål i samband med kartlegging av psykiske vanskar er at det finst eit fungerande behandlingsapparat for å gi barna nødvendig hjelp. Etter mange 10-år med spenningar mellom det psykiske helsevernet og barnevernet er det ikkje sjølvstykta kva modellar som vil fungera best for å gi plasserte barn med store psykiske vanskar tilfredsstillande hjelp. Det som synest klart er at dette vil krevja noko både av barnevernet og av det psykiske helsevernet, anten det gjeld fleksible samarbeidsmodellar mellom 1. og 2. linjetenesta eller oppretting av behandlingstilbod for psykisk barnevern (NOU 2009: 22). For at ulike sektorar med ulike lovverk skal kunna få til sektorovergripande satsingar er det i tillegg openbert at det må skje eit målretta samarbeid også på nasjonalt og departementalt plan, som kan gi føringar for det lokale samarbeidet. At samarbeid er «lovpålagt» er ikkje i seg sjølv nok, dersom dette ikkje er følgt av ressursar til utprøving, implementering og evaluering. Frå barnevernssynspunkt kan det vera lett å tenkja at det psykiske helsevernet må prioritera barnevernsbarn. Frå psykisk helsevernssynspunkt er dette kanskje ikkje like opplagt, bl.a. fordi denne sektoren har ansvar for alle barn med behov for psykisk helsehjelp, og ikkje berre for barn plasserte utanfor heimen. Ei løysing kan vera at barnevernet også på eige initiativ aukar innsatsen for å betra plasserte barns

